



Årsmelding 2022

3. tertialrapport

Bjørnafjorden kommune

Innhold

Kommunedirektøren si innleiing	7
Økonomi	10
Innleiing	10
Økonomisk stilling	10
Driftsrekneskapen	13
Finans	17
Disponering av netto driftsresultat	20
Avvik mellom budsjett og rekneskap	21
Investeringsrekneskapen	23
Balansen	24
Økonomistyring	30
Personal og organisasjon	32
Medarbeidar	32
HMS	37
Etikk	40
Sjukefråvær	41
Oppfølging av klima	43
Arbeid med klima og miljø i Bjørnafjorden kommune	43
Fokus på energibesparande tiltak	43
Redusert transport og fokus på vassmiljø	43
Klima som del av kommunale prosjekt	44
Berekraftig utvikling som ein naturleg del av kvardagen	44
Handtering av akutt forureinsing med fare for miljøkonsekvensar	45
Krav til dei som skal etablere seg i Lyseparken	45
Samfunnsikkerheit og beredskap	47
Folkehelse	50
Bjørnafjorden 22	53
Oppfølging politiske tiltak	64
Organisasjonen	66
Politisk organisering og styring	66
Administrativ organisering og styring	66
Plan- og styringssystem	69
Visjon og verdiar	69
Visjon:	69
Misjon:	69

Verdiar:	69
Satsingsområde:	69
Kommunen sine tenesteområde	70
Fellesområde	70
Skildring av tenesta	70
Status økonomi	70
Kommentar til status økonomi	70
Kostra-analyse	70
Status investeringsprosjekt	70
Statustekst investeringar	70
Stab	71
Kommunedirektørens stab	71
Økonomi avdelinga	71
HR avdelinga	71
Utvikling og utfordringar	71
Økonomi avdelinga	71
HR avdelinga	71
Utvalde resultat	72
Økonomi avdelinga	72
Status økonomi	72
Kommentar til status økonomi	72
Rådmannens stab	72
Økonomiavdelinga	72
HR-avdelinga	73
Status målsettingar	73
Kostra-analyse	74
Skildring av tenesta	75
Oppvekst - Fagstab og felles satsingar	75
Skular	75
Familiens hus	76
Barnevern	76
Barn, unge og familiar	76
Førebyggjande helsetenester	77
Barnehagar	77
Utvikling og utfordringar	77

Skular	80
Familiens Hus.....	85
Barnevern	85
Barn, unge og familiar	86
Førebyggjande helsetenester	88
Barnehagar	90
Utvalde resultat	92
Viktige hendingar.....	93
Status økonomi.....	97
Kommentar til status økonomi.....	97
Oppsummering tiltak.....	98
Status målsettingar.....	99
Status måltabell	100
Kostra-analyse	103
Status investeringsprosjekt	103
Status tekst investeringar.....	104
Helse og velferd	105
Skildring av tenesta	105
Helse og velferd er ved utgangen av 2022 organisert med desse einingane:	105
Fagstab og felles satsingar.....	105
Bemanningssentralen	105
Avdeling Forvaltning og Koordinering og Bustadkontor	105
Legevakt og legetenester	106
Helsefremming og rehabilitering.....	106
NAV	106
Psykisk helse og rus	106
Pleie og omsorg: Heimetenester Os, LBBS, FBBS og heimetenester	107
Tilrettelagte tenester.....	108
Utvikling og utfordringar	108
Innleiing	108
Fagstab og felles satsingar.....	112
Avdeling Forvaltning og Koordinering og Bustadkontor	112
Legevakt og legetenester	113
Helsefremming og rehabilitering.....	114
NAV	114

Psykisk helse og rus	114
Pleie og omsorg	115
Tilrettelagte tenester.....	115
Utvalde resultat	116
Avdeling Forvaltning og Koordinering og Bustadkontor	116
Legevakt og legetenester	116
Helsefremming og rehabilitering.....	116
NAV	117
Psykisk helse og rus	119
Pleie og omsorg	120
Tilrettelagte tenester.....	120
Viktige hendingar.....	120
Innleiing: Tilsyn og brukarundersøkingar i Helse og velferd i 2022	120
Avdeling Forvaltning og Koordinering og Bustadkontor	122
Legevakt og legetenester	122
Helsefremming og rehabilitering.....	122
NAV	122
Psykisk helse og rus	123
Pleie og omsorg	123
Tilrettelagte tenester.....	123
Status økonomi.....	124
Kommentar til status økonomi.....	124
Oppsummering.....	124
Avdeling Forvaltning og Koordinering	124
Legevakt og legetenester	124
Helsefremming og rehabilitering.....	124
NAV	125
Psykisk helse og rus	125
Pleie og omsorg	125
Tilrettelagte tenester.....	125
Status målsettingar.....	125
Status måltabell	126
Kostra-analyse	128
Status investeringsprosjekt	129
Statusetekst investeringar.....	129

Samfunnsutvikling	130
Skildring av tenesta	130
Landbruk og skogbruk	130
Plan, byggesak, kart/oppmåling	130
Prosjektavdelinga	130
Kultureininga	131
Brann og redningstenesta	131
Eigedom - drift	132
Samferdsel	132
Vatn og Avlaup (VA).....	132
Klima, energi og miljø	132
Innbyggarservice.....	133
Utvikling og utfordringar	133
Utvalde resultat	139
Plan	139
Byggjesak	139
Kart og Oppmåling.....	139
Kultureininga	140
Brann	140
Eigedom Drift.....	140
Vatn	141
Avlaup	141
Miljø og klima	141
Innbyggarservice.....	142
Landbruk	142
Brann og redning	142
Viktige hendingar.....	144
Status økonomi.....	145
Status målsettingar.....	145
Status måltabell.....	148
Kostra-analyse	149
Status investeringsprosjekt	150
Statustekst investeringar	150

Kommunedirektøren si innleiing

2022 har vore eit omskiftande år. Krigen i Ukraina og kononapandemien har satt sitt preg på året. Samstundes har det vore eit år fylt med mange positive hendingar for Bjørnafjorden kommune. Den 31. oktober var ein gledens dag då den nye vegen til Bergen endeleg opna etter fleire ti-års venting. Likeeins var 15. desember ein merkedag då kontrakten for bygginga av ny tømmerkai på Samnøy blei signert og arbeidet med å realisere den tok til. Begge desse hendingane er med på å løfta Bjørnafjorden kommune opp og fram som ei framtidsretta kommune å drive næringsetablering i. Eg gler meg til å sjå dei første resultatane allereie i løpet av 2023.

Men det er ikkje å kome unna at 2022 blei eit år i motbakke, og vi er ikkje på toppen av bakken enno. Vi gjer opp rekneskapen for 2022 med eit negativt netto driftsresultat på vel 84,3 millionar kroner. Det er alvorleg og kjem trass alle innsparingstiltaka som har blitt iverksatt gjennom Bjørnafjorden 22 og fokuset det har fått i prosjekt økonomisk handlefridom. Vi har rett og slett ikkje klart å ta ned drifta nok. Difor er eg glad for at vi fekk tilslutning til å lyse ut etter ekstern bistand for å få hjelp til å sjå kor vi har ytterlegare innsparingspotensiale.

Den første rapporten for helse- og velferdsområdet kom frå konsulentane i PWC rett før jul og peika på eit innsparingspotensiale på nær 100 millionar kroner, men skal vi kome opp mot dei summene som er skissert, så hastar det med å kome i gang. Rapportane for dei andre sektorane blei klare først på nyåret. Det er ikkje tvil om at omstillinga og nedtrekket i driftskostnadane blir det store fokusområdet i 2023. Meir om det i første tertialrapport.

Så, korleis kan det ha seg at vi har hamna her?

I 2022 gjekk driftsinntektene ned med 75 millionar kroner samanlikna med året før. Samstundes gjekk driftutgiftene opp med 151 millionar kroner samanlikna med 2021. Det seier seg sjølv at det då er vanskeleg å kome ut i balanse, men det er inga unnskyldning. Vi må klare å få dei varige driftsutgiftene ned på same nivå som dei varige driftsinntektene. Sparegrisen (fonda våre) vil etter kvart gå tom. Og med det tempoet vi holdt i 2022 vil den bli tom fortare enn vi har budsjettet med i økonomiplanperioden. Det at regjeringa Solberg kutta SIO eitt år før tida, og at Støre-regjeringa ikkje kom med overgangsordningar, er nok også ein medverkande årsak til at vi ikkje har klart å ta ned tempoet tilstrekkeleg. Vi fekk, i helse og velferd, rett og slett for lita tid til å førebu oss på nedtrekka som måtte komme etter SIO.

Det er nemleg ikkje tvil om at vi går ut av 2022 med eit for høgt tempo når det gjeld kostnader. Vi trudde at ekstrakostnader knytt til koronapandemien skulle avta utover hausten, men det har dei ikkje. På same måte hadde vi venta at effekten av Bjørnafjorden 22-tiltaka skulle slå sterkare inn, men det har dei heller ikkje. Difor er tempoet framleis for høgt og det kan vi ikkje leve med. Då styrer vi skuta rett på grunn (ROBEK). Vi må arbeide hardt, i heile organisasjonen, for å få skuta inn i smulare farvatn og ikkje på skjæret.

Dette kjem til å vere hovudoppdraget til heile kommunen i året som kjem.

Eg har allereie nemnd dei to største hendingane i 2022 – opninga av vegen og kontraktsignering for tømmerkaia på Samnøy. Dette er berre to av ei rekkje hendingar som er positive for næringslivet i Bjørnafjorden. Same dag som nyevegen opna, opna samferdselsministeren Post Nord sin nye distribusjonssentral for Bergensområdet i Lyseparken Vest. Ei opning kor Post Nord takka Bjørnafjorden kommune for [«enorm fleksibilitet»](#).

Allereie i fjor vår kunne vi sjå teikn til at eigedomsaktørar posisjonerte seg for å vere førebudd på den nye kvardagen med kort veg til Flesland, Lagunen og Bergen sentrum. I februar signerte ordføraren ei

opsjonsavtale med Krohnås Prosjekt AS og LAB Eigedom AS om kjøp og utvikling av «Hotelltomta» vegg i vegg med Oseana. Berre nokre veker seinare kjøpte Backer Bolig AS dei kommunale eigedommane i Greidalen for å utvikle området med bustader. I tillegg til dette signerte vi i oktober ei opsjonsavtale med Norwegian Outlet om sal av tomt rett nord for Rema 1000 langs Byvegen. Dette er eit sær spennande prosjekt kor dei ønskjer å etablere eit 11.000 kvadratmeter stort merkevaresente, eit senter som vil sette Osøyro på kartet som ein destinasjon på Vestlandet. Dette er ein moglegheit det eksisterande næringslivet på og rundt Osøyro må utnytte.

Alle desse tre «signeringane» viser at investeringsviljen i, og interessen for, Bjørnafjorden og Osøyro er stor. Når vi i tillegg veit at dørene i brakka til BUS AS i Lyseparken nærmest sagt blir «løpt ned» av interessenter som vil etablere seg, så er det all grunn til å vere optimist for framtida.

For å lykkast med nyetableringane og å trekke til oss nye Bjørnafjordingar er det viktig at planverket vårt er oppdatert, slik at investorane får føreseielege rammer. Dei skal ikkje trenge å lure på å etablere seg i Bjørnafjorden. Er etableringa i tråd med reguleringsplanane, så skal det vere kort veg frå søknad til ja. Difor var det viktig å komma i mål med meklinga med Statsforvaltaren i november. No har vi ein kommunedelplan for Os Vest som er meir ajour og som utbyggarane kan nytta når dei vil detaljregulere sine planar.

Eitt av områda det vil kome mykje utbygging på i dei neste 10-20 åra er områda langs den nye fylkesvegen frå Lyseparken til Lysefjorden (Åsen-Helleskaret). Etter eit iherdig arbeid klarte vi saman med utbyggarane og Vestland fylkeskommune å finne ei finansieringsløysing som gjorde at fylket kunne halde fram med planlegginga av prosjektet. Entreprisen og byggestart vil truleg bli våren 2023, og går alt etter planen kan vi førebu oss på ei ny vegopning i løpet av 2025.

Noko som har tatt mykje tid og fokus i 2022 er knytt til opning av den nye vegen og bomstasjonane på Fanafjellsvegen og Byvegen. Den løysinga som kom då vegen opna er ikkje god nok. Difor har vi både politisk og administrativt jobba mykje med å få til ei to-bomsløysing som blir meir rettferdig for dei som bur i Søftelandsområdet og i Nordvik. Det er eit møysommeleg arbeid å jobbe opp mot vegstyresmaktene, men det går sakte, men sikkert på fram. Eg trur vi skal kome fram til ei akseptabel løysing, men det vil nok ta noko tid. Kanskje må det ein ny stortingsproposisjon til før vi er i mål.

Mykje fokus har også legesituasjonen fått gjennom sommaren og hausten 2022. Vi gjekk sommaren i møte i det som må kunne karakteriserast som ein krisesituasjon. Særleg i Eikelandsosen, men også generelt på fastlegesida. Eg er glad for at formannskapet gav tilslutning til dei «litt radikale» løysingane vi foreslo, samstundes som vi fekk tydelege signal på at dette måtte vi handtere. Det meiner eg vi har gjort, og når vi gjekk inn i 2023 var krisa så godt som avblåst. Framleis er det utfordringar på legesida, men no meiner eg vi har betre kontroll på, og plan for, situasjonen.

Det er ikkje berre utomhus det har skjedd mykje gjennom 2022. Trass i koronapandemi og dei omstillingsprosessane vi har stått i, og fortsatt står i, så meiner eg at vi levererer. Vi har lagt bak oss det første driftsåret til «Familiens hus», og allereie no meiner eg at vi ser teikn på at det er ein suksess. Vi ser allereie synergjar av eit auka samarbeid på tvers av tenestene.

Eit anna område vi har fått gjort mykje på gjennom året er på digitalisering. Dette er kanskje ikkje noko innbyggarane merker så mykje av, sånn direkte, men i stadig større grad møter dei no digitale skjema som hjelper dei gjennom prosessen når dei skal søkje kommunale tenester. Dokumentsenteret har gjort ein kjempejobb med å legge til rette for dette. I tillegg er vi ein av fire pilotkommunar som har tatt i bruk e-byggesak. Ei nasjonal elektronisk løysing for å ta imot byggesøknader. Her blir innbyggarane losa gjennom prosessen og systemet sikrar at alt som skal vere med er med før søknaden blir send. Det gjer

at innbyggerane får raskare svar på søknaden og dermed kome raskare i gang med prosjektet sitt. Ein vinn vinn for både dei og oss.

Avslutningsvis vil eg trekkje fram eit par områder vi ikkje hadde klart oss utan. Dei tillitsvalde og vernetenesta. Dei er heilt sentrale i alt det arbeidet som går føre seg i kommunen, både i det daglege, men ikkje minst i dei omstillingsprosessane vi står oppe i. Eg vil takke dei for eit godt samarbeid gjennom året i dei etablerte møteplassane vi har på kommunedirektørnivå, på sektornivå og ute i einingane.

Ei anna gruppe eg vil takke er den gjengen som kanskje får ufortent mykje kjeft frå innbyggerane våre. Gjengen som held til i Kolskogen, men som har det daglege virket sitt på alle dei kommunale vegane og i dei kommunale bygga våre. Dei gjer ein kjempejobb kvar dag for at innbyggerne skal kome seg til og frå heim, jobb og skule. Dei gjer også ein kjempejobb med å ta vare på bygga våre og for å stadig finna nye og betre måter å drifta dei på. Ta berre den reduksjonen dei fekk til i straumforbruket vårt i fjor. Gjennom lure grep reduserte vi forbruket med 1.028.000 kWt, altså over ein gigawatt-time. Det er rundt fem prosent av forbruket vårt det. Ikkje mindre enn imponerende. Godt for miljøet og godt for kommunen!

Christian F. Fotland
Kommunedirektør

Økonomi

Innleiing

Bjørnafjorden kommune sin driftsrekneskap for 2022 viser eit netto driftsresultat på kr – 84.361.832,73. Årets rekneskapsmessige mindreforbruk før strykingar er kr 19.735.042,25. Negativt netto driftsresultat og overføring til investeringsrekneskapen er dekkja ved (netto) bruk av fond, slik at framført beløp til inndekning i seinare år (meirforbruk) er kr 0.

Investeringsrekneskapen er gjort opp i balanse slik at framført til inndekning i seinare år (udekka beløp) er kr 0.

Konsolidert rekneskap for Bjørnafjorden kommune 2022 viser eit netto driftsresultat på kr – 86.685.281,70. Konsolidert rekneskap omfattar Bjørnafjorden kommune, Oseana Kunst- og kultursenter Bjørnafjorden KF og Os Idrettspark Bjørnafjorden KF, men konsern-interne transaksjonar er eliminerte.

2022 er første året etter at kommunen si deltaking i prosjektet Statleg finansiering av omsorgssektoren (SIO) blei avslutta. Prosjektet har m.a. medført at kommunen har blitt trekt i rammetilskotet og i staden fått øyremerka statstilskot som har dekkja utgiftene til vedtak utført i pleie- og omsorgstenestene. Av budsjettet for 2022 går det fram at bortfallet av øyremerkte statstilskot ville medføre netto tapte inntekter på over 150 mill. kr i 2022. Budsjettprosessen for 2022 var derfor krevjande, og budsjettet blei sett opp med eit negativt netto driftsresultat og det blei m.a. budsjettert med netto bruk av fond for å saldere budsjettet. Forhold som Covid og generell pris- og lønsauke har auka byrda og er medverkande til at sektorane gjennom året har meldt om til dels store overskridingar. Også finansmarknadene har hatt eit vanskeleg år. Gode skatteinntekter i kommunesektoren særleg på slutten av året har gjort at situasjonen ikkje blei verre.

Staten har uttrykt ei forventning om at kommunane over tid skal ha ein resultatgrad på 1,75 % (netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter). Resultatgraden for Bjørnafjorden kommune i 2022 blei – 3,62%. For konsernet som heilskap blei resultatgraden – 3,67%.

Økonomisk stilling

Kommunen skal forvalte økonomien sin slik at den økonomiske handlefridomen blir ivaretatt over tid. Kommunen sine langsiktige utgifter skal vere finansiert av langsiktige inntekter. Dette inneber at tiltak av varig karakter som blir sett i verk må ha langsiktig budsjettdekning. Tiltak som berre gjeld innafor ein avgrensa tidsperiode kan bli finansiert med inntekter som ikkje er varige, eller av fondsmidlar. Det overordna målet med økonomistyring er å sette kommunen i stand til å gje innbyggjarane stabile og gode velferdstenester på kort og lang sikt.

Den økonomiske situasjonen til Bjørnafjorden kommune har vore vanskeleg sidan starten. Bjørnafjorden kommune starta derfor allereie i 2020 omstillingsprosjektet «Bjørnafjorden 22», der ei av hovudmålsettingane var å kome ned på eit driftsnivå for kommunen sitt tenestetilbod som var tilpassa kommunen sine inntekter. Målet var ei varig innsparing i årlege driftsutgifter på 90 mill. kr., noko kommunen langt på veg har greidd. Mellom anna er stabsfunksjonane reduserte med over 20%. Vi gjorde likevel merksam på at verknadene vedr avslutning av SIO prosjektet (som då var meint å vare ut 2022) ikkje var lagt inn i økonomiplanen. På det tidspunktet hadde vi eit grovt overslag på at verknadene av SIO avslutninga ville vere negativ med vel 90 mill. kr. Vi rekna med at fondsmidlar frå prosjektet ville vere omtrent tilsvarende, og at dei kunne nyttast i ein overgangsfase. For å lette denne overgangsfasen blei det sett i gang eit «søster-prosjekt» til «Bjørnafjorden 22» med mål om å omstille omsorgstenestene til ein kvardag med ordinær rammefinansiering.

I framlegg til statsbudsjett for 2022 fekk vi meldinga om at SIO prosjektet ville bli avslutta allereie 31.12.2021. Bortfallet av øyremerkte tilskot i SIO prosjektet, målt opp mot det vi fekk tilbake i form av auka rammetilskot, viste eit estimert innteksttap på over 150 mill. kr. Kommunestyret ønskte ikkje å innføre eigedomsskatt, og salderte budsjettet med ytterlegare kostnadsreduksjonar, auka frie inntekter og bruk av ulike fond for å få budsjettbalanse i økonomiplanperioden. Budsjettet for 2022 blei vedtatt med eit netto driftsresultat på kr – 60.696.000. Pandemi, prisvekst, renteauke og børsfall har gjort 2022 til eit krevjande år, og alle sektorane har eit utgiftsnivå som ligg over budsjett. På tampen av året fekk kommunen, til liks med andre kommunar, ein svært god skatteinngang. Også korona-kompensasjon og utdeling frå Havbruksfondet kom inn med solide beløp heilt på slutten av året, og gjorde at kommunestyret i møte 15.12.2022 kunne gi store tilleggsøyvingar til sektorane. Dei store ekstra inntektene gjer også at driftsresultatet blei betre enn frykta i 2. tertialrapport.

I budsjettet for 2023 opplevde vi at veksten i frie inntekter ikkje var stor nok til å dekke kommunen sine auka utgifter til løn, auka prisar og renteauke. Ein måtte ty til ytterlegare bruk av premiefond (pensjon) for å saldere budsjettet. Kommunen fekk i samband med konkurranseutsetting av pensjon i 2021 frigjort relativt store midlar som er overført til kommunen sitt premiefond hos Storebrand. Kommunen har planlagt følgjande bruk av premiefondet i økonomiplan perioden:

	År 2023	År 2024	År 2025	År 2026
Saldo premiefond 01.01	265 000 000	199 299 000	150 471 000	108 831 000
Budsjettert bruk	- 65 701 000	- 48 828 000	- 41 640 000	- 37 233 000
Saldo premiefond 31.12	199 299 000	150 471 000	108 831 000	71 598 000

Tabellen viser kommunen sin årlege bruk av premiefond og utviklinga i saldo på premiefondet.

Det er også budsjettert med kostnadskutt i økonomiplanperioden. I 2023 er sektorane sine budsjetttrammer reduserte med 25 mill. kr og ytterlegare 25 mill. kr i 2024.

Rekneskapen for 2022 viser at sektorane ikkje har greidd å redusere driftsutgiftene sine til dei stadig mindre budsjetttrammene til tross for mange gjennomførte innsparingstiltak. Driftsnivået på tenestene frå 2022 blir for ein stor del vidareført inn i 2023. Kommunen bestilte i siste kvartal 2022 ein omfattande konsulentrapport frå PwC for å sjå på moglege kostnadsreduserande tiltak i sektorane. Konsulentrapportane blei ferdig tidleg 2023 og skal, etter ei grundig prosess, behandlast av kommunestyret 30.03.2023.

Kommunen har ubalanse i økonomien, både når vi ser på rekneskapen for 2022 og komande økonomiplan periode. Gode resultat i tidlegare år samt konkurranseutsetting av pensjon gjer at kommunen har ein relativt solid buffer og dermed eit visst økonomisk handlingsrom. Dette handlingsrommet må kommunen bruke til å omstille seg til ein meir kostnadseffektiv drift, slik at driftsutgiftene kan dekkast av varige driftsinntekter utan å tære på reservane.

Ein måte å vurdere kommunen si handlefridom på er å sjå på lånegjeld, netto driftsresultat og disposisjonsfond. Riksrevisjonen skriv i ein rapport om kommunesektoren: «Det er sammehengen av

store lån, lavt disposisjonsfond og lavt driftsresultat som gir utfordringer». KS har utvikla ein «trafikklysmoell» for dette:

Netto lånegjeld, korriger for ubunde investeringsfond, i % av driftsinntekter	Netto driftsresultat, korriger for netto bundne avsetninger, i % av driftsinntekter	Disposisjonsfond, inkl rekneskapsmessig mer-/mindreforbruk, i % av driftsinntekter
Under 65%	Over 2%	Over 8%
Mellom 65% og 85%	Mellom 1% og 2%	Mellom 5% og 8%
Over 85% av driftsinntekter	Under 1% av driftsinntekter	Under 5% av driftsinntekter

Tabellen viser ein modell for måling av økonomisk handlefridom ved å måle netto lånegjeld, netto driftsresultat og disposisjons-fond i prosent av driftsinntekter. Netto lånegjeld er langsiktig lånegjeld fråtrekt totale utlån og ubrukte lånemidlar.

Grønt nivå indikerer større grad av økonomisk handlefridom, gult nivå indikerer moderat økonomiske handlefridom medan raudt nivå indikerer avgrensa/lite økonomisk handlefridom.

For Bjørnafjorden kommune slår modellen ut slik:

Økonomisk handlefridom	År 2022	År 2022	År 2022	År 2021	År 2021	År 2021
	Kommune	Konsern	Landet	Kommune	Konsern	Landet
Netto lånegjeld, korriger	117,3 %	115,9 %	87,9 %	116,0 %	114,7 %	88,0 %
Netto driftsresultat, korriger	-0,9 %	-0,9 %	3,4 %	6,0 %	5,9 %	4,2 %
Disposisjonsfond	25,3 %	25,1 %	14,5 %	26,5 %	26,3 %	13,4 %

Tabellen viser nøkkeltal vedr økonomisk handlefridom. Tal for 2022 er basert på ureviderte rekneskapstal og førebelse kostra tal pr.15.03.2023. Endelege tal og tal for landet kjem i slutten av juni.

Nøkkeltala viser at den økonomiske handlefridomen har svekka seg frå 2021 til 2022. Det er no berre nøkkeltalet vedr disposisjonsfond som er på grønt nivå. Vi ser m.a. at lånegjelda ligg godt over tilrådd nivå og gjennomsnittstal for landet. Dette gjer at kommunen må bruke ein god del av driftsinntektene sine til å betale renter og avdrag. Dette er midlar som elles kunne blitt brukt til (annan) tenesteproduksjon.

KS gjer kvart år ei kartlegging av alle kommunane ut frå kriteria for økonomisk handlefridom, ref. modellen over. Her kan ein lese «score» for nøkkeltala for kvar kommune (konsern) og landet samla. Kvar kommune får og ein samla «score» i form av ein fargekode. I 2020 kom Bjørnafjorden kommune ut på gult nivå, i 2021 grønt nivå. Tal for 2022 vil først bli lagt fram til sommaren.

Bjørnafjorden kommune har bestemt seg for å bruke denne modellen som basis for sine finansielle måltal i framtida, ref. K sak 105/22. Kommunen sine finansielle måltal fram til no har vore:

- Budsjettert resultatgrad skal minst vere i tråd med Teknisk beregningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi si tilråding – for tida 1,75%
- Budsjettert avdrag skal minst vere 4% av lånegjelda, eks. vidareutlån

- 25% av ordinære investeringsprosjekt skal vere finansiert med eigenkapital

Med resultatgrad meiner vi netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter. Med lånegjeld meiner vi langsiktig lånegjeld eks. startlån til vidareutlån. Med ordinære investeringsprosjekt meiner vi investeringsprosjekt som ikkje er gebyrfinansierte. Med eigenkapital/eigenfinansiering meiner vi sal av anleggsmiddel/eigedom, bruk av fond eller bruk av driftsmidlar.

Økonomiske måltal	Mål	År 2022	Budsjett 2022
Resultatgrad	1,75 %	-3,6 %	-3 %
Budsjettert avdrag	4 %	3,5 %	3,5 %
Eigenkapitalfinansiering	25 %	45,2 %	8,6 %

Tabellen viser status for kommunen sine økonomiske måltal for 2022

Som vi ser er resultatgraden langt dårlegare enn målalet, men ikkje så langt frå opprinneleg budsjett for 2022. Som nemnt over var budsjettet for 2022 svært krevjande å få i hop som følgje av den brå avslutninga av SIO prosjektet. Avdragstida på lån var tidlegare 4% tilsvarande 25 år men er redusert til 3,5% (tilsvarande 28,5 år). Eigenfinansieringa er betre enn målsettinga og budsjett som følgje av sal av tomt i Greidalen.

Driftsrekneskapen

Eit samandrag av Økonomisk oversikt drift §5-6 viser følgjande oversikt over kommunen sin driftsrekneskap:

ØKONOMISK OVERSIKT DRIFT §5-6	Regnskap 2022	Rev. budsjett 2022	Oppr. budsjett 2022	Regnskap 2021
Driftsinntekter	2 333 524 434	2 176 762 902	2 031 710 000	2 408 214 619
Driftsutgifter	2 396 101 242	2 230 078 698	2 039 303 000	2 245 283 067
Brutto driftsresultat	- 62 576 808	- 53 315 796	-7 593 000	162 931 552
Finans	-165 865 815	-176 050 000	-164 050 000	-139 239 479
Motpost avskrivningar	144 080 790	110 947 000	110 947 000	134 141 862
Netto driftsresultat	-84 361 833	-118 418 796	-60 696 000	157 833 935

Disponering av netto driftsresultat:

Overføring til investering	26 092 000	26 092 000	4 000 000	7 852 388
Avsetninger til bundne driftsfond	6 892 402	573 000	-	21 294 633

Årsmelding 2022

Bruk av bundne driftsfond	-69 324 607	-77 327 126	-85 000 000	-7 113 250
Avsetninger til disposisjonsfond	85 327 256	85 327 256	20 304 000	135 800 164
Bruk av disposisjonsfond	-133 348 884	-153 083 926	-	-
Sum dekning av netto driftsresultat	-84 361 833	-118 418 796	-60 696 000	157 833 935

Tabellen viser ein oversikt over kommunen sin driftsrekneskap for 2022 og 2021, samt opprinneleg og revidert budsjett for 2022.

Bjørnafjorden kommune sin driftsrekneskap for 2022 viser eit netto driftsresultat på kr 84.361.833 for 2022. Framført beløp til inndekning i seinare år (meirforbruk) er kr 0

Vi vil under gå nærare inn på driftsrekneskapen:

Driftsinntektene

DRIFTSINTEKTER PR ART	Regnskap 2022	Rev. budsjett 2022	Oppr budsjett 2022	Regnskap 2021	Endring mot rev. budsjett	Endring mot oppr. budsjett	Endring mot regnskap 2021
Ramme-tilskudd	- 799 187 382	- 791 167 000	- 729 504 000	- 405 771 365	8 020 382	69 683 382	393 416 017
Inntekts- og formueskatt	- 897 205 112	- 889 673 000	- 841 405 000	- 808 559 555	7 532 112	55 800 112	88 645 557
Eiendomsskatt	-	-	-	2 640	-	-	2 640
Andre skatteinntekter	- 1 847 252	- 573 000	-	- 1 675 335	1 274 252	1 847 252	171 917
Andre overføringer og tilskudd fra staten	- 76 594 777	- 69 642 000	- 24 500 000	- 29 942 441	6 952 777	52 094 777	46 652 336
Overføringer og tilskudd fra andre	- 290 614 878	- 173 473 102	- 170 188 000	- 906 134 503	117 141 776	120 426 878	- 615 519 625
Bruker-betalinger	- 66 949 790	- 62 243 800	- 64 673 000	- 64 042 840	4 705 990	2 276 790	2 906 950
Salgs- og leieinntekter	- 201 125 243	- 189 991 000	- 201 440 000	- 192 091 220	11 134 243	- 314 757	9 034 023
Sum driftsinntekter	- 2 333 524 434	- 2 176 762 902	- 2 031 710 000	- 2 408 214 619	156 761 532	301 814 434	- 74 690 185

Tabellen viser ein oversikt over kommunen sine driftsinntekter for 2022, 2021, opprinneleg og revidert budsjett samt avvik mellom desse.

Kommunen sine samla driftsinntekter er 74,7 mill. kr lågare i 2022 enn i 2021. Det vi ser er effekten av SIO-avslutninga. Rammetilskotet er i 2022 utan trekk for SIO prosjektet (trekket i 2021 var på 385,4 mill. kr), og vi har lagt inn igjen refusjon vedr ressurskrevjande tenester (med 68,5 mill. kr), medan

øyremerkte tilskot vedr SIO på 652,5 mill. kr er falt vekk. Det er og nokre andre effektar av SIO avslutninga, slik at vi kan rekne saman at SIO avslutninga har medført eit årleg tap på ca. 200 mill. kr.


Kommunen opplevde også i 2022 ein formidabel vekst i skatteinntektene, særleg mot slutten av året. Skatteveksten for Bjørnafjorden kommune var på 10,9%, medan den for kommunane samla var på 12,7%. Skatteveksten kan i stor grad forklarast med tilpassing til auka utbyteskatt frå 2022 som gjorde at mange tok ut ekstraordinært utbyte i 2021. Dette gjorde at kommunane først fekk desse skatteinntektene i samband med korrigert fordelingsoppgjer for 2021 i november 2022. Løpande innbetaling av forskotstrekk og forskotsskatt i 2022 viser faktisk ein nedgang i 2022 målt mot 2021, og tyder på ein stagnasjon av skatteinntekter i 2023. Skatteinntekter pr. innbyggjar går feil veg og er i 2022 ca. 87,5% av landsgjennomsnittet. Dette medfører at kommunen får skatteutjamningsmidlar frå andre, meir skattesterke kommunar. I 2022 blei kommunen tilført midlar frå skatteutjamninga med 71,4 mill. kr. Merk at skatteutjamningsmidlar inngår i inntektsgruppa «Rammetilskot».

I gruppa Andre overføringer og tilskot frå staten finn vi m.a. integreringstilskotet for flyktningar og tildeling av midlar frå Havbruksfondet. Krigen i Ukraina har medført auka tilstrøyming av flyktningar, og kommunen mottok i 2022 ca. 43,7 mill. kr i integreringstilskot. Utdeling av midlar frå Havbruksfondet via Fiskeridirektoratet blei på 29,4 mill.kr, langt høgare enn forventa.

Gruppa Overføringer og tilskot frå andre omfattar ei rekke postar, mange av dei gjeld statlege overføringer. Det er her dei øyremerkte tilskota vedr SIO blei ført, og det er her vi fører tilskot vedr ressurskrevjande tenester. Refusjon sjukeløn er ein av postane her og er ført med 58,2 mill. kr i 2022, ein auke på vel 6 mill. kr frå 2021. Auken er naturleg ut frå det høge sjukefråværet i 2022. Refusjon i samband med foreldrepermisjon har ein relativt stor nedgang frå 22,6 mill. kr i 2021 til 15,4 mill. kr i 2022, dette er noko som vi må rekne med svingar litt frå år til år.

Det er berre mindre endringar vedr Brukarbetalingar. Det same er i utgangspunktet tilfellet med Sals- og leieinntekter med unntak av inntekter frå konsesjonskraft som er ført med 16,5 mill. kr i 2022 mot 3,4 mill. kr i 2021.

Vi kan illustrere fordelinga av driftsinntektene slik:



Figuren viser kva for type inntekter kommunen har i 2022.

Driftsutgiftene

DRIFTSUTGIFTER PR ART	Regnskap 2022	Rev. budsjett 2022	Oppr. Budsjett 2022	Regnskap 2021	Endring mot rev. budsjett	Endring mot oppr. budsjett	Endring mot regnskap 2021
Lønnsutgifter	1 181 152 721	1 159 329 403	1 045 755 000	1 117 291 809	- 21 823 318	- 135 397 721	- 63 860 912
Sosiale utgifter	330 779 019	306 758 451	280 768 000	268 592 211	- 24 020 568	- 50 011 019	- 62 186 808
Kjøp av varer og tjenester	606 373 301	543 000 472	510 892 000	596 539 719	- 63 372 831	- 95 481 301	- 9 833 582
Overf. og tilskudd til andre	133 715 411	110 043 372	90 941 000	128 717 466	- 23 672 039	- 42 774 411	- 4 997 945
Avskrivninger	144 080 790	110 947 000	110 947 000	134 141 862	- 33 133 790	- 33 133 790	- 9 938 928
Sum driftsutgifter	2 396 101 242	2 230 078 698	2 039 303 000	2 245 283 067	- 166 022 546	- 356 798 242	- 150 818 175

Tabellen viser ein oversikt over kommunen sine driftsutgifter for 2022, 2021, opprinneleg og revidert budsjett samt avvik mellom desse.

Driftsutgiftene er 150,8 mill. kr høgare enn i 2021, dvs. ein auke på 6,7%. Veksten er relativ høg, men kan likevel ikkje seiast å vere dramatisk, når ein tenker på den lønsveksten og generelle prisauken vi har opplevd i 2022. Men sett i samanheng med svekka driftsinntekter og budsjettføresetnader om innsparingar blir biletet meir krevjande.

Lønnsutgifter er den største utgiftsgruppa i kommunen. Samla lønsutgifter er 63,9 mill. kr høgare enn året før tilsvarande 5,7%. Den største auken i kroner ligg på løn i faste stillingar, men beløpet er likevel lågare enn budsjettet. Det som peikar seg ut er den store auken i bruk av overtid. Auken, som er på 17,6 mill. kr samanlikna med 2021, kan i stor grad knytast til Helse og velferd, og har nok samanheng med «korona-avtalen» som blei inngått av arbeidslivspartane sentralt. Ein post som har ein lågare vekst enn forventa er sjukevikar, som «berre» aukar med 1,9 mill. kr. Det kan tyde på at sjukefråvær i stor grad er løyst ved bruk av overtid.


Sosiale utgifter aukar med 62,2 mill. kr frå 2021 til 2022. Dette kan i stor grad knytast til premieavviket. Det store positive premieavviket frå 2021 er utgiftsført i 2022 (og finansiert ved bruk av fond), medan årets positive premieavvik er lågare enn det i 2021. Pensjonsutgiftene er faktisk 18 mill. kr lågare enn i 2021, sjølv om beløpet blei ein god del høgare enn budsjettet. Dette har samanheng med at lønsoppgjeret, og dermed reguleringspremien, blei høgare enn det som var lagt til grunn før oppgjeret. Det er brukt 18,3 mill. kr i premiefond i 2022, omtrent som budsjettet.

Kjøp av varer og tenester aukar med 9,8 mill. kr frå 2021 til 2022 tilsvarande 1,6%. Dei postane som aukar mest er kjøp av straum og kjøp av statlege barnevernstiltak. Det er og postar som er kraftig redusert, dette gjeld i første rekke kjøp av konsulenttenester og vedlikehald.

Overføring og tilskot til andre omfattar utgifter til moms, sosialhjelpsutgifter, ulike tilskot og overføring til kommunale føretak. Utgiftene har auka med nærare 5 mill. kr frå 2021 til 2022. Den posten som peikar seg litt ut er Ventestønad som blir utbetalt frå NAV til flyktningar i ein overgangsfase.

Avskrivningar er ført med 144 mill. kr. Avskrivninger har i kommunane ikkje effekt på netto driftsresultat.

Vi kan illustrere fordelinga av driftsutgiftene slik:



Figuren viser kva for type utgifter kommunen har i 2022.

Finans

Finans pr art	Regnskap 2022	Rev. Budsjett 2022	Oppr. Budsjett 2022	Regnskap 2021	Endring mot rev. budsjett	Endring mot oppr. budsjett	Endring mot regnskap 2021
Renteinntekter	- 17 781 232	- 6 000 000	- 6 000 000	- 8 407 173	11 781 233	11 781 233	9 374 060
Utbytter	- 3 847 461	- 1 000 000	- 1 000 000	258 378	2 847 461	2 847 461	4 105 839
Gevinst og tap fin. Omløpsmidl	9 446 640	-	-	- 17 772 402	- 9 446 640	- 9 446 640	- 27 219 042
Renteutgifter	71 520 679	76 523 000	64 523 000	45 574 556	5 002 321	- 6 997 679	- 25 946 123
Avdrag på lån	106 527 189	106 527 000	106 527 000	119 586 120	- 189	- 189	13 058 931
Sum netto finansutgifter	165 865 815	176 050 000	164 050 000	139 239 479	10 184 186	- 1 815 814	- 26 626 335

Tabellen viser ein oversikt over kommunen sine finanspostar for 2022, 2021, opprinneleg og revidert budsjett samt avvik mellom desse.

Netto utgifter til finans er 26,6 mill. høgare i 2022 enn i 2021. Som følgje av den generelle renteoppgangen har renteutgiftene til kommunen auka, sjølv om ein del av porteføljen er knytt til fast-rente avtaler. Renteutgiftene er 25,9 mill. kr høgare i 2022 enn i 2021, men avviket mot budsjett er langt mindre. Ved inngangen til 2022 hadde dei fleste sentralbankar historisk låge styringsrenter, men i møte med aukande inflasjon stramma dei fleste sentralbankar kraftig inn på pengepolitikken og auka styringsrentene gjennom 2022. Den norske styringsrenta blei auka heile seks gonger i 2022, frå eit nivå på 0,5% ved starten av året til 2,75% pr. 31.12.2022. Dette medførte at NIBOR-renta, som dei fleste låna tar utgangspunkt i, også auka. Ved starten av året låg NIBOR-renta på 0,98%, medan den ved slutten av året var 3,26%.

I budsjettet for 2022 blei det t.d. lagt til grunn ei flytande rente på gjeldsbrevlån på 1,8% og sertifikatlån med 1,2%. Fastrentelån blei budsjettert med sine respektive satsar Gjennomsnittleg rente på kommunen sine lån i 2022 var 2,98%.

Frå 2022 har kommunen gått over til å føre minimumsavdrag (lågaste tillate nivå på avdrag), dette for å lette belastninga på driftsbudsjettet. Dette er årsaka til at avdraga er 13 mill. kr lågare i 2022 enn i 2021. Avdragstida er dermed auka frå 25 år til ca. 28,5 år. Som eit innsparingstiltak blei avtale med gjeldsrådgivar terminert 31.12.2021.

Kommunen si lånegjeld er nærare omtalt under balansen.

Renteauken fører og til at renteinntektene har auka, i 2022 med heile 9,4 mill. kr. Dette er historisk høgt, og har også samband med god likviditet som følgje av meir unytta lån enn normalt. Kommunen sin hovudbank er DnB ASA.

I 2021 fekk kommunen ikkje utbytte frå BIR AS, men i 2022 har vi fått 3,5 mill. kr i utbytte.

Den sterke inflasjons- og renteauken har påverka aksjemarknaden negativt og ført til fall i aksje- og obligasjonsverdiar. Risikobiletet er meir uoversiktleg etter Russland sin invasjon av Ukraina. Rekordhøge energiprisar har gitt solid inntening for energiselskap, noko som har medført at Oslo Børs har gjort det betre i 2022 enn globale aksjeplasseringar.


Bjørnafjorden kommune har ein finansportefølje som består av langsiktige finansielle midlar som ikkje er meint å skulle dekke løpande betalingsplikter komande år. Midlane skal gje høgast mogleg avkastning innanfor definerte krav til likviditet og risiko. Finansreglementet stiller krav til at kommunen sine langsiktige finansielle midlar skal være godt diversifiserte, ved bruk av ulike aktiva klasser og spreing på ulike fond innan kvar aktiva klasse. Oversikt over langsiktige finansielle midlar 31.12.2022:

Tal i heile tusen	Markedsverdi	Fordeling %	Avkastning	Avkastning %	Ref. indeks	Strategi	Min. - maks.	Kontroll
Pengemarknadsfond	14 812	9,9 %	248	1,7 %	1,2 %	10 %	5% - 30%	Ok
Norske obligasjonsfond	15 641	10,4 %	- 474	-2,9 %	-2,0 %	10 %	5% - 30%	Ok
Globale obligasjonsfond	42 849	28,6 %	- 5 303	-11,2 %	-12,2 %	30 %	20% - 40%	Ok
Norske aksjefond	15 437	10,3 %	- 1 665	-9,7 %	-7,1 %	10 %	5% - 30%	Ok

Årsmelding 2022

Globale aksjefond	42 612	28,4 %	- 7 434	-15,0 %	-11,0 %	30 %	20% - 40%	Ok
Eigedomsfond	18 499	12,3 %	- 241	-1,3 %	3,0 %	10 %	0% - 20%	Ok
SUM	149 850	100 %	- 14 869	-9,0 %	-7,4 %	100 %		

Tabellen gir ein oversikt over samansetninga og avkastninga til kommunen sin finansportefølje i 2022.



Figuren gir ein oversikt over samansetninga til kommunen sin finansportefølje i 2022 i eit kakediagram.

Avkastninga på Bjørnafjorden kommune sine langsiktige finansielle midlar i 2022 var kr -14.869.583, dvs. -9%. Dette er svakare enn referanseindeksen på -7,4%. Det er tap i stort sett alle segment, men verst har det gått for dei globale aksje- og obligasjonsfonda. Det er relativt sjeldan kommunen sin finansportefølje endar med negativ avkastning pr. 31.12, det har tidlegare berre skjedd i 2008 og 2018.

Kommunen har og hatt delar av overskotslikviditeten sin plassert i pengemarknadsfond med lav risiko. Denne plasseringa har i 2022 gitt positiv avkastning med kr 5.428.130, dvs. 1,5%. Plasseringa er avslutta pr. 31.12.2022 og midlane overført til bank, då avkastninga på innskott i bank over tid har vore betre enn plasseringa i dette pengemarknadsfondet.

Kommunen har i 2022 nytta Gabler Investment Consulting AS som uavhengig rådgivar i samband med forvaltning av finansporteføljene. I samband med at rådgivar-avtalen har vore på anbod hausten 2022 blir Norne Securities ny rådgivar frå 2023.

Disponering av netto driftsresultat

Dekning av netto driftsresultat:	Regnskap 2022	Rev. budsjett 2022	Oppr. budsjett 2022	Regnskap 2021
Overføring til investering	26 092 000	26 092 000	4 000 000	7 852 388
Avsetninger til bundne driftsfond	6 892 402	573 000	-	21 294 633
Bruk av bundne driftsfond	- 69 324 607	- 77 327 126	- 85 000 000	- 7 113 250
Avsetninger til disposisjonsfond	85 327 256	85 327 256	20 304 000	135 800 164
Bruk av disposisjonsfond	- 133 348 884	- 153 083 926	-	-
Dekning av tidligere års merforbruk	-	-	-	-
Sum dekning av netto driftsresultat	- 84 361 833	- 118 418 796	- 60 696 000	157 833 935
Fremført til inndecking i senere år (merforbruk)	0	0	0	0

Tabellen viser korleis netto driftsresultat 2022 og 2021 er dekket.

Som det går fram av tabellen og teksten over så er netto driftsresultat i 2022 negativt med kr 84.361.833. Tabellen viser netto avsetningar og bruk av fond samt overføring av midlar til investeringsrekneskapen:

Det er overført kr 26.092.000 frå driftsrekneskapen til finansiering av investeringsutgifter. 20 mill. kr av dette gjeld kapitaloverføring til Bjørnafjorden Utviklingsselskap AS (BUS AS) medan 4 mill. kr var budsjettert m.a. til eigenkapitalinnskot i KLP. Resterande overføringar gjeld Miljøløftet.

Det er avsett kr 6.892.402 til bundne driftsfond og omfattar avsetningar vedr miljøløftet, sjølvkost, konsesjonsavgift og diverse statstilskot og gåver som ikkje er nytta i året. Det er brukt kr 69.324.607 av bundne driftsfond avsett tidlegare år. Vel 50 mill. kr gjeld bruk av SIO fondet og nærare 13 mill. kr gjeld sjølvkost.

Det er avsett kr 85.327.256 til ubundne fond (disposisjonsfond) i 2022. Av dette gjeld 55,6 mill. kr premieavviket i 2022 som skal utgifts-førast i 2023, medan 9,4 mill. kr er avsett til næringstiltak, ref. K-146/22. Kr 800.000 gjeld formannskapetets disposisjonsfond og 19,5 mill. kr kommunestyret sitt disposisjonsfond. Det er brukt kr 133.348.884 av tidlegare avsette disposisjonsfond. 78,2 mill. kr av dette gjeld finansiering av premieavvik utgiftsført i 2022 og 20 mill. kr gjeld finansiering av kapitaloverføringa til BUS AS. Ca. 34,8 mill. kr er brukt som ein del av salderinga av budsjettet for 2022 (den delen som eigentleg skulle vore dekkja ved SIO fond). Det er og ført bruk av ein god del andre disposisjonsfond, t.d. covid-fond og vedlikehaldsfond. Før avslutning av rekneskapen var det ført bruk av disposisjonsfond med kr 153.083.926, i tråd med revidert budsjett. Dette var kr 19.735.042 meir enn nødvendig for å dekke negativt netto driftsresultat (mindreforbruk før strykingar). I tråd med rekneskapsreglane er bruk av fond stroke med kr 19.735.042, slik at meir-/mindreforbruk etter strykingar er kr 0.

Avvik mellom budsjett og rekneskap

Samla rapport på bevilgningsnivå viser:

Bevilgningsoversikt drift pr sektor	Rekneskap 2022	Rev. budsjett 2022	Oppr. budsjett 2022	Rekneskap 2021	Endring mot rev. Budsjett	Endring mot oppr. Budsjett
Fellesområde	59 015 054	45 869 000	44 138 000	-21 025 907	-13 146 054	-14 877 054
Stab	55 570 959	54 661 000	54 776 000	86 113 489	-909 959	-794 959
Oppvekst	756 443 732	759 576 000	697 780 000	686 765 470	3 132 268	-58 663 732
Helse og velferd	718 478 449	719 431 000	616 642 000	124 475 689	952 551	-101 836 449
Samfunnsutvikling	93 069 094	88 812 213	78 719 000	87 446 121	-4 256 881	-14 350 094
Sum løyvingar drift, netto	1 682 577 289	1 668 349 213	1 492 055 000	963 774 862	-14 228 076	-190 522 289

Tabellen viser ein oversikt over rekneskapen og budsjetta til sektorane for 2022 og 2021.

Oversikten viser at det er store avvik mellom rekneskapen og opprinneleg budsjett for dei fleste sektorane, medan avviket er kraftig redusert om ein målar mot revidert budsjett. Dette har samanheng med at ein solid skattevekst mot slutten av året gjorde det mogleg for kommunestyret å kunne gi store tilleggsløyvingar til sektorane i desember – møtet. Når vi vurderer resultatet til sektorane er det såleis ikkje tenleg å måle mot revidert budsjett. Vi kan heller ikkje berre sjå på opprinneleg budsjett, for det tar ikkje omsyn til lønsauke m.v. som sektorane skal ha tilleggsløyvingar for gjennom året. Vi har følgjande kommentarar til sektorane sine resultat i 2022:

Fellesområde

Fellesområde omfattar Folkevalde organ, Fellesutgifter og Pensjon.

Avvik mellom budsjett og rekneskap knyter seg i stor grad til pensjon. Lønsoppgjøret blei høgare enn det pensjonsleverandørane og dermed kommunen la til grunn for 2022, og meirutgifta på 14,3 mill. kr er ført her. Årets premieavvik blei positivt med 55,6 mill. kr og beløpet er sett av på fond for å dekke utgiftsføringa i 2023 (kommunen har eitt års amortisering av premieavvik). Kommunen har tapsført ca. 3

mill. kr vedr refundert sjukeløn, men vil arbeide vidare med å få inn krava slik at beløpet ikkje nødvendigvis er tapt.

Stab

Budsjettet til Stab blei i 1. tertialrapport 2022 redusert med 1 mill. kr vedr lærlingar og 3,7 mill. kr vedr programvare lisensar. Øvrige sektorar fekk auka sine løyvingar tilsvarande og har tatt over ansvaret for utgiftene, slik at dette var ei null-sum endring på kommune-nivå. Sektoren har i 2022 hatt ekstra utgifter til sluttavtalar m.v. i samband med nedbemanning av stabsfunksjonane, og høgare utgifter til IT drift og lisensar enn budsjett. Sektoren fekk i desember ei tilleggsloøyving på 3,9 mill. kr, men fekk likevel eit negativt avvik på 0,9 mill. kr i hovudsak knytt i IT relaterte kostnader.

Oppvekst

Oppvekstsektoren fekk i desember ei tilleggsloøyving på 28,5 mill. kr etter å ha meldt om meirforbruk på dette nivået for 2022. Det blei og gitt tilleggsloøyving på 11,9 mill. kr i samband med mottak av flyktningar frå Ukraina og sektoren fekk tidlegare på året ei tilleggsloøyving på 4,5 mill. kr for kjøp av Chrome-books og andre læremiddel i skulen samt 1,8 mill. kr vedr Covid-19. Dei økonomiske utfordringane i 2022 knyter seg til grunnskulen og barnevernet, medan barnehage-området har drifta innafor budsjett. Ein del av meirforbruket i grunnskulen har samanheng med Covid-19, men sektoren har og avvik ved at ein ikkje har klart å finne tiltak for alle innsparingskrava i prosjekt Bjørnafjorden 22. Barnevernet strevar med å tilpasse seg oppvekstreforma innafor gjeldande budsjett, og har meirutgifter i samband med plasseringar i institusjon og beredskapsheim. Det vil vere meir utfyllande informasjon om økonomien i dei enkelte tenestene under sektoren sin del av årsmeldinga.

Helse og velferd

Helse og velferd fekk i desember ei tilleggsloøyving på 72,5 mill. kr etter å ha meldt om meirforbruk på dette nivået i 2022. Det blei og gitt tilleggsloøyving på 5,6 mill. kr i samband med mottak av flyktningar frå Ukraina, og sektoren fekk tidlegare på året ei tilleggsloøyving på 4,3 mill. kr vedr Covid-19. Det er pleie- og omsorgstenestene som har det største avviket mot budsjett, og særleg dei to sjukeheimane. Desse har hatt store praktiske utfordringar knytt til Covid-19 noko som har medført svært høgt sjukefråvær, stor overtidsbruk og kjøp av tenester frå vikarbyrå. Dei opplever og at pasientane får stadig meir kompliserte behov enn før. 2022 var særleg første halvår og prega av fastlegekrise. Det blei sett inn fleire (kostbare) tiltak som auka basis tilskot, Nordsjø-turnus, vikarlegar m.v. for å bøte på situasjonen. Tiltaka hadde effekt, og situasjonen var lagt betre ved utgangen av året, men ein god del av meirforbruket i 2022 kan tilskrivast situasjonen vedr legevakt og legetenester. Det vil vere meir utfyllande informasjon om økonomien i dei enkelte tenestene under sektoren sin del av årsmeldinga.

Samfunnsutvikling

Samfunnsutvikling har ikkje fått ordinær tilleggsloøyving i 2022, men 12 mill. kr i ekstraløyving til bygging av tømmerkai i Samnøy næringsområde er ført via Samfunnsutvikling før overføring til BUS AS. Samfunnsutvikling har hatt meirutgifter til vintervedlikehald, straum og brann-utrykkingar, men ekstra inntekter frå konsesjonskraft har i stor grad dekkja meirutgiftene. Avviket mot revidert budsjett gjeld kalkulatoriske poster i sjølvkostområdet. Det vil vere meir utfyllande informasjon om økonomien i dei enkelte tenestene under sektoren sin del av årsmeldinga.

Investeringsrekneskapen

Investeringsrekneskapen for 2022 er gjort opp i balanse (0).

OVERSIKT INVESTERINGER §5-5	Regnskap 2022	Rev. budsjett 2022	Oppr. budsjett 2022	Regnskap 2021
Investeringsutgifter	218 485 958	280 484 000	273 500 000	357 693 808
Investeringsinntekter	-241 258 528	-302 711 700	-269 500 000	-388 586 570
Netto utgifter videreutlån	5 329 632	5 329 000	-	-3 059 822
Overføring fra drift og avsetninger	17 442 938	16 898 000	4 000 000	16 047 416
Udekket beløp	0	0	0	0

Tabellen viser eit samandrag av investeringsrekneskapen for 2022 og 2021.

Investeringsutgifter

Det er i 2022 investert i anlegg/tomter for ca. 187 mill. kr, vesentleg lågare enn dei to føregåande åra. Beløpet er og lågare enn budsjettet, i stor grad som følgje av reduserte investeringar i vass- og avlaupsprosjekt. Det er overført 20 mill. kr i kapitalauke til BUS AS og det er forskottet 9,2 mill. kr vedr spelemidlar frå Nore Neset Idrettslag, ført som eit utlån. Dette er dei største investeringsprosjekta i 2022:

	Rekneskap 2022	Rev. budsjett 2022	Oppr. budsjett 2022	Avvik mot rev.budsjett	Avvik mot oppr budsjett
Jettegryto barnehage - nybygg	26 622 601	28 923 000	30 000 000	2 300 399	3 377 399
Kjøkenløysing	34 429 664	32 687 000	16 000 000	-1 742 664	-18 429 664
Vassprosjekt	24 029 335	30 000 000	40 000 000	5 970 685	15 970 665
Avlaups prosjekt	14 604 034	25 000 000	40 000 000	10 395 966	25 395 966
Kommunal infrastruktur	9 057 522	7 000 000	5 000 000	-2 057 522	-4 057 522
Kjøp av tomter og bygg	8 792 597	8 000 000	2 000 000	-792 597	-6 792 597

Tabellen viser ein oversikt over dei største investeringsprosjekta i 2022 målt mot budsjett

Investeringsinntekter

Bruk av lån er største finansieringskjelde for investeringane. Det er i 2022 brukt kr 111.678.525 i lån, vesentleg mindre enn dei to føregåande åra og mindre enn budsjettet. Bruken av lån er lågare ikkje

berre fordi investeringsutgiftene er lågare, men det er og selt tomter og finansielle aktiva for relativt store beløp i 2022: Det er selt tomter/anlegg for ca. 37,6 mill. kr der størstedelen gjeld sal av tomtelområde Greidalen. Det er selt finansielle aktiva for ca. 50,6 mill. kr der 45,3 mill. kr gjeld eigenkapitalinnskot i KLP Fellesordninga og ca. 5,3 mill. kr gjeld sal av aksjar i Fjord'n senter.

Kommunen har og fått andre investeringsinntekter som mva kompensasjon (ca. 24 mill. kr), spelemidlar frå fylkeskommunen (9,2 mill. kr) og statstilskot (ca. 4,2 mill. kr).

Netto utgifter vidareutlån

Netto utgifter vidareutlån omfattar kommunen sine inntekter og utgifter vedr startlån. Kommunen har i 2022 fått inn litt mindre avdrag frå låntakarane enn det vi har betalt i avdrag på låna i Husbanken. I fjor var forholdet motsett.

Overføring frå drift og netto avsettingar

Det er overført kr 26.092.000 frå driftsrekneskapen til finansiering av investeringsutgifter. 20 mill. kr av dette gjeld kapitaloverføring til Bjørnafjorden Utviklingsselskap AS (BUS AS) medan 4 mill. kr var budsjettet m.a. til eigenkapitalinnskot i KLP. Resterande overføringar gjeld Miljøløftet.

Uttaket av eigenkapitalinnskotet i KLP Fellesordninga på 45,3 mill. kr er sett av på ubunde investeringsfond, saman med to statstilskot til aktivitetsanlegg, ref. K 146/22. Det er ikkje brukt midlar frå ubunde investeringsfond.

Det er brukt av, og avsett til, midlar vedr bundne investeringsfond. Dette gjeld stort sett ekstra innbetalingar vedr startlån frå låntakarar. Kommunen setter desse midlane av på fond slik at dei kan finansiere tilsvarande nedbetaling på startlån kommunen har i Husbanken.

Det er meir informasjon om dei enkelte investeringsprosjekta under sektorane sine kapittel.

Balansen

Eit samandrag av balansen ser slik ut:

Oversikt - balanse	Regnskap 2022	Regnskap 2021	Endring
Anleggsmidler	6 513 921 281	6 272 628 931	- 241 292 350
Omløpsmidler	1 335 905 705	1 324 642 790	- 11 262 915
Sum eiendeler	7 849 826 986	7 597 271 721	- 252 555 265
Egenkapital	2 267 914 571	2 223 700 352	- 44 214 219
Langsiktig gjeld	5 235 392 293	5 047 687 634	- 187 704 659
Kortsiktig gjeld	346 520 122	325 883 736	- 20 636 387
Sum egenkapital og gjeld	7 849 826 986	7 597 271 721	- 252 555 265

Tabellen viser ein oversikt over kommunen sin balanse pr 31.12.2022 og 31.12.2021.

Eigendelar

Kommunen har følgjande anleggsmidlar pr 31.12.2022:

	Regnskap 2022	Regnskap 2021	Endring
Varige driftsmidler	4 203 427 100	4 160 879 312	-42 547 788
Finansielle anleggsmidler	281 099 454	278 249 960	-2 849 493
Immaterielle eiendeler	-	-	
Pensjonsmidler	2 029 394 728	1 833 499 659	-195 895 069
Sum anleggsmidler	6 513 921 281	6 272 628 931	-241 292 350

Figuren viser oversikt over kommunen sine anleggsmidlar pr 31.12.2022 og 31.12.2021

Varige driftsmidler omfattar kommunen sine eigedomar, anlegg og maskiner. Auken reflekterer årets investeringar fråtrekt avskrivningar og ev. sal.

Finansielle anleggsmidlar består av kommunen sine langsiktige aksjar (ikkje ein del av finansporteføljen) med ca. 42,2 mill. kr og utlån med ca. 238,9 mill. kr. Samla endring frå 2021 er ikkje så stor, men internt mellom postane har det skjedd ein del. Langsiktige aksjar er redusert med 34,3 mill. kr i samband med uttak av eigenkapital i KLP Fellesordninga (ca. 36,6 mill. kr), overføring av aksjekapital i Os Bygg og Eigedom AS til BUS AS (ca. 18,2 mill. kr), sal av aksjar i Sambygg AS (ca. 0,255 mill. kr) og auka aksjar i BUS AS med 20 mill. kr og KLP 0,7 mill. kr. Utlån er auka med ca. 37,2 mill. kr. Dette gjeld auka utlån av startlån og utlån til Nore Neset Idrettslag (9,2 mill. kr).

Pensjonsmidlane er ført opp i samsvar med oppstilling frå pensjonsleverandørane og reflekterer det som er spart opp i pensjonsordningane. Auken frå 2021 omfattar m.a. innbetalt premie i året.

Kommunen har følgjande omløpsmidlar pr 31.12.2022:

	Regnskap 2022	Regnskap 2021	Endring
Bankinnskudd og kontanter	921 135 914	622 116 904	- 299 019 009
Finansielle omløpsmidler	149 648 812	520 694 981	371 046 170
Kortsiktige fordringer	265 120 980	181 830 905	-83 290 075
Sum omløpsmidler	1 335 905 705	1 324 642 790	-11 262 915

Tabellen viser oversikt over kommunen sine omløpsmidlar pr 31.12.2022 og 31.12.2021

Bankinnskota har auka med 299 mill. kr frå 2021 til 2022. Kommunen har og hatt delar av overskotslikviditeten sin plassert i pengemarknadsfond med lav risiko. Plasseringa er avslutta pr. 31.12.2022 og midlane, ca. 360,9 mill. kr, er overført til bank då avkastninga på innskot i bank over tid

har vore betre enn plasseringa i dette pengemarknadsfondet. Dette forholdet ser ein igjen under Finansielle omløpsmidlar som er redusert som følgje av dette samt den negative avkastninga på langsiktig finansportefølje.

Auken i kortsiktige fordringar skuldast for ein stor del periodiseringar mellom 2022 og 2023. M.a. er estimat for ressurskrevjande tenester ført her med 68,5 mill. kr, dette er noko vi ikkje har ført i dei åra kommunen har vore med SIO.

Eigenkapital

Kommunen har følgjande eigenkapital pr 31.12.2022:

	Regnskap 2022	Regnskap 2021	Endring
Disposisjonsfond	589 491 848	637 513 476	48 021 628
Bundne driftsfond	43 236 770	105 668 974	62 432 205
Ubundet investeringsfond	94 869 404	46 549 704	-48 319 700
Bundne investeringsfond	11 152 083	15 936 845	4 784 762
Annen egenkapital	1 529 164 466	1 418 031 352	-111 133 114
Sum egenkapital	2 267 914 570	2 223 700 351	-44 214 219

Tabellen viser ein oversikt over kommunen sin eigenkapital pr 31.12.2022 og pr 31.12.2021

Eigenkapital drift består av bundne og ubundne driftsfond (disposisjonsfond). Pr 31.12.2022 utgjør disposisjonsfonda kr 589.491.848, ein netto reduksjon på ca. 48 mill. kr frå året før. Merk at kommunestyret har gjort vedtak om framtidig bruk/disponering av store delar av disposisjonsfonda. Det er i 2022 avsett kr 85.327.256 til disposisjonsfond. Av dette gjeld 55,6 mill. kr premieavviket i 2022 som skal utgiftsførast i 2023, medan 9,4 mill. kr er avsett til næringstiltak, ref. K-146/22. Kr 800.000 gjeld formannskapet disposisjonsfond og 19,5 mill. kr kommunestyret sitt disposisjonsfond. Det er brukt kr 133.348.884 av tidlegare avsette disposisjonsfond. 78,2 mill. kr av dette gjeld finansiering av premieavvik utgiftsført i 2022 og 20 mill. kr gjeld finansiering av kapitaloverføringa til BUS AS. Ca. 34,8 mill. kr er brukt som ein del av salderinga av budsjettet for 2022 (den delen som eigentleg skulle vore dekkja ved SIO fond). Det er og ført bruk av ein god del andre disposisjonsfond, t.d. covid-fond og vedlikehaldsfond.

Bundne driftsfond utgjør pr 31.12.2022 kr 43.236.770, ein reduksjon på ca. 62,4 mill. kr frå året før. Vel 50 mill. kr gjeld bruk av SIO fondet og nærare 13 mill. kr gjeld sjølvkost.

Eigenkapital investering består av bundne og ubundne investeringsfond. Pr. 31.12.2022 utgjør ubundne investeringsfond kr 94.869.404, ein netto auke på ca. 48,3 mill. kr. Mesteparten gjeld avsetning av uttatt eigenkapitalinnskot frå KLP Fellesordninga.

Bundne investeringsfond utgjør pr 31.12.2022 kr 11.152.083, ein reduksjon på ca. 4,8 mill. kr. Dette gjeld stort sett ekstra innbetalingar vedr startlån frå låntakarar.

Annan egenkapital er i stor grad det som heiter kapitalkonto. Her blir det m.a. ført kjøp/sal og avskrivning av anleggsmidlar/aksjar, utlån og avdrag på desse, bruk av lån og avdrag på lån og endring i pensjonsplikter.

Langsiktig gjeld

Kommunen har følgjande langsiktige gjeld pr 31.12.2022:

	Regnskap 2022	Regnskap 2021	Endring
Gjeld til kredittinstitusjoner	2 227 119 425	2 141 366 019	- 85 753 406
Obligasjonslån	722 000 000	722 000 000	-
Sertifikatlån	370 540 000	370 540 000	-
Pensjonsforpliktelse	1 915 732 868	1 813 781 614	- 101 951 254
Sum langsiktig gjeld	5 235 392 293	5 047 687 634	-187 704 659

Tabellen viser endring i kommunen sin langsiktige gjeld inkl. pensjonsforpliktelse.

Kommunen sin langsiktige lånegjeld pr. 31.12.2022 var kr 3.319.659.425. Kommunen sin gjeldsportefølje består av lån tatt opp for å finansiere kommunen sine anleggsmidlar, og lån tatt opp til vidare utlån (startlån). Kommunen si målsetting er å forvalte gjeldsporteføljen slik at dei langsiktige finanskostnadene blir lågast mogleg innanfor definerte krav til forutsigbarhet, stabilitet og renterisiko.

Kommunen sine lån består av ordinære gjeldsbrevlån, obligasjonslån og sertifikatlån. Av lånegjelda er kr 239.413.645 startlån til vidareutlån.

I 2022 blei det tatt opp startlån til vidareutlån med 60 mill. kr, og lån til investeringar med 152 mill.kr. Det er gjennomført anbodskonkurranse i samband med låneopptak til investeringar. Deler av låneporteføljen har rentebinding for å redusere risiko for auka utgifter ved ev renteauke.

Pr. 31.12.2022 er låneporteføljen sett saman slik:

	Beløp	Fordeling %	Rente-sats	Strategi	Frihetsgrad	Kontroll
Lån med flytande rente	1 817 525 935	55 %	3,62%	50 %	20% - 80%	OK
Sertifikatlån/Obligasjon 0 -12 mnd	370 540 000	11 %	2,57%	10 %	0% - 30%	OK
Fastrentelån, 1 - 5 år	293 892 658	9 %	2,34%	20 %	0% - 80%	OK
Obligasjonslån, 1 - 5 år	533 000 000	16 %	2,05%	10 %	0% - 30%	OK
Fastrentelån, 5 - 10 år	-	0 %		5 %	0% - 50%	OK

Årsmelding 2022

Obligasjonslån, 5 - 10 år	289 000 000	9 %	1,88%	5 %	0% - 30%	OK
Renteswap	-	0 %		0 %	0% - 20%	OK
Anna definert som gjeld i balansen	15 700 834					
SUM	3 319 659 427	100 %	2,98%	100 %		

Tabellen viser sammensetninga av lånegjelda i 2022 med omsyn til fast/flytande rente.

Ut frå bokførte verdier kan vi rekne at om lag 1,06 mrd. kr av gjelda kan tilskrivas vass- og kloakkområdet (sjølvkost), medan 121,1 mill. kr er lån med rentekompensasjon frå staten. Dette betyr at ein god del av lånegjelda har eksterntfinansiert rente:

Låneformål	31.12.2022	31.12.2021
Totale innlån:	3 319 659 427	3 234 073 431
Innlån startlån til vidare utlån	239 413 645	199 133 050
Lån til investeringsformål:	3 080 245 782	3 034 940 381
Lån knytta til sjølvkost*	1 058 664 810	1 051 765 345
Lån med rentekompensasjon:	121 101 504	131 356 143
Lån med eksterntfinansiert rente:	1 179 766 314	1 183 121 488
Lån som finansierast av kommunen:	1 900 479 468	1 851 818 893

* Rekna ut frå UB balanseførte anlegg

Tabellen gir ein oversikt over kor stor del av låna som har eksterntfinansiert rente.

Andre trekk ved låneporteføljen pr 31.12.2022:

Nøkkeltal:	31.12.2022	31.12.2021
Vekta gjennomsnittsrente:	2,98 %	1,56 %
Rentebindingstid (år):	1,14	1,52
Rentebinding under 1 år:	69,18 %	64,78%
Rentesensitivitet ved 1% renteauke:	22 805 659	20 797 796
Løpetid/Kapitalbinding (år):	7,76	8,09
Budsjettert avdragstid (år):	28,5	25,0
Verdi på lån som har forfall innan 1 år:	647 840 000	370 540 000

Andel netto renteeksponert gjeld

57 %

57 %

Tabellen viser ulike nøkkeltal knytt til låneporteføljen pr 31.12.2022 og 31.12.2021.

Rentebindingstida viser kor lenge renta på låna er fast medan løpetida/kapitalbindinga viser kor lang tid det tar før låna er forfalt til betaling. Tidlegare var dei fleste låna gjeldsbrevlån med lang avdragstid, medan det no er større innslag av sertifikatlån og obligasjonslån utan avdrag («bullet-lån»). Desse låna har oftast lågare rente, men har ein refinansieringsrisiko. Merk at nøkkeltalet rentesensitivitet ikkje tar omsyn til at deler av låneporteføljen har ekstern finansiert rente (startlån, avgiftsfinansierte lån og rentekompenserte lån).

Om vi måler langsiktig gjeld eks pensjonsforplikter i forhold til driftsinntektene er nøkkeltalet 140,5% (konserntal).



Figuren viser lånegjeld i % av driftsinntekter for kommunen, landet eks Oslo og kostra gruppe 9 basert på førebelse kostra tal pr.15.03.2023. Endelege tal og tal for landet kjem i slutten av juni.

Figuren viser at lånegjelda i Bjørnafjorden kommune målt i forhold til driftsinntektene er vesentleg høgare enn for landsgjennomsnitt, og høgare enn kostragruppa vår. Nøkkeltalet har utvikla seg negativt for kommunen i forhold til 2021. Dette har ikkje berre samanheng med at lånegjelda har auka, men og at driftsinntektene er lågare i 2022 enn i 2021. Nøkkeltalet tar heller ikkje omsyn til at kommunen har unyttta lånemidlar frå 2022 som følgje av lågare investeringsaktivitet enn budsjettert.

Merk og at kommunen har stilt garantiar for andre sine lån. Oversikt over kommunale garantiar ligg i notane til årsrekneskapen.

Kortsiktig gjeld

Kommunen sin kortsiktige gjeld består av leverandørgjeld, ev. premieavvik og anna kortsiktig lånegjeld. Pr 31.12.2022 var kortsiktig gjeld slik:

	Regnskap 2022	Regnskap 2021	Endring
Leverandørgjeld	92 1152 806	89 832 592	-2 320 215
Annen kortsiktig gjeld	254 201 752	236 051 144	-18 150 608
Premieavvik	165 564	-	- 165 564
Sum kortsiktig gjeld	346 520 122	325 883 736	-20 636 387

Tabellen viser ein oversikt over kortsiktig gjeld pr 31.12.2022 og 31.12.2021.

Leverandørgjelda er relativt stabil, medan annan kortsiktig gjeld har auka ein del. Annan kortsiktig gjeld består m.a. av skuldig skattetrekk, feriepengar og ymse periodiseringar. Avsette feriepengar og periodiseringar utgjer hovudtyngda av auken frå 2021.

Andre nøkkeltal frå balansen

Forholdet mellom omløpsmidlar og kortsiktig gjeld er likviditetsgraden. Nøkkeltalet fortel om kommunen si evne til å dekkja sine kortsiktige plikter. Dette nøkkeltalet bør vera større enn 2. Arbeidskapitalen (omløpsmidlar minus kortsiktig gjeld) er og ein måte å måla likviditeten på. Arbeidskapitalen bør vere positiv – då vil vår skuld til andre kunne dekkast av inneståande i bank og det andre skylder oss.

	2022	2021
Likviditetsgrad 1	3,86	4,06
Arbeidskapital	989 385 583	998 759 054

Tabellen viser likviditetsgrad og pr 31.12.2022 og 31.12.2021.

Nøkkeltala er tilfredsstillande, men noko svakare enn i 2021.

Økonomistyring

Rutinar for økonomistyring

Kommunen praktiserer rammestyring. Dette inneber at kommunestyret tildeler budsjetttrammene på sektor-nivå, og sektor-budsjetta blir så vidarefordelt ut i organisasjonen slik at kvar einingsleiar får sitt budsjett som dei får ansvar for. Kommunalsjefane har likevel mynde til å flytte midlar internt i sin sektor. Kvart tertial blir det lagt fram ein rapport til kommunestyret om utviklinga i tenestoområda og den økonomiske stoda. Tertialrapportane fokuserer på kjerneoppgåver, mål/utviklingsområde og oppnådde resultat.

I tillegg til tertialrapportane rapporterer administrasjonen om økonomisk utvikling til formannskapet ca. månadleg. Langsiktig finansportefølje blir rapportert månadleg til formannskapet og kommunestyret.

Administrativt rapporterer einingane til kommunalsjef månadleg. Rapportane skal fokusera på å identifisere avvik eller fare for avvik i forhold til årsbudsjett (prognose for resultat), og i tilfelle visa til tiltak for korleis avvika skal lukkast. Økonomirådgivarane har utstrekt kontakt med einingsleiarane med tanke på oppfølging, kontroll og støtte. Kommunalsjefane utarbeider i samarbeid med økonomirådgivarane ei månadleg oppsummering av stoda for kvar sektor med fokus på prognose pr. 31.12.

Kommunen har utarbeidd økonomireglement som m.a. gjer greie for styringsprinsipp, økonomiske måltal, rapportering og avslutning av årsrekneskapen. Økonomireglementet er rullert hausten 2022. Kommunen har utarbeidd finansreglement som m.a. gjer greie for krav til forvaltning, handtering av risiko, rapportering og administrative rutinar. Finansreglementet heimlar og kommunen sin finansstrategi og utføring av stress-test. Økonomiske reglement og rutinar ligg tilgjengeleg for alle i kommunens kvalitetssystem.

Økonomistyring i 2022

Året 2022 blei svært krevjande økonomisk, noko som blei klårt allereie i samband med utarbeidinga av årsbudsjettet for 2022 med tilhøyrande økonomiplan. Den tronge økonomiske situasjonen som Bjørnafjorden har vore i har gått over i ein djupare økonomisk krise. Avslutninga av SIO prosjektet med bortfall av store øyremerkte tilskot til omsorgstenestene har svekka den økonomiske stillinga dramatisk. Budsjetta til sektorane er reduserte i fleire omgangar, men det store omstillingsarbeidet som må til for å få økonomien i balanse er knapt kome i gang til tross for fleire gjennomførte innsparingstiltak. Særleg gjeld dette for omsorgssektoren, som i den relativt lange prosjektperioden har levd under heilt andre rammevilkår enn resten av kommunen. I 2023 må det takast tøffe avgjerder med omsyn til framtidig tenestenivå og tenestestruktur, og avgjerdene må omsettast til handling. Dette vil krevje mot og gjennomføringsevne frå mange, men vil vere nødvendig for å økonomien i balanse igjen.

Endring av rekneskapsprinsipp

Det har ikkje vore endringar i rekneskapsprinsipp dette året.

Personal og organisasjon

Medarbeidar

Arbeidsgivarstrategi

Bjørnafjorden kommune skal vere ein attraktiv arbeidsgivar

- som er nyskapande og endringsdyktig
- som har leiarar som viser veg og legg til rette for meistring
- som har engasjerte medarbeidarar med evne, vilje og riktig kompetanse

Strategiar:

1. Vi nyttar oppdatert kunnskap om beste praksis og driv eit systematisk utviklingsarbeid.
2. Vi er løysingsorienterte og serviceinnstilte.
3. Vi gjennomfører eit digitalt løft i heile organisasjonen.
4. Vi vågar å prøve noko nytt og bruker erfaringane til forbetring.
5. Vi satsar på tverrfagleg samarbeid og samskaping for å finne nye løysingar.

Leiarane set innbyggjarar, medarbeidarar og nyskaping i fokus, viser veg og legg til rette for meistring. Vi har engasjerte medarbeidarar med evne, vilje og riktig kompetanse. Det er meningsfylt og kjekt å jobbe i Bjørnafjorden kommune.

Tal på medarbeidarar

Mål: Å halde talet på innbyggjarar fordelt på årsverk likt, eller helst noko høgare år for år, slik at folkeveksten gjev oss rom for naudsynte investeringar.

Pr 31. desember 2022 var det 1827 fast tilsette i kommunen fordelt på 1447,06 årsverk.

Årsverk pr tenestoområde – fast tilsette og innbyggjarar pr årsverk

Årsverk - Fast tilsette

Sektor	2020	2021	2022
Fellesutgifter	5,7	4,30	Fellesutgifter + stab
Stab	68,69	65,30	40
Oppvekst	585,81	589,23	587,43
Helse og velferd	632,11	651,94	681,59
Samfunnsutvikling	125,33	123,68	138,03
Sum	1417,64	1434,45	1447,06
Innbyggjarar	25049	25213	25596
Innbyggjarar pr årsverk	17,66	17,57	17,68

I rapportering av årsverk er det faste aktive årsverk som er talt. Andre tilsettingsforhold som engasjement, vikariat, oppdragstaker, lærling, permisjon utan lønn, foreldrepermisjon, politiker, pensjonistavlønning og attføring er ikkje talt med.

Tal på tilsette - Fast tilsette

Sektor	2020	2021	2022
Fellesutgifter	5	4	Fellesutgifter
			+stab
Stab	70	67	41
Oppvekst	664	665	656
Helse og velferd	914	925	955
Samfunnsutvikling	161	159	180
Sum	1814	1820	1827

I rapportering av tal tilsette er det kor mange tilsette som går i dei faste aktive årsverka (1447,06) som er talt med. Tilsette med andre tilsettingsforhold er ikkje talt med.

Kommentarar til rapportering årsverk og tilsette frå sektorane

Oppvekst:

Oppvekst har gjennomført årsverksreduksjonar i samsvar med tiltaka i Bjørnafjorden 22 mellom anna er eit årsverk oppvekstkonsulent tatt ut frå stab og 3 årsverk er redusert i Familiens hus i samband med at tilsette har slutta (sluttpakkar) eller gått over i anna stilling utanfor Familiens hus. Det er tatt ut 60% årsverk frå skuleområdet i samband med at «Musikk for alle» blei fjerna. Det er gjort justeringar i leing og administrasjon på skulane. På skuleområdet og i barnehage er vi no på «grunnfjellet» slik at stillingar som endrast her har samanheng med endringar i barnetal og elevtal og med enkeltbarn/elevar med store hjelpebehov.

På barnehageområdet var det ein nedgang på 4,7 faste årsverk. I same periode var det færre barn i barnehagane og det blei nytta fast tilsett i vikariat for langtidsjukemeldte.

På skuleområdet har faste årsverk vore stabilt samla sett når ein ser alle skulane under eitt.

Familiens hus blei etablert 01.01.22 og tilsette frå einingane Barnevern, Førebyggande helseteneste og PPT blei flytta hit. I tillegg er stillingar frå stab overført til Familiens hus. Familiens hus fekk tilført 3 nye årsverk i 2022 for å oppfylle oppvekstreforma knytt til mellom anna fosterheimsarbeidet. Flyktningetenesta er overført frå Helse og velferd frå 01.01.22. Dette utgjorde 4 faste årsverk.

Der har vore ein auke i årsverk knytt til flyktningemottak, men i 2022 var dette i stor grad mellombelse stillingar, med unntak av 1 årsverk som er fast.

I Oppvekst har det vore nokre mellombelse årsverk som er gått over i faste årsverk som følgje av bestemmelser i Arbeidsmiljølova.

Helse og velferd

Årsverk pr tenesteområde – fast tilsette og innbyggjarar pr årsverk

Årsverk - Fast tilsette

Sektor	2020	2021	2022
Helse og velferd	632,11	651,94	681,59

Tal på tilsette - Fast tilsette

Sektor	2020	2021	2022
Helse og velferd	914	925	955

Helse og velferd har hatt ei auke på 29,65 årsverk frå 2021 til 2022. Dette skuldast i all hovudsak nye lovpålagte tiltak og vedtak i enkeltsaker, samt faste tilsetjingar i periodiske vakante stillingar. Samtlige einingar har tilstreba å ta imot auka vekst i behov og pasienttilfang innafor gjeldande rammer. Dette har vist seg utfordrande når pålagt auke i tiltak har vore omfattande, der mellom anna Statsforvaltaren har gitt pålegg.

I Fagstab og fellestenester er det ei auke på 1 årsverk i samband med prosjektet «Heima best» og overtaking av systemansvar for Profil (fagprogram for omsorgstenestene). Dette er mellombelse stillingar fram til juli 2024.

I Pleie og omsorg skuldast auken at det er tilsett i 5 stillingar som var vakante pr 31.12.21. Det har vidare blitt tilsett 2 årsverk i etablering av nytt produksjonskjøkken på FBBS.

I Heimetenestene på Os og Fusa er det tilsett om lag 4 årsverk i stillingar som var vakante pr 31.12.21.

I Tilrettelagte tenester er det tatt ned 5 årsverk i turnuser, men grunna auke i vedtak kring barnebustad og auka tiltak i tenester i heimen er det auke der med 6 årsverk. Dette utgjer netto 1 årsverk i auke.

Oppretting av bemanningssentralen førte til auke i fast bemanning på 4 årsverk, som skal finansierast frå sparte vikarutgifter.


I Psykisk helse og rus blei avtalen med Omsorgspartner (kjøp av tenester innafor rusomsorga) avslutta, og kommunen måtte etablere eigne tenester. Dette førte til auke på 4,25 faste årsverk. Bustadkontoret hadde ei auke på 0,5 årsverk i samband med mottak av flyktningar frå Ukraina. NAV hadde ei bemanningsauke på 3 årsverk knytt til mottak av flyktningar, prosjektstilling Posterus som gjekk over til fast stilling, og stillingar innafor FACT-team (rusomsorg) som gjekk frå prosjektstilling til fast stilling. Dette innafor gjeldande budsjettrammer.

Legetenestene hadde ei auke på 4 årsverk knytt til stabilisering av legetenestene, mellom anna ordninga med nordsjøturnus. Dette er vakante stillingar vi har fått tilsett personell i. Alle 26 vaktlegar i 8% stilling kvar på legevakten fekk fast tilsetting, dette utgjør om lag 2 årsverk. Vidare vart det tilsett 0,5 årverk i vakant kommuneoverlegestilling.

Samfunnsutvikling

Økning i antall årsverk i samfunnsutvikling kjem i all hovudsak som resultat av at innbyggjerservice med alle tjenesteområder blei overført frå stab til samfunnsutvikling. Store delar av samfunnsutvikling faller inn under selvkostområdet og ein besparelse innafor desse områdene vil ikkje større handlingsrom for kommunen, men resultere i lågare gebyrer ut til innbyggjarane. Innafor desse områda er årsverka uten økning eller reduksjon gjennom 2022.

Aldersfordeling for tilsette totalt i organisasjonen



Likestilling og lønn

Fordeling av kvinner og menn i kommunedirektøren si toppleiargruppe er 4 menn (57 %) og 3 kvinner (43%).

Kommunestyret består av 25 menn og 10 kvinner totalt 35 representantar. Totalt er kvinneandelen i kommunestyret 28,5%.

Formannskapet har totalt 9 medlemmer hvorav 4 er menn og 5 kvinner. Totalt 55,6 % kvinneandel.

Vårt arbeid for likestilling og mot diskriminering

Likestillingsarbeidet skal omfatte heile grunnlaget for diskriminering i lovverket. Dette skal skal vere knytt til rekruttering , lønns – og arbeidsvilkår, forfremjing, utviklingsmogelegheit, tilrettelegging og mogelegheit for å kombinere arbeid og familieliv, arbeid mot trakassering og seksuell trakassering og kjønnsbasert vold.

Likestillingsarbeidet er forankra i kommunen sin overordna strategi og hensynet til likestilling og ikkje-diskriminering er inkludert i personalpolitikken.

Likestilling mellom kjønna er eit mål innanfor yrkesgruppene kommunen sysselset. Likestilling skal vurderast ved alle kunngjeringar og tilsetjingar. Tilsette og leiarar skal aktivt fremje likestilling mellom kjønna.

I andre del av 2022 blei det starta eit arbeid med eigen strategi for likestilling og ikkje-diskriminering med mål om betre identifisering av forbetningsområder og utviklingspotensialer.

Lønn

I kommunal sektor tener kvinner i gjennomsnitt litt mindre enn menn. Dette skuldast i hovudsak ulik stillingsplassering og utdanning. Lokalt er kvinner si løn 92,4 % av menn si løn når vi ser på fortjeneste pr måned (grunnlønn, faste og variable tillegg) og 92,6 % når vi ser på grunnløna.

Kommunen nyttar PAI-statistikk ved samanlikning av lønnsnivå og lønnsutvikling. Statistikken er basert på pålagt innrapporterte tal til KS 15. desember kvart år.

Lønnsforhold justert for ulike faktorar – Bjørnafjorden kommune.

Tabellen syner gjennomsnittleg fortjeneste pr månadsverk og gjennomsnittlig grunnlønn månadsverk for kvinner i prosent av menn si løn.

	Årstall					
	2020		2021		2022	
Justert for	Kvinner månedsfortjeneste i prosent av menns	Kvinner grunnlønn i prosent av menns	Kvinner månedsfortjeneste i prosent av menns	Kvinner grunnlønn i prosent av menns	Kvinner månedsfortjeneste i prosent av menns	Kvinner grunnlønn i prosent av menns
Ujustert	91,9	91,9	93,2	93,3	92,4	92,6
Alder	91,9	91,9	93,2	93,3	92,4	92,6
Stillingsgruppe	96,4	98,0	97,6	99,0	96,3	97,7
Stillingskode	100,2	98,4	101,4	99,0	100,1	97,9
Utdanning	94,7	93,6	95,7	96,0	95,0	95,2

Tala viser kva kvinner si løn som del av menn si løn ville vore om dersom kvinner og menn hadde hatt same fordeling av årsverk innanfor kvar av variablane det er justert for. Tala justert for stillingsgruppe eller stillingskode bør ein bruka som mål på kjønnsforskjell i løn, sidan tala i stor grad held utanfor den delen av lønnsforskjellen som er knytt til ulike yrkesval.

Heiltidskultur

Heiltidskultur er avgjerande for å kunne møte framtidas kompetansebehov. Vi har mykje forskning som viser at heiltidskultur og store stillingar er positivt både for arbeidsgjevar, arbeidstakar og ikkje minst for brukarar/innbyggjarar. Å utvikle heiltidskultur handlar om meir enn turnusordningar og å få helgene til "å gå opp". Det handlar om haldningar, forankring, normer for "korleis vi har det/gjer det hos oss". Å utvikle heiltidskultur handlar om organisasjonsendring med politisk vilje, tydeleg leiing, engasjerte tillitsvalde og tilsette som arbeider for same mål i same retning. Arbeid med heiltidskultur er ein langsiktig og kontinuerleg prosess som også inneber store omstillingar. Helse og velferd har arbeidd godt med dette temaet og kan vise til auke i stillingsstørrelse knytt til enkeltvis tenester.

Gjennomsnittleg stillingsstorleik

	2020	2021	2022
Stab	98	98	89,1
Oppvekst	88	89	88,1
Helse og velferd	69	71	68,9
Samfunnsutvikling	78	78	74,7
Samla	78	79	77,7

Gjennomsnittleg stillingsstorleik gir eit overordna tal for heile kommunen der alle stillingar er tatt med, også helgestillingar. For 2022 er tala noko lågare enn tidlegare, men biletet er meir nyansert når vi ser på ulike stillingsgrupper og ulike einingar. Omfanget av deltidsarbeid er ulikt mellom kjønn, aldersgrupper, utdanningsnivå og sektorar. I Bjørnafjorden kommune er det først og fremst kvinner som jobber deltid.

Kommunen har lokale retningslinjer for heiltidskultur. Retningslinjene er integrert i rekrutteringsprosessen og skal vera eit naturleg vurderingspunkt i behovsanalysen før utlysning av ledige stillingar. I overordna rekrutteringsstrategi har ein for 2021-22 prioritert arbeid med utlysning av større / heile stillingar for helsepersonell.

Lærlingar

Læreplassar er et satsingsområde, og kommunen har dei siste åra auka talet på lærlingar i ulike sektorar. Gjennom lærlingordninga bidrar ein til å utdanne arbeidskraft for framtida og samtidig vise fram kommunen som arbeidsgjevar. Det er noko ulikt mellom fagområda, nokre fag har få plassar og mange søkjarar, medan andre ikkje får nok søkjarar. Det siste har vore tilfellet i kommunen vår, kor ein har opplevd for få kvalifiserte søkjarar for å fylle alle plassane. På utdanningsmessa 2022 hadde kommunen stand for lærlingar frå alle sektorane var representerte, og gjorde et godt rekrutteringstiltak for framtidige lærlingar.

For 2022 hadde kommunen totalt 38 lærlingar, 17 Helse og Velferd, 5 Samfunnsutvikling, 2 Service- og admin, 2 Brann og redning og 1 på VA/samferdsel, 2 IT og 14 Oppvekst.

Sektorane har fagsamlingar med lærlingar 2 gonger pr år, og det same for instruktørane. I 2022 har det også vore gjennomført 1 fellessamlingar for lærlingar med ulike fagtema frå kommunen og arbeidslivet generelt. For instruktørane blei det gjennomført hausten 22 instruktørkurs i regi av Rettleiingstenesta, Vestland fylkeskommune.

HMS

Helse, miljø og sikkerheit

Forbetringsportalen – er Bjørnafjorden kommune sitt system for avvik og forbetringsforslag. Det blei meldt inn 2895 avvik i 2022, av desse var 19 knytt til personvern og informasjonssikkerhet, og 80 saker blei meldt som forbetringsforslag.

Total pr 31.12.22	
Lukka	2556
Ny melding	302
Under behandling	97

I Januar kvart år skal leiarane via si arbeidsmiljøgruppe (AMG) rapportere HMS status frå einingane. Rapporten er eit verktøy for å sikra det systematiske HMS arbeidet i kommunen. Kommunedirektøren sikrar gjennom dette ansvaret for at internkontrollforeskrifta er fulgt, og kan dokumentere at pålegg i forskifta blir utført. AMU er behandlande instans for den samla oversikta frå årsrapportane. For 2022 er det levert 45 rapportar frå tenestene. Rapportane fordeler seg slik:

Helse: 23 Oppvekst: 15 Samfunnsutvikling: 5 og Stab: 2

Talet er framleis ikkje tilfredstillande og krev oppfølging og opplæring i lederlinja for 2023. AMU har behandla årsrapporteringa på HMS og har gjort vedtak på forbetningsarbeid for 2023. Arbeidet skal foregå i ei partsamansatt arbeidsgruppe og skal ha fokus på forenkling av og samanheng med det øvrige internkontrollarbeidet knytt til HMS.


AMU - Det blei gjennomført 5 møter i AMU i 2022. Det blei behandla 46 saker, 13 av sakene var meldt frå arbeidstakersida og 33 saker var meldt frå arbeidsgjeversida. AMU gjennomførte pålagt opplæring for medlemmane i 2022.

Grunnopplæring i HMS – det er gjennomført grunnopplæring for 27 verneombod i 2022. Opplæringa omfattar to dagars heildigitalt kurs og to dagars digitalt klasseromskurs med instruktør . Ein gjennomfører opplæring for verneombod kvart år, hovudopplæring eit år og supplering året etter. Verneomboda er valgt for to år.

HMS opplæring for leiarar tilbys kontinuerleg når behov oppstår, og er organisert som digitale kurs som kan bestillast via HR avdelinga.

Internkontroll og etikk

Styring og internkontroll



Kommunelova stiller krav om rapportering på internkontroll.

I Bjørnafjorden kommune er internkontrollen integrert i ordinær styring av verksemda. Den heilskaplege styringa av kommunen omfattar alt frå vedtekne politiske planar, strategiar og saker, til iverksetting av desse gjennom kommunedirektøren sin interne styring av verksemda. Bjørnafjorden sin visjon - eit raust og attraktivt lokalsamfunn med evne og vilje til nyskaping, etiske retningslinjer og verdier – vi lyttar med respekt, vi finn smarte løysingar, vi gjer det vi seier og vi er inkluderande - skal ligge til grunn for styringa av verksemda.

Leiingsprosesser inneber å styre verksemda slik at mål blir nådd, lover og regler blir etterlevd, og at ressursar blir brukt effektivt og hensiktsmessig. Kommunebudsjettet med mål og tiltak dannar grunnlag for leiaravtaler med tiltaksplanar og resultatoppfølging gir overordna føringar for styringa av kommunen.

Støtteprosessar er retta mot å understøtte verksemda sine tenester til innbyggjarane. Kommunen sine administrative einingar leverer tenester til kommunen sine innbyggjarar i tråd med gjeldande lover og forskrifter, strategiar og planar.

Tenester til brukarane og innbyggjarane omfattar størstedelen av kommunen sin verksemd. Staten regulerer store deler av kommunen sin verksemd gjennom lover og forskrifter, kontroll og tilsyn. Ut over dei lovbestemte oppgåver bestemmer kommunen sjølv (politisk vedtak) kva tenestetilbod kommunen sine innbyggjarar skal få. Risikostyring og god internkontroll er viktige forutsetningar for oppnå mål. Ansvar for internkontroll, risikostyring, sikkerheit og beredskap ligg i linja.

Leiingsprosessar, støtteprosessar og kjerne prosesser er dokumenterte i kommunen sitt kvalitetssystem. Mange rutinar er på plass og det jobbast no med å oppdatere elektronisk årshjul med fristar for oppgåver og rapportering internt og frå rådmannen til politisk nivå.

I 2022 er det mellom anna gjennomført følgande tiltak for å sikre betryggande kontroll:

- Kontinuerleg arbeid med å få dokumentert prosessar og prosedyrar for heile kommunen i det elektroniske kvalitetssystemet
- Vidareutvikla samanhengen mellom dei styrande dokumenta og leiingsprosessar, støtteprosessar og kjerneprosessar.
- Prosessen med systematisk leiaroppfølging og leiarsamtalar er starta.
- Leiinga sin gjennomgang innført og er fast ein gong pr. År.
- Det er gjennomført forbetringstiltak i tenester etter avviksmeldingar, risikovurderingar og funn ved forvaltningsrevisjonar og tilsyn.
- Det er gjennomført opplæring i forskjellig funksjonalitet i Kvalitetssystemet.
- Gjennomført opplæring av tilsette og leiarar i høve personvern og informasjonssikkerheit
- Gjennomført prosessarbeid i område og einingar for å utvikle kvalitetssystemet til å bli betre og lettare å finne fram i.

Personvern og informasjonssikkerheit

Det overordna målet er å sikre god internkontroll kring personvern og informasjonssikkerheit i heile Bjørnafjorden kommune. For å klare dette er det viktig at alle tilsette kjenner regelverket for personvern og informasjonssikkerheit. Det er derfor innført obligatorisk opplæring for medarbeidarar og leiarar i personvern og informasjonssikkerheit. I tillegg har kommunen system for arbeid med og oppfølginga av arbeidet med personvern og informasjonssikkerheit med bl.a. sikkerhetsforum og arbeidsgruppe for sikkerhetsforum. Sikkerhetsforum består av toppleiinga, representantar frå områda, personvernkoordinator og personvernombod. Sikkerhetsforum har regelmessige møter kor dei gjennomgår plan for arbeid, kor langt er vi kommen i arbeidet og aktuelle personverntema. Arbeidsgruppa for sikkerhetsforum jobbar ut mot område og bistår i arbeid med behandlingsprotokoller, risikovurderingar, DPIA og databehandlingsavtalar. I tillegg er dei ein pådrivar for å auke kunnskapen om personvern blant tilsette på område. I 2022 har hovudfokuset vore å få på plass behandlingsprotokoller og starte arbeidet med DPIA (personverkonsekvensar) I tillegg til dette arbeidet har det vore fokus på å få tilsette til å ta digitalt kurs om personvern og informasjonssikkerheit. Det har og vore gjort ein del arbeid med å utforme malar og prosedyrar for å gjere arbeidet lettare og meir forståeleg.

Bergen kommune avdeling personvern innehar rolla som personvernombod for Bjørnafjorden kommune. I tillegg gir dei råd ved personvernarbeid, utarbeiding av malar og prosedyrar og godkjenning av alle DPIA er. Dei gir og råd ved brot på personvernet og meldingar til datatilsynet.

I 2022 var det meldt 24 avvik på personvern og informasjonssikkerheit, av desse vart 7 avvik meldt til datatilsynet. Desse avvika vart lukka lokalt.

Etikk

Kommunen vedtok ved samanslåinga etisk reglement for tilsette og politikarar.

Reglementet skildrar på ein god og oversiktleg måte kva forventingar kommunen har til dei tilsette og folkevalde når det gjeld at desse skal opptre i tråd med lover, reglar, interne retningslinjer og avtalar,

samt kommunen sitt verdigrunnlag og politiske vedtak. Vidare skildrar reglementet dei tilsette sin rett til ytringsfridom, korleis forholde seg til habilitet og interessekonflikt, møtet med innbyggjarane, forbod mot gåver og andre ytingar m.v.

Bruk av retningslinjer og fokus på etiske problemstillingar er eit kontinueleg arbeid og temaet inngår i kommunen si digitale leiaropplæring. På alle nivå i organisasjonen skal etisk refleksjon vera eit naturleg element, frå politisk nivå og ut i alle tenestene.

Kommunestyret vedtok i 2020 at Bjørnafjorden kommune skal vere medlem i Transparency International Norge. Dette var ei vidareføring av medlemskapet Os kommune hadde i organisasjonen. Medlemskapet er eit godt supplement til dei etiske retningslinjene og gir eit godt grunnlag som ein del av det kontinuerlege kvalitetsarbeidet i kommunen.

Sjukefråvær

Nærvær – sjukefråvær

Mål: Sjukefråværsprosent på 7 prosent

Sjukefråværet i Bjørnafjorden kommune var i 2022 på 10,19 prosent. 3,81 prosent er fråvær på 1-16 dagar, og 6,35 prosent er fråvær over 17 dagar.

Sjukefråvær pr kvartal i 2022

	2020	2021	2022
1. kvartal	8,77	9,54	12,48
2. kvartal	7,79	8,55	9,07
3. kvartal	7,02	7,11	7,71
4. kvartal	9,29	10,63	11,50
På årsbasis	8,21	8,95	10,19

2022 fordelt på tenesteområda

	Stab	Oppvekst	Helse og velferd	Samfunnsutvikling	Samla
Samla	6,87	9,03	11,89	7,92	10,19
Kvinner	5,16	9,64	12,78	9,80	11,09
Menn	9,84	5,51	5,96	6,40	6,17

Sjukefråvær er fast tema på blant anna AMU- møta, og hausten 2022 starta arbeid med nye tiltak for å redusera sjukefråværet. Ein ny rutine for tilrettelegging i eit førebyggingsperspektiv blei utarbeidd. Hovudmålet med dette arbeidet er å bygge robuste arbeidsmiljø, auke nærværet og kome i forkant av eit potensielt fråvær. Implementeringa av rutinen blir gjort 1. tertial 2023, blant anna med fysiske kurs med kompetanseheving for leiarar med personalansvar.

2022 starta med mykje koronarelatert fråvær, utover i året følgde fråværet vanleg syklus med mindre fråvær i 2 og 3. kvartal og så ein auke i 4. kvartal. Både langtidsfråvær og korttidsfråvær er høgare enn før koronatiden. Som følgje av tida med korona kan ein sjå ein tendens til at ein har lågare terskel for å melde seg sjuk ved luftvegsinfeksjonar enn tidlegare.

Tiltak som bidrar til auka nærvær er målretta og systematisk arbeid over tid for å betre arbeidsmiljøet. Fokusområde er å styrke nærværet og trivselen på jobb, førebygge sjukefråværet og hindre utstøying og fråfall frå arbeidslivet. NAV arbeidslivssenter har vore involvert i fleire overordna prosessar i einingar kor leiar, tillitsvalde og verneombod har delteke. Nokre prosessar er ferdig og andre vil fortsette i 2023.

Tiltaket ekspertbistand eit IA tiltak som kommunen har nytta lite, i 1. tertial 2023 vil det bli jobba aktivt med å kurse leiarane i korleis nytte dette tiltaket. Formålet med ekspertbistand er å støtte oppunder arbeidet med å forebygge og redusere sjukefråvær og hindre fråfall i arbeidslivet. Målgruppa er tilsette med enten hyppig og gjentakande, eller langvarig fråvær. Eksperten skal bidra til å løyse eller avklare problem som leder til sjukefråvær. Ekspertbistand kan vere arbeidsplassvurdering, omstilling, kompetansekartlegging, karriererettleiing, tilrettelegging og kartlegging/avklaring. Tilskot til enkeltsaker har maks sats på 21 800 kr.

Gravide i jobb

Jobb-jordmor er eit tiltak som skal legge til rette for at gravide kan stå i arbeid gjennom graviditeten gjennom individuell tilrettelegging. Den gravide, leiar og jordmor kjem gjennom felles samtalar fram til tiltak som kan støtta den gravide i jobb-kvardagen.

I 2022 har jobb-jordmor fulgt opp 29 gravide tilsette, av desse har 10 hatt oppfølging over årskiftet 22/23. Dei tilsette høyrde inn under 12 ulike tenestestader. Det er gjennomført 58 av 72 planlagde trepartssamtalar, som er eit av tiltaka i jobb-jordmor tenesta. Grunna ressursmangel i jordmortenesta har ikkje alle som ønska oppfølging fått dette i 2022.

Oppfølging av klima

Arbeid med klima og miljø i Bjørnafjorden kommune

Bjørnafjorden kommune har ein klimavisjon om å bli eit nullutsleppssamfunn innan 2030. Kommunen skal jobbe systematisk for klima-, miljø- og samfunnsansvar i sine anskaffingar/ grønne innkjøp. Ønska effekt er å få en bevisst strategisk bruk av anskaffingar for å bidra til at kommunen når dei mål som er sett knytt til klima og miljø, arbeidslivskriminalitet og sosialt ansvar. Samt bidra til å velje løysningar som er berekraftige, og oppretthalde og byggje vidare på eit godt omdøme så tilliten til den nye samla kommunen ikkje svekkast. Kommunen vil mellom anna ha fokus på klima, energi og miljø gjennom energireduserande tiltak i kommunale bygg og anlegg, leggja tilrette for miljøvenlege transportformar som kollektiv, sykling og gange, stille krav om klimavenlege løysingar i utviklingsprosjekt kommunen deltar i, og stimulere til grøn næringsutvikling.

Bjørnafjorden kommune er ein klimapartner og får oppdatert klimarekneskap gjennom Klimapartner Vestland kvart år. Siste tilgjengelege tal er frå 2021, [sjå meir her](#)

Klimarekneskapen for 2022 vil bli ferdigstilt i løpet av første halvår 2023.

I det daglege blir det gjort fleire små og større grep ute i tenestene for å betre klima og miljø. Det går på alt frå kildesortering i barnehagar til større ENØK-tiltak i regi av Eigedom Drift. Vi har i 2022 ikkje lukkast med å systematisere dette i tilstrekkeleg grad til at vi kan hente ut eigne klimastatistikkar for Bjørnafjorden kommune sine eigne verksemder, men vil i det påfølgjande gjere greie for nokre av dei større grepa som har vore gjort.

Fokus på energibesparande tiltak

Gjennom mange år har Eigedom Drift hatt fokus på energieffektivisering av kommunale bygg. Dette går på energibesparande tiltak som vedlikehald av ventilasjonsanlegg, utskifting av vanleg belysning til LED, utskifting av varmtvannsberedere, god kontroll og oppfølging av SD styringssystemer m.v. I 2022 skifta vi td ut alle vindauger og utvendig kledning på Eikelandsosen barneskule.

Det som har ovre fokus for 2022 er ikkje utskifting av dei store energikrevjande tiltaka, men fokus på planlagt systematisk drift og vedlikehald. Når alle dreg i same retning er det dei små tinga som tilskutt gjer positivt resultat.

Gjennom god dialog med brukarane av kommunale bygg med tanke på energibesparende tiltak ved bruk av bygget. Det vil seie om nokon ønsker å bruke bygga på kveld/helg, må dette meldast inn til oss slik at me kan programere inn varme og ventilasjon på dei tidspunkta dei er der. Det er energikrevjande å halde varmen eller varme opp bygg som ikkje er i bruk. Me ser ofte at bygg med store garasjeportar står opne ved kaldt vær og pleier då å ta ein dialog med brukarane for å forklare denne ressursløsinga. Det pleier å hjelpe.

Som ei følgje av dette systematiske arbeidet og fokuset reduserte vi i kommunale bygg straumforbruket med 1 028 417 kwh i 2022.

Redusert transport og fokus på vassmiljø

Innan vassforvaltning er det eit hovudmål å beskytta vassmiljø frå forureining. Ein plan for opprydding er under utarbeiding og vil ha stort fokus dei neste åra. Vidare er det stor fokus på overvasshandtering, kor

vi arbeider med å skilje overvatnet frå avlaupsvatnet og at overvatn blir handtert på ein god og sikker måte gjennom reguleringsplanen slik at ikkje overvatn blir ei klimautfordring.

Innan samfersel er det framleis eit stykke att til å bytte maskinparken til fossilfrie køyrety. Dette vil krevje ei stor investering og per no er det viktigaste å få maskinparken til å halde i mange år framover. Når det kjem til små bilar så blir desse byta til el-bilar når dei skiftast ut.

Mellomlagring av asfalt har vore eit viktig grep for å redusere transport av massar og unødig køyring, og dermed redusere utslepp frå dei tunge køyretya våre.

Klima som del av kommunale prosjekt

I større byggprosjekter blir det sett krav til og vurdert ulike klima- og miljøkrav, slik som solceller og LCD-berekningar. Krav vert innarbeid i funksjonsbeskrivelse, mange krav ligg i forskrifter og ved bruk av standard.

Kan nevne at Søfteland bufellesskap skal være passiv hus og det skal installerast solcellanlegg. Vidare er det bl.a. gjennomført evaluering etter energireglar og passivhusevaluering. Jettegryto barnehage får både solcelleanlegg og vannbåren varme.

For alle prosjekter så blir det sett krav til avfallshåndtering og utarbeid plan for dette.

Innanfor VA-området så legg ein mykje vekt på bruk og lagring (gjenbruk) av massar på anlegget, produktvalg (levetid), samt energieffektive pumper i når ein byggjer nye pumpestasjonar eller skiftar ut gamle pumper.

Når det gjeld prosjekt som vi gjennomfører innanfor Miljøløftet, eigne prosjekt og saman med VLFK, så ligg Miljøløftets hovudmål til grunn: «I byområdene skal klimagassutslipp, kø, luftforurensning og støy reduseres gjennom effektiv arealbruk og ved at veksten i persontransporten tas med kollektivtransport, sykling og gange».

Berekraftig utvikling som ein naturleg del av kvardagen

I heile organisasjonen er det eit fokus på berekraftig utvikling. Eit døme på det er arbeidet ein gjer innan skule og barnehage kor ein har fire konkrete mål innan området.

På skuleområdet er arbeidet tett kopla mot overordna del i LK20:

«Bærekraftig utvikling som tverrfaglig tema i skolen skal legge til rette for at elevene kan forstå grunnleggende dilemmaer og utviklingstrekk i samfunnet, og hvordan de kan håndteres. Bærekraftig utvikling handler om å verne om livet på jorda og å ta vare på behovene til mennesker som lever i dag, uten å ødelegge framtidige generasjoners muligheter til å dekke sine behov. En bærekraftig utvikling bygger på forståelsen av sammenhengen mellom sosiale, økonomiske og miljømessige forhold. Menneskehetens levesett og ressursbruk har konsekvenser lokalt, regionalt og globalt.»

Døme på arbeid lokalt i skulane:

- Lokale elvar – fleire skular deltek
- Elevane er miljøagentar: sorterer plast, papir etc
- Fokus på gjenbruk: design og re-desingfaget på ungdomsskulen
- Kunst og handverk på barneskule: re-desing

- Mat og helse: fokus på matsvinn, bruke opp rester, kaste mindre mat
- Etablering av «skulehagar»
- Rydding av søppel i fjæra, langs fortau og på skuleplass
- Besøk på gjenvinningsstasjonar
- Mindre papir – meir digitalt (vekeplaner, infoskriv m.m)
- Innkjøp vert vurdert ift kvalitet.

På barnehageområdet er arbeidet tett kopla til rammeplanen:

«Barna skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Bærekraftig utvikling omfatter natur, økonomi og sosiale forhold og er en forutsetning for å ta vare på livet på jorden slik vi kjenner det. Barnehagen har derfor en viktig oppgave i å fremme verdier, holdninger og praksis for mer bærekraftige samfunn.»

Døme på arbeid med tema:

- Kjeldesortering
- Grønsakhage
- Fokus på frå jord til bord.
- Tema: Ta vare på naturen. Barna er mykje på tur i naturen og jobbar med gode haldningar.
- Vasstilvenning i sjø eller vatn.
- Mindre papir – meir digitalt (månadsplaner, infoskriv m.m)
- Innkjøp vert vurdert ut i frå kvalitet.

Handtering av akutt forureinsing med fare for miljøkonsekvensar


Bjørnafjorden brann og redning (BBR) har hatt fire utrykningar relatert til akutt forureining og tretten oppdrag knytt til ubetydeleg forureining i 2002. Dette er hendingar relatert til eit aktivt og eller pågåande utslepp/lekkasje. Ved uhell eller ulykker kor det oppstår utslepp av miljøskadelege stoffer skal BBR handle raskt og riktig for å minimalisere negativ effekt for miljøet. BBR har utstyr og materiell for å iverksette umiddelbare tiltak for å stoppe utslepp, samt skadeavgrense ved å fjerne/absorbere eller isolere utsleppet. Oppdraga BBR aksjonerte på i 2022 var i hovudsak relatert til utslepp til sjø/vann. Her blei det brukt lenser for å absorbere og begrense omfanget av utsleppa..

BBR har også vore involvert i fleire forureiningssaker, men som ikke har vore akutte. Dette gjeld ytre miljø og forureiningsaker som omhandlar brot på løyver og vedtak som er gitt av kommunen. Det gjeld også saker om forurensa grunn, og saker som grenser mot forsøpling. I desse sakene samarbeider BBR med Statsforvalteren og andre kommunale einingar som; landbrukskontoret, byggesak, Klima- og miljøvernrådgevar og jurist. Tiltak og pålegg i slike saker er ofte vidare grunnundersøkingar og utgreiingar. Saksgangen vidare baserer seg på alvorlighetsgrad og grad av aktsemd. På bakgrunn av dette kan grunneigar miste sine løyver og kan bli holdt ansvarleg for eventuelle brot på forureiningsloven.

Krav til dei som skal etablere seg i Lyseparken

Bjørnafjorden Utviklingsselskap AS (BUS), som forvaltar Lyseparken på vegne av Bjørnafjorden kommune, har tydelege mål for ei utvikling av næringsområdet som er klimavennleg og sosialt bærekraftig. Difor blir alle som ønskjer å etablere seg i parken møtt med klare forventningar om kva ei etablering skal gje med tanke på klimagassutslipp, illustrert i bilete nedanfor.

Lyseparken og klimagassutslipp



Lyseparken vil arbeide mot målet om å bli klimanøytral

Skal Lyseparken klare den blå linjen, er det flere tiltak som må gjøres:

- Null-utslipps byggeplasser og fokus på gjenbruk og sirkulære løsninger
- Effektiv planting av trær og andre Naturbaserte løsninger.
- Smart plassering av bedriftene i Lyseparken for å oppnå energieffektivisering, varmegjenvinning og konvertering til fornybare energibærere, samt reduksjon i transport (Fysisk samle bedrifter i verdikjeden)

Bjørnafjorden

Responsen frå interessentane har gjennomgåande vore positive til denne inngangen til det å få etablere seg i parken. Då veit dei at naboen har det same fokuset som dei sjølv har.

Lyseparken held på fokuset om at parken skal vere ei unik satsing på klima, miljø og berekraft. Dette gjer dei gjennom tre «bein», kor fokuset på å utvikle eit godt og framtidsretta næringsområde ligg til grunn.

- Økonomisk berekraft
 - Grønnvekst
 - Sirkulær og komplimenterende industri
 - Innovasjon
 - Konkurranseskraft
- Miljømessige forhold
 - Karbonpositiv
 - Smarte og fonybare energiløysingar
 - Vern om natur og naturmangfald
 - Klimatiplassing
- Sosial berekraft
 - Gode arbeidsplassar
 - Framtidsretta arkitektur omringa av vakkert landskap
 - Sosiale arenaer med god mobilitet
 - Knutepunkt og innovative møteplassar

I selekteringa av interessentane krev BUS at ei rekkje KPI-ar skal svarast ut. På dette området går det på at plan og reguleringsforhold skal hensynta KLEM-planen, miljø og EU-taksonomi, Arkitektur, design og Breeam, energibalanse og effekter for energisentral i parken og at etableringa er i samsvar med grønt veikart for omstilling i Vestland.

Sjølv om ein ikkje kan hente ut konkrete målbare resultat i 2022 er det ei forventning om at ein etter etablering i Lyseparken skal bidra positivt til miljøet og konkret gjennom reduserte klimagassutslipp samanlikna med korleis verksemda driv i dag. Dette blir det stilt krav om at verksemdene kan dokumentera.

Samfunnsikkerheit og beredskap

Det overordna målet for SSB-arbeidet er at Bjørnafjorden kommune skal vera ein trygg og robust kommune å bu, arbeida og opphalda seg i. I 2022 fekk vi verkeleg merka at verda rundt oss har blitt meir uføreseieleg, og kommunane fekk stadig fleire beredskapsoppgåver knytt til krigen i Ukraina og mottak av flyktningar. Men også fjoråret starta med koronahandtering.

Korona 2022

Omikronbølgja kom for fullt i januar med stigande smittetal og betydeleg press på testing og smittesporing. Tilgangen på personell og kritisk kompetanse var utfordrande. På sjukeheimane hjelpste frivillige frå sanitetsforeiningane til ved behov. Sjølvtesting og eigen-rapportering tok over for PCR-testing på teststasjon i veke 4. Rundt midten av februar fjerna regjeringa så å seie alle smitteverntiltaka, og vi avslutta aktiv smittesporing. Dei to siste vekene i februar vart truleg 10-15 % av innbyggjarane våre smitta. Det var svært stort fråvær i barnehagar og skular, og utbrot på sjukeheimar og andre institusjonar.

5.4.2022 presenterte helseministeren ny nasjonal pandemistrategi og beredskapsplan for Covid-19 fram til sommaren 2023, i minstermøtet med kommunane. Etter «normaliseringa» av pandemien var det framleis forventning om tiltaksberedskap i kommunane. Vi skulle ved behov kunna testa 1 % av innbyggjarane pr. veke, med høve til å skalera opp, og framleis ha beredskap for smittesporing. Vi skulle tilby 4. dose koronavaksine for alle risikogrupper og 5. dose for dei med alvorleg immunsveikt. Og vi skulle ha to hurtigtestar pr. innbyggjar på lager. Mot slutten av året henta vi fram att systema for kontinuitetsplanlegging for å møte den store faren for utbrot av fleire smittsame sjukdommar samtidig (korona, RS-virus, influensa, kikhoste) til vinteren, og tilhøyrande risiko for stort press på helsetenester og sjukehus.

Vi har òg brukt tid på å ta igjen etterslep etter den mest hektiske koronaperioden, som t.d. dokumentasjonsarbeid og arkivering. Frå starten av 2020 til utgangen av 2022 har vi hatt 1369 koronaloggføringar berre i krisestøtteverktøyet DSB-CIM – 263 av dei i 2022. Vi har òg jobba med evaluering av pandemihandteringa og starta oppdateringa av overordna beredskapsplan, smittevernplan og pandemiplan. Målet er å ha eit beredskapsplanverk som set oss i stand til å handtera eventuelle nye pandemirundar.

Førebyggjande og førebuande arbeid

Arbeid med samfunnssikkerheit og beredskap er for ein stor del førebyggjande arbeid for å hindra at alvorlege hendingar skjer (kriseførebygging), og førebuing til korleis vi skal handtera uønskta hendingar *viss* og *når* dei skjer. Vi har heldigvis vore forskåna for alvorlege krisehendingar/beredskapshendingar i kommunen vår i 2022, men det som skjer elles i verda påverkar også oss. Vi har fått ei rekke oppgåver og rapporteringsoppdrag frå nasjonalt/ regionalt hald knytt til den sikkerheitspolitiske situasjonen og følgjene av den.

Døme på dette er prioriteringsordning for forsyning av drivstoff, straumberedskap og prioritering av sluttbrukarar ved ei eventuell rasjonering, digital tryggleik, e-kom-forsyning (telenett/mobilnett), legemiddelberedskap og atomberedskap. Det gjeld òg trusselvurderingar og auka «årvåkenhet» knytt til våre verdiar og sårbarheiter lokalt og regionalt. Statsforvaltaren i Vestland har gjennom heile året hatt faste møte med kommunane der også aktørar frå politiet, PST, forsvaret, direktoratet for strålevern og atomberedskap, UDI og IMDi, nasjonal sikkerheitsmyndigheit, nettselskap og teleselskap er med og

informerer om kva kommunane til ei kvar tid må vera ekstra obs på. I tillegg kjem auka merksemd på naturfare og hendingar som følgje av ekstremvær (ras/skred, flaum/overvatn, kvikkleire).

Vi har i 2022 sendt inn 27 kommunerapportar til ulike direktorat gjennom Statsforvaltaren si rapporteringsordning for kartlegging av kapasitet i det kommunale tenestetilbodet – først i samband med Covid-19, deretter Ukraina-/flyktningesituasjonen.

Vi har laga atomberedskapsplan etter nyoppdaterert nasjonal mal, og gått gjennom rutinar for utdeling av jodtablettar i barnehagar og skular. Samtidig har vi prøvd å trygga innbyggjarane gjennom informasjon på heimesida og i lokalmedia om at ei eventuell atomhending i Ukraina er så langt borte, at det ikkje vil føra til verken inneråd eller anbefaling om jodtablettar.

Kompetanseheving – øvingar, opplæring og møte

Vi gjennomførte ni «**CIM-trimmar**» – varslings- og oppfriskingsøvingar i krisestøtteverktøyet CIM for KKL med vara og krisestaben. Psykososialt kriseteam vart kopla på mot slutten av året. Responsen har vore opp i 84 %. Vi har framleis litt å gå på før vi får alle med. I 2022 innførte vi òg to-faktor-autentisering ved pålogging i CIM for å styrka sikkerheita.

Representantar frå kommunal kriseleieing deltok på **PLIVO-øving** (pågåande livstruande vald) i Bergen 1.6. i regi av Vestland fylkeskommune, saman med to av dei vidaregåande skulane våre og politiet. Vi var representerte på Statsforvaltaren (SFVL) og Forsvaret si **atombered-skapsøving** hausten 2022, og vi deltok på SFVL si **sambandsøving** for kommunane 1.12., der vi øvde på bruk av nødnett i kommunikasjonen med SFVL og mellom kommunar.

Bjørnafjorden var representert ved kommuneoverlege og beredskapskontakt på SFVL si årlege **fagsamling for samfunnssikkerheit og beredskap** for alle kommunane i Vestland, som vart skipa til som fysisk samling i Bergen 27.-28.9., med den nye statsforvaltaren vår Liv Signe Navarsete mellom innleiarane. Erfaringar og læring frå pandemien var hovudtema første dagen. Andre dag stod totalforsvaret, risikoanalysar, og helsetenester i kriser og krig på agendaen. Vi har òg deltatt på digitale temamøte og webinar om endringar i koronatiltaka (14.1.), atomberedskap (5.5.), straumrasjonering (15.9.) og digital tryggleik (14.12.). Og vi har deltatt på ei rekke digitale ministermøte – i starten av året med helse- og omsorgs-ministeren for Covid-19-oppdateringar, deretter med arbeids- og inkluderingsministeren og representantar frå diverse andre instansar for informasjon og erfaringsutveksling knytt til mottak av flyktningar. Beredskapskontakten har òg fast plass i den tverrfaglege flyktninge-koordineringsgruppa i Bjørnafjorden, som har møte annankvar veke.

Beredskapssamarbeid

Kommunen har ei pådrivarrolle for samarbeid med andre beredskapsaktørar. Vi arrangerte den årlege samlinga for Bjørnafjorden beredskapsråd i samarbeid med Framo Fusa, vår største industribedrift og viktig samarbeidspartnar innan brann/redning og industrivern, hos dei på Venjaneset 30.8. I tillegg til omvising på bedrifta var temaet denne gongen evakuering og etablering av evakuerte- og pårørandesenter (EPS), leia av politiet sin kommunekontakt og kommunen sin beredskapskontakt. HV-09, politiet, Framo Fusa, Fusa kraftlag, BKK Nett, Sivilforsvaret (HSFD), Bjørnafjorden brann og redning, kyrkja, Røde Kors-lokallaga frå Os og Fusa og sanitetsforeiningane er med i Bjørnafjorden beredskapsråd i tillegg til kommunal kriseleieing.

Det har òg vore to møte i politirådet. Og vi har hatt eitt kompetansepåfyllsmøte for KKL, der koronaevaluering, atomberedskap, straumberedskap og totalforsvaret stod på agendaen.

20.10. inngjekk Bjørnafjorden kommune ein samarbeidsavtale med dei åtte lokallaga av Norske kvinners sanitetsforening om omsorgsberedskap i ein krisesituasjon. Frå før har vi samarbeidsavtale med Røde Kors-laga.

Tilrettelegging for eigenberedskap og trygge innbyggjarar

31.10.-4.11. var vi med på Eigenberedskapsveka 2022 med informasjon til innbyggjarane og til dei tilsette på heimeside, facebook, intranett og lokalmedia – for å gi dei råd og verktøy til betre eigenberedskap på ymse område. Tema var eigenberedskapslager i heimen, samarbeid og vennehjelp; ladevettråd; lagring av vatn – og god hygiene utan vatn; «nettvett» og IT-sikkerheit; og råd om bruk av jodtablettar. Vi deltok òg på arrangementet «Trygg i Bjørnafjorden» 22.11. i Oseana med eigenberedskapsstand (brann/redning) og innlegg om lokalt beredskapsarbeid og frivilligheit (beredskapskontakt).

På tampen av året bestilte vi ein tilleggsmodul til Varsling24 for å styrka befolkningsvarslinga vår med høve til å senda ut lokasjonsbasert varsling ved akutt fare for liv og helse innanfor eit gitt geografisk område. Med den skal vi kunna nå ikkje berre dei som bur der, men alle med mobiltelefon som *oppheld* seg innanfor det gitte området på hendingstidspunktet.

Folkehelse

Kommunane skal ha oversikt over helsetilstanden blant innbyggjarane og faktorar som påverkar denne. Kommunen følgjer med gjennom ulike indikatorar for levkår og helse og skal både ha løpande oversikt over folkehelsa og laga fireårig folkehelseoversikt. Bjørnafjorden sitt fireårige oversiktsdokument finn du [her](#) og det vert rullert i 2023. Rapporteringa under inngår i det løpande oversiktsarbeidet.

FHI leverer kvar vinter folkehelseprofilar, der dei samanliknar kommunar på utvalde indikatorar for folkehelse. Profilane gir informasjon om helsetilstand og påverknadsfaktorar, og er eit grunnlag for det lokale arbeidet med å betra helsetilstanden. For kvar indikator vert det vist om kommunen skårar likt, signifikant **betre** eller **dårlegare** enn landsgjennomsnittet. Også «grøne» verdiar kan innebera ei viktig folkehelseutfordring for kommunen, fordi landsgjennomsnittet ikkje alltid representerer eit ønska nivå. Heile profilen, med kjelder og forklaringar til indikatorane, finn du [her](#).

Folkehelseprofilen for Bjørnafjorden for 2023 (med data frå 2022 eller tidlegare) viser at vi ligg **signifikant betre** an enn landsgjennomsnittet når det gjeld

- Vedvarande låginntekt 0-17 år
- Leiger bustad 45 år+
- Bur trangt, 0-17 år
- Drikkevatn, hygienisk og stabilt
- Luftkvalitet (finkorna svevestøv)
- Trener sjeldnare enn kvar veke, 17 år
- Venta levealder, menn
- Venta levealder, kvinner
- Psykiske symptom/lidingar, 0-74 år
- Vaksinasjonsdekning, meslingar, 9 år (her ligg vi i toppsjiktet i landet)

Bjørnafjorden ligg **signifikant dårlegare** an enn landsgjennomsnittet når det gjeld

- Lågaste meistringsnivå i lesing, 5. trinn
- Lågaste meistringsnivå i rekning, 5. trinn
- Gjennomføring i vdg. opplæring
- Fornøgd med treffstader, Ungdata 2021
- Antibiotikabruk, reseptar

Bjørnafjorden ligg dessutan **signifikant forskjellig** frå landsnivået når det gjeld:

- Andel barn 0-17 år (vi har større andel)
- Andel innbyggjarar over 80 år (vi har mindre andel)
- Personar som bur aleine, 45 år+ (vi har mindre andel)

Kommentarar til område der vi ligg på raudt nivå

Lågaste meistringsnivå i lesing og rekning, 5. trinn

Frå 2022 er det «nye» Nasjonale prøvar som er tilpassa Læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020. Bjørnafjorden kommune har i skuleåret 2022/23 redusert tal elevar på lågaste meistringsnivå i lesing og rekning på 5. trinn. Det er først over tid vi kan sjå om dette er ein positiv trend for læringsresultata i kommunen. I folkehelseprofilen for 2023, som viser eit treårig gjennomsnitt, ligg vi framleis på raudt nivå for del elevar på lågaste meistringsnivå i lesing og rekning, 5. trinn.

Skulane våre har jobba systematisk over fleire år med å betra elevane sine grunnleggjande ferdigheiter som vert målt gjennom Nasjonale prøvar, og vi har iverksett fleire tiltak: Vi godkjenner vidareutdanning for mange lærarar kvart år. Vi er i gang med å etablera felles leseplan, og sjå på korleis vi kan arbeida rettare med lesing i alle fag framover. Skuleåret 2022/23 vert Handbok i begynnaropplæringa i Bjørnafjorden kommune prøvd ut i alle skulane våre. Målet er å sikra kvalitet, tidleg innsats og likeverdig praksis i begynnaropplæringa i heile kommunen. Skulebibliotek er også eit satsingsområde og det er etablert eit godt samarbeid med folkebiblioteket i dette arbeidet. Skulebiblioteket er ein måte å m.a. organisera skulen sitt arbeid med digital kompetanse, kjeldekritikk og lesing som grunnleggjande ferdigheit i alle fag.

Frå 2022 deltek Bjørnafjorden kommune i ei treårig oppfølgingsordning i regi av Utdanningsdirektoratet. Oppfølgingsordninga skal bidra til at kommunar med svake resultat over tid på sentrale område av opplæringa får hjelp til å skapa betre læringsmiljø og læringsresultat. Kommunane får støtte og rettleiing, og ordninga skal bidra til kvalitetsutvikling i kommunar og skular.

Gjennomføring i vidaregåande opplæring

Tidlegare har vi vore på gult nivå når det gjeld grunnskulepoeng og gjennomføring av vidaregåande opplæring for elevar busett i Bjørnafjorden. Gult nivå tyder at ein ikkje kan seia med sikkerheit om verdien ligg dårlegare eller betre an enn landssnittet. Grunnskulepoeng heng tett saman med gjennomføring av vidaregåande.

No er vi på raudt nivå for gjennomføring vidaregåande opplæring. Resultatet vårt er uendra, men nasjonalt snitt har gått opp og det fører til at Bjørnafjorden kjem på raudt nivå. Gjennomføringsgraden av vidaregåande er relativt låg nasjonalt, så her har både vår kommune og resten av landet eit forbettringspotensiale. Utdanning og arbeid er viktig for eit godt vaksenliv og sentralt for å lukkast i arbeidet mot barnefattigdom.

Fornøgd med treffstader, Ungdata 2021

Ungdata var gjennomført under pandemien, i ei tid då det hadde vore og til dels var restriksjonar på møtestader. Dette gjaldt heile landet, og forklarar ikkje at ungdom i Bjørnafjorden er mindre nøgde med treffstader enn landssnittet.

I samtale med ungdomane våre er transport eit sentralt tema, spesielt på Fusa-sida og i nokre av krinsane på Os-sida. Utfordringar med transport til og frå kan vera ein medverkande faktor til at ungdom ikkje er mindre nøgde med treffstader.

I arbeidet med sektorplan for Oppvekst hadde vi møteplassar som tema, der ungdomsskuleelevar frå Nore Neset tok del. Dei ønskte seg enkle, ikkje-vaksenstyrte møteplassar for ungdom.

Ungdomsrådet i Bjørnafjorden har arbeidd med Ungdata-tala og 24.11. vedtok dei ein [handlingsplan](#) med sju overordna tema og tilhøyrande tiltak. Tema i planen er m.a. kulturtilbod, offentleg kommunikasjon og trygge ungdomsmiljø.

Aktivitetsskalenderen Friskus er eit satsingsområde i Bjørnafjorden. Den vert stadig betre, med fleire ulike arrangørar kopla på. Oppvekst arbeider med å sikra at ungdomane og deira føresette er kjende med Friskus og dei aktivitetstilboda som finst.

Vi har fått midlar frå Bufdir til aktivitet, der INTRO DM har regionen. INTRO DM har spisskompetanse på ungdom med migrasjonsbakgrunn og vil etablere aktivitet i Os aktiv og Fjorden arena. Etablering av E-sport vil også vere eit nytt aktivitetstilskot.

Antibiotikabruk, reseptar

Antibiotika-resistente bakteriar er ein aukande trugsel mot global folkehelse. Ei av årsakene til resistensutvikling er feil- eller overforbruk av antibiotika. Det er difor nødvendig med ein rasjonell antibiotikabruk, og Noreg har dei siste årane jobba systematisk for å få bruken ned.

Trass tydeleg nedgang også i Bjørnafjorden kommune, vert det framleis skrive ut signifikant meir antibiotika hos oss enn landssnittet. Det trengs meir kunnskap om og fokus på antibiotikareduksjon blant fastlegane, vaktlegane og sjukeheimslegane våre. Eit høgt tal av legevikarar kan ha bidratt negativt i dette arbeidet.

Bjørnafjorden 22

Bakgrunn for prosjektet:

Bjørnafjorden kommune skal ha ein berekraftig økonomi for å sikre at kommunen vil vere i stand til å gje innbyggjarane stabile og gode velferdstenester på kort og lang sikt. Med berekraftig økonomi meiner vi at kommunen sine årvisse utgifter skal vera finansiert av sikre, årvisse inntekter, og at kommunen skal levere økonomiske resultat i tråd med staten sine forventningar til oss. Prosjektet blei avslutta ved utgangen av 2022. Resultata per sektor kjem nedanfor.

Målet for prosjektet:

Prosjektet skulle rusta organisasjonen til å nå målet om ein berekraftig økonomi for å sikre at kommunen vil vere i stand til å gje innbyggjarane stabile og gode velferdstenester på kort og lang sikt. Vår kommune, til liks med andre virksomheiter, må kunna stå i multiple endringar og intergrera endring og kontinuerleg endring som ein del av det daglege arbeidet. Endring er den og vil bli den nye normalen. Prosjektarbeidet har difor fokus på å styrka endringskapasiteten i organisasjonen på leiarnivå, på medarbeidarnivå og på struktur og systemnivå. Vi skulle setja i gong og bidra til gjennomføring av endringsarbeid som fremmar kvalitet og effektivitet i drifta.

I starten av prosjektet, vinteren 2020, hadde ein eit samarbeid med NHH kor leiarande fekk eit skreddarsydd kompetanseprogram som kunne hjelpe oss i møtet med omstillingsutfordringar og kommande oppgåver. Teorien i dette programmet har vore fundamentet og bodskapen til prosjektgruppa i arbeidet ut i sektorane, gjennom identifiserte omstillingsarbeid.

Gjennom heile 2022 har prosjektet hatt høg aktivitet og mange og omfattande omstillingsarbeid er gjennomført. Sektorane sine måltall har vore tett knytt til arbeidet og tiltaka ein har prioritert har vore identifisert og forankra i linja og hos arbeidstakarorganisasjonane og vernetenesta.

Det utøvande arbeidet i sektorane er fasilitert gjennom endringsforum tilhøyrande sektoren, og endringsagentane og medlemmane i forumet har opparbeidd seg høg og brei kompetanse på verktøy og prosessarbeid.

Eit sentralt moment i prosjektgruppa og endringsforuma sitt arbeid har vore å setje varig avtrykk av kompetanse i linja. Dette vil seie at ein byggjer endringskapasitet for å kunne stå i kontinuerlig forbedring, og forsette jakta på nye løysingar utover prosjektperioden til BF 22.

Økonomisk måloppnåing totalt sett i 2022 for alle sektorane og stabstenestene var på heile 91 %

Sektor	Mål	Gjennomført	Prosentvis innsparing
Helse og velferd - SIO	14 300 000	14 140 000	98,9 %
Helse og velferd	13 358 000	11 640 000	87,1 %
Oppvekst	33 453 000	26 363 000	78,8 %
Samfunn	19 444 000	19 736 000	101,5 %
Stab og fellesområdet	14 600 000	14 685 000	100,6 %
Totalsum	95 155 000	86 564 000	91,0 %

Detaljert måloppnåing.

Sektor	Eining	Tiltak	Beløp 2021	Beløp 2022	Status	Kommentar
Helse og velferd	Fagstab og felles satsingar	Arbeidsleiarstilling ASVO	350 000	700 000		
Helse og velferd	NAV	Barnetrygd vert medrekna sosialhjelpsberekening	400 000	400 000		
Helse og velferd	Fagstab og felles satsingar	Bonusløn VTA	250 000	250 000		
Helse og velferd	Helsefremming og rehabilitering	Kreftkoordinator	400 000	800 000		
Helse og velferd	Helsefremming og rehabilitering	Kutt i diagnosespesifikk estillinger m.v	1 475 000	2 950 000		
Helse og velferd	Helsefremming og rehabilitering	Trygghetssjukepl eier	375 000	750 000		
Helse og velferd	NAV	3 årig introduksjonsprogram		500 000		
Helse og velferd	NAV	Fagsystem og digitale løysingar		100 000		
Helse og velferd	NAV	Sikre rett kompetanse		100 000		
Helse og velferd	Helsefremming og rehabilitering	50% avd.leiar gjort om til fysio/friskliv	100 000	100 000		
Helse og velferd	NAV	Generelt nedtrekk	500 000	500 000		
Helse og velferd	Fagstab og felles satsingar	Kontorutgifter	500 000	500 000		
Helse og velferd	Bustad- og flyktningtenesta	Reduksjon introduksjonsordninga	0	2 000 000		
Helse og velferd	Bustad- og flyktningtenesta	Ledig stilling, ikkje rekruttering	700 000	700 000		
Helse og velferd	Legevakt	Ny grunnturnus - reduksjon 2 årsverk	1 300 000	1 300 000		
Helse og velferd	Fagstab og felles satsingar	Reduksjon adm.	1 000 000	1 000 000		

Årsmelding 2022

Helse og velferd	Bustadkontoret	Tilrettelegging av bustad, tilskot egenkapital for lav inntekt	850 000	850 000	
Helse og velferd	Helsefremming og rehabilitering	Alle møter/samlingar/ kurs skal gjerast internt/lokalt	40 000	40 000	
Helse og velferd	NAV	Etablere gruppe/aktivitets plikt for alle - sosialhjelp	200 000	200 000	
Helse og velferd	Helse og velferd	Generelt nedtrekk	1 100 000	1 100 000	
Helse og velferd	NAV	God utnytting av kvalifiseringsprogram	250 000	250 000	
Helse og velferd	Bustadkontoret	Ingen tomme kommunale boliger/følgje opp husleierestanse	300 000	300 000	
Helse og velferd	Legevakt	Reduksjon forbruk medisinsk forbruksmateriell	50 000	50 000	
Helse og velferd	NAV	Redusere bruk av mellombels bustad	50 000	50 000	
Helse og velferd	NAV	Refusjonskrav – tid til merkantil oppfølging	50 000	50 000	
Helse og velferd	NAV	Sosialhjelp til endra praksis, delvis dekking, bruk av sosiale lån	50 000	50 000	
Helse og velferd	NAV	Tett oppfølging ungdom	200 000	200 000	
Helse og velferd	Helsefremming og rehabilitering	Vakansar og uløna permisjonar		700 000	
Helse og velferd	Helsefremming og rehabilitering	Auka inntekt kurs og gruppeaktivitet		100 000	
Helse og velferd	NAV	Vilkår om aktivitetsplikt		200 000	

Årsmelding 2022

Helse og velferd	NAV	Auka bruk av kvalifiseringsprogram	250 000		
Helse og velferd	NAV	Redusere bruk av mellombels bustad	400 000		Avventer mikrohush
Helse og velferd	NAV	Sikre refusjonskrav	50 000		
Helse og velferd	NAV	Endra praksis - sosialhjelp som lån ved kortvarig hjelpebehov	200 000		
Helse og velferd	NAV	Tett oppfølging unge 18-30 år (Posterus)	200 000		
Helse og velferd - tidl. SIO	AFK	Vakans og auka inntekt	400 000		
Helse og velferd - tidl. SIO	Helsefremming og rehabilitering	Vakansar og uløna permisjonar	1 000 000		
Helse og velferd - tidl. SIO	PLOMS	Auka inntekter	1 300 000		
Helse og velferd - tidl. SIO	PLOMS	Redusert bruk av ekstravakter	2 530 000		Ikkje gjennomført
Helse og velferd - tidl. SIO	PLOMS	Avvikle digitalt lagersystem FBBS	70 000		
Helse og velferd - tidl. SIO	PLOMS	Redusere medikamentutgifter FBBS	200 000		
Helse og velferd - tidl. SIO	Heimetenesta	Auka brukarbetaling, innføre abonnement, dagsenter	600 000		
Helse og velferd - tidl. SIO	Psykisk helse og rus/AFK	Redusert kjøp av tenester	900 000		Endra frå 5 000 000 (omsorgspartner)
Helse og velferd - tidl. SIO	Psykisk helse og rus	Innsparing stilling	700 000		
Helse og velferd - tidl. SIO	Psykisk helse og rus	Vakant stilling	1 100 000		Psykolog

Årsmelding 2022

Helse og velferd - tidl. SIO	Psykisk helse og rus	Innsparing stilling	700 000		
Helse og velferd - tidl. SIO	TTB/TTV	Innsparing stilling (einingsleiar)	800 000		
Helse og velferd - tidl. SIO	TTB	Redusert vikarbruk ved korttidsfråver	300 000		
Helse og velferd - tidl. SIO	TTB	Turnusomlegging	130 000		Fra 1.8.21
Helse og velferd - tidl. SIO	TTB	Redusert div. driftsutgifter	10 000		
Helse og velferd - tidl. SIO	TTB	Avlastning bustad Fusa	2 400 000		
Helse og velferd - tidl. SIO	TTB	Avvikle Caddy	50 000		
Helse og velferd - tidl. SIO	TTB	Ny organisering av helseassistent i skule	300 000		Fra 1.8.21, SFO-tid
Helse og velferd - tidl. SIO	TTB	Innsparing stilling	650 000		Avd. led 80%, Vestre Lurane/Idrettsveien
Helse og velferd - tidl. SIO	TTB	Innsparing stilling	800 000		100% Idrettsveien
Helse og velferd - tidl. SIO	TTV	Innføra stille rapport	1 000 000		
Helse og velferd - tidl. SIO	TTV	Turnusplanlegging, bruk av turnusprogram og digital vaktbok	1 000 000		
Helse og velferd - tidl. SIO	TTV	Redusere årsverk	150 000		
Oppvekst	Skular	Arrangere gudstenester på skulen for å spare på transport.	100 000	100 000	
Oppvekst	Skular-felles	Guttas campus	300 000	300 000	
Oppvekst	Skular	Reduksjon i stillinger	500 000	500 000	

Årsmelding 2022

Oppvekst	Barnehagar	Ungdomsskulegutar som leikeressurs	65 000	0		
Oppvekst	Barnevern	DUÅ, reduksjon 20% stilling	150 000	150 000		
Oppvekst	FHT	DUÅ, reduksjon 30% stilling	159 000	159 000		
Oppvekst	PPT	DUÅ, reduksjon 80% stilling	607 000	607 000		
Oppvekst	Barnehagar	Feriestenging	400 000	400 000		
Oppvekst	Felles	Kutte kreativ læring	1 000 000	1 000 000		
Oppvekst	Felles	Rammeauke til oppvekst som ikkje er tatt i bruk	2 500 000	2 500 000		
Oppvekst	Skular	Reduksjon av bøker og materiell vidareutdanning	40 000	40 000		
Oppvekst	Skular	Redusere forbruksmateriale	1 200 000	1 200 000		
Oppvekst	Skule-barnehage	Samarbeid skule/barnehage Søre Fusa	450 000	450 000		
Oppvekst	Barnehagar	Tilby 100% plasser i barnehage				Effekt 2023
Oppvekst	Skular	Vakante årsverk	2 722 000	2 722 000		sum er redusert i forhold til opprinneleg rekneark
Oppvekst	Vaksenopplæring	Vidareføre ordning med Bokmålsundersvisning	500 000	500 000		
Oppvekst	Barnevern	Betre vurdering innhentning opplysninger frå lege	40 000	40 000		Ikkje gjennomført
Oppvekst	Barnevern	Digital oppfølging besøksheimar	50 000	50 000		Ikkje gjennomført
Oppvekst	Skular	Diverse mindre tiltak meldt inn frå einingar - samlesum	96 000	96 000		

Årsmelding 2022

Oppvekst	PPT	Endra prosedyre knytt til avgjerd om opplæringsstilbod for barn under omsorg	1 500 000	1 500 000		
Oppvekst	Skular	Endre organisering av Meistringsteam	1 400 000	1 400 000		
Oppvekst	Skular	Endring i samarbeid Midthordaland kompetanseregion	250 000	250 000		
Oppvekst	Skule-barnehage	Felles adm på Nore Fusa skule og Holmefjord barnehage-lokalisert i samme bygg	200 000	400 000		Delvis realisert. Samarbeid barnehage og SFO.
Oppvekst	Kulturskulen	Kulturskulen-bedre samarbeid, avvikling av stilling	258 000	258 000		
Oppvekst	Skular	Reduksjon i stillinger	500 000	500 000		
Oppvekst	Skule-barnehage	Reinhald - omorganisering Fusa-sida	300 000	300 000		Ikkje gjennomført
Oppvekst	Barnevern	Rettleiing - kutt i ekstern rettleiing og bruk av interne ressursar	363 000	363 000		
Oppvekst	Felles	Reduserte årsverk i administrasjon, leing og som følgje av organisasjonsendring		2 100 000		
Oppvekst	Felles	Samlesum nedtrekk ikkje realisert, men trekt ned på ramma		790 000		
Oppvekst	Skular	Velkomstklassen - endret organisering		700 000		Gjennomført frå 01.08.22
Oppvekst	Barnevern	Reduksjon kjøp av private tenester		1 500 000		Pågåande arbeid. Effekt ikkje tatt ut
Oppvekst	Barnehagar	§37 - meir treffsikre tenester		1 200 000		

Årsmelding 2022

Oppvekst	Barnehagar	Justering demografi-grunnbemanning kommunale bhg.	970 000		
Oppvekst	Skule-barnehage	Midthordaland kompetanseregion - medlemsavgift	328 000		
Oppvekst	Skular	MOT - avslutte avtale	600 000		
Oppvekst	Skular	Ung Arena - reduksjon driftsutgifter	300 000		
Oppvekst	Barnehagar	Ungdomsskulegutar som leikeressurs	60 000		
Oppvekst	Barnehagar	Fylle opp barnegruppene i kommunale barnehagar	640 000		Gjennomført så langt det lar seg gjere ift "tilgjengelege barn"
Oppvekst	Skular	Leiging skular - samarbeid og reduksjon i stillingar	950 000		
Oppvekst	Barnehagar	Redusert tilskot private barnehagar som følgje av demografi	3 000 000		
Oppvekst	Skular	Avslutte samarbeid med Guttas Campus	300 000		
Oppvekst	Felles	Vurdere fleire tiltak	5 590 000		gjenstår 5 millionar - manglande tiltak
Oppvekst	Skular	Redusere kjøp frå private aktørar	250 000		
Oppvekst	Skular	Musikk for alle	0	680 000	
Samfunn	Kultur	KUP-midler	200 000		
Samfunn	Næring	Makerspace	50 000	50 000	
Samfunn	Næring	Visit Bjørnafjord	100 000	100 000	
Samfunn	Næring	Bjørnafjorden næringsråd	300 000	300 000	
Samfunn	Landbruk	Diverse driftskutt	52 000	52 000	
Samfunn	Kultur	Friluftslivstilling	350 000	350 000	

Årsmelding 2022

Samfunn	Alle	Generelt nedtrekk	95 000	95 000	
Samfunn	Kultur	Generelt nedtrekk	400 000	400 000	
Samfunn	Kultur	KUP-midler	1 000 000	1 000 000	
Samfunn	Næring	Lisens vainu	85 000	85 000	
Samfunn	Naturforvaltning og friluftsliv	Midlar artskartlegging	25 000	25 000	
Samfunn	Kultur	Nedtrekk Os idrettspark	175 000	175 000	
Samfunn	Kultur	Nedtrekk Oseana	175 000	175 000	
Samfunn	Drift/eigendom	Reduksjon driftsutgifter Eigedom drift	1 500 000	1 500 000	
Samfunn	Samferdsel	Reduksjon driftsutgifter Samferdsle	2 000 000	2 000 000	
Samfunn	Plan	Rett føring selvkost	300 000	300 000	
Samfunn	Drift/eigendom	Sommervikarer	350 000	350 000	
Samfunn	Næring	Turistkontor	100 000	100 000	
Samfunn	Næring	Visit Bjørnafjord	150 000	150 000	
Samfunn	Samferdsel	Aukt inntekt bubil/båt	100 000	100 000	
Samfunn	Samferdsel	Aukt inntekt båtplassar	50 000	50 000	
Samfunn	Kultur	Innsparing tilskot Oseana	0	500 000	
Samfunn	Drift/eigendom	Justere kommunal husleige	250 000	250 000	
Samfunn	Kultur	Kjør for livet	450 000	450 000	
Samfunn	Næring	Medlemskap Bergen næringsråd	35 000	35 000	
Samfunn	Alle	Reduksjon admininstrasjon	1 000 000	1 000 000	
Samfunn	Næring	Ungt entrepenørskap	60 000	60 000	

Årsmelding 2022

Samfunn	Alle	Generelt nedtrekk	484 000		●
Samfunn	Drift/eigendom	Uspesifisert nedtrekk	2 700 000		●
Samfunn	Samferdsel	Uspesifisert nedtrekk	1 500 000		●
Samfunn	Kultur	Reduserte lønsutgifter	400 000		●
Samfunn	Kultur	Reduksjon tilskot (KUP-midler)	800 000		●
Samfunn	Kultur	Generelt nedtrekk	300 000		●
Samfunn	Næring	Auka inntekter	200 000		●
Samfunn	Innbyggerservice	Reduserte lønsutgifter	3 100 000		●
Samfunn	Innbyggerservice	Reduserte lønsutgifter	500 000		●
Samfunn	Plan	Reduserte lønsutgifter og redusert kjøp av tjenester	1 000 000		●
Stab og fellesområde t	Fellesområde	Avtale RadiOs	75 000	75 000	●
Stab og fellesområde t	Fellesområde	Kyrkja	421 000	421 000	●
Stab og fellesområde t	Fellesområde	Folkevalde organ	250 000	250 000	●
Stab og fellesområde t	Folkevalde organ	Reduserte utgifter til politisk møteverksemd	500 000	500 000	●
Stab og fellesområde t	Fellesområde	Julelunsj Oseana	100 000	100 000	●
Stab og fellesområde t	Fellesområde	Lokalleige borgarleg konfirmasjon	40 000	40 000	●
Stab og fellesområde t	Fellesområde	Tilskot til kremasjon	330 000	330 000	●
Stab og fellesområde t	Fellesområde	Generelt nedtrekk	1 675 000	1 675 000	●

Årsmelding 2022

Stab og fellesområde t	Alle	Innsparing administrasjon	1 000 000	1 000 000	
Stab og fellesområde t	Dialog	Porto	100 000	100 000	
Stab og fellesområde t	Dialog	Annonsering lokalmedia	300 000	300 000	
Stab og fellesområde t	Kvalitet/Personalavdelinga	HMS-dagen	200 000	200 000	
Stab og fellesområde t	Rådmannen sin stab	Stilling ass. Kommunedirektør	1 000 000	1 000 000	
Stab og fellesområde t	Fellesområde	Innsparing innkjøp	1 500 000	1 500 000	
Stab og fellesområde t	Rådmannen sin stab	1 årsverk		870 000	
Stab og fellesområde t	ITHjelpe	Vurdere program og lisensar	290 000	290 000	
Stab og fellesområde t	HR	Kostnader knytt til rekruttering	200 000	200 000	
Stab og fellesområde t	HR	Reduksjon 7 årsverk	300 000	5 490 000	
Stab og fellesområde t	Økonomiavdelinga	Auka inntekter purregebyr	25 000	25 000	
Stab og fellesområde t	Økonomiavdelinga	Reduksjon 1 årsverk		945 000	
Stab og fellesområde t	Økonomiavdelinga	Vakant stilling		945 000	
Stab og fellesområde t	Økonomiavdelinga	Avslutte kjøp av tenester for gjeldsrådgiving		425 000	

Oppfølging politiske tiltak

Sektor	Status	Kort tekst
<u>Stab</u>		
Nye kommunale køyretøy (Budsjettvedtak pkt E)		Ingen nye køyretøy i 2022
Avkastning finansportefølje (Budsjettvedtak pkt I)		K sak 32/2022
Budsjettframlegg 2023, pdf format (Budsjettvedtak pkt. L)		
Klimabudsjett og klimarekneskap (Budsjettvedtak pkt F)		
Målekort "Innbyggjar pr årsverk" (Politisk dokument side 9)		
Mandat prosjekt Økonomisk handlefridom (Politiske dokument side 9)		K sak 56/22 (utsatt fra møte 31.03.2022)
Rammeverk prosjekt Økonomisk handlefridom (Politisk dokument side 9)		K sak 56/22 (utsatt fra møte 31.03.2022)
<u>Oppvekst</u>		
Nye kommunale køyretøy (Budsjettvedtak pkt E)		Leasingavtale 2 hybridbilar
Vurdere bruk av MOT i barneskulen (Politisk dokument side 4)		Det har ikkje vore kapasitet eller økonomi til å vurdere MOT i barneskulane. MOT Norge har igangsatt pilotprosjekt på program for elevar på 1.- 4.trinn: SUPER!! Hausten 2022 rulles ut dette som et landsdekkende tilbod gjennom «Barneskulen som samfunnsbygger». Vi har dialog med MOT Norge gjennom at våre 3 ungdomsskular deltek i programmet «robust ungdom 12-16». Vi vil følgje utviklinga av MOT-program i barneskulane vidare, men kan ikkje sjå at dette kan gjennomførast dei næraste åra. Barneskulane har over tid hatt TL (Trivselsleiarprogram). Denne samarbeidsavtalen er avslutta pga økonomi. Alle skulane arbeidar med å etablere eit eige aktivitetsprogram «Inga utanfor» frå 2023. Dette blir gjennomført med bistand frå staben i Oppvekst.

Klimabudsjett og klimarekneskap
(Budsjettvedtak pkt F)



Helse og velferd

Sak om manglande lønsutbetaling
(Budsjettvedtak pkt B)



Nye kommunale køyrety
(Budsjettvedtak pkt E)



Klimabudsjett og klimarekneskap
(Budsjettvedtak pkt F)



Leige til eige konsept (Politisk dokument
side 11)



Blir ein del av bustadsosial handlingsplan

Samfunnsutvikling

Kveld for ungdom med psykisk
utviklingsh. (Budsjettvedtak pkt A)



Det blei gjennom 2022 jobba med å få på plass ein lågterskelklubb for ungdom med ekstra behov. Tilbodet kom først i gang i 2. februar 2023, er ope annakvar torsdag med Kafé Kulí som base og er i hovudsak drive av frivillige.

Klima (sam)arbeid (Budsjettvedtak pkt C)



har kontakt med Bergen, er aktiv på søknader mm

Klimabudsjett og klimarekneskap
(Budsjettvedtak pkt F)



Klimabudsjett levert, klimarekneskap kjem Q2 2023

Strategi for sol-energi (Budsjettvedtak
pkt D)



Nybygg tatt med, ikkje avsatt midlar til bruk på eksisterande bygg

Nye kommunale køyrety
(Budsjettvedtak pkt E)



Vurderast løpande

F-sak eigenregi tekniske tenester
(Budsjettvedtak pkt G)



Fsk 21.06.22 90/2022

Driftsmodellar Os hamn (Budsjettvedtak
pkt H)



i prosess med konkrete løysingar

Kompetanse, Eigedomstiltaket
(Budsjettvedtak pkt J)



Eigedomsforvaltar med rett kompetanse er på plass

Effektivisere arealbruk (Budsjettvedtak
pkt K)



Blir jobba med fortløpande

K-sak utgeiing Os sjukeheim (Politisk
dokument side 10)



Organisasjonen

Her finn du korleis Bjørnafjorden kommune er organisert administrativt og politisk.

Politisk organisering og styring

Kommunestyret er det øvste organet i Bjørnafjorden kommune. Kommunestyret består av 35 representantar og blir leia av ordføraren.

Ordføraren i Bjørnafjorden kommune er Trine Lindborg frå Arbeidarpartiet. Som følge av Mikal Leigland (Sp) sin sjukdom hausten 2022 blei Harald Lekven (uavhengig) vald som varaordførar i Leigland sitt sjukefråvær.

Bjørnafjorden kommune har fem faste politiske utval:

- Formannskap
- Administrasjonsutval (partssamansatt utval)
- Eigedomsutval
- Plan-, bygnings- og miljøutval (utgjer også trafikksikringsutval)
- Kontrollutval

I tillegg er det tre lovpålagte brukarråd med politisk representasjon:


- Eldreråd
- Råd for menneskje med nedsett funksjonsemne
- Ungdomsråd


Administrativ organisering og styring

Christian Fredrik Fotland er kommunedirektør og den øvste administrative leiaren i Bjørnafjorden kommune.

Med seg i leiargruppa har han kommunalsjef for oppvekst Line Rye, kommunalsjef for Helse og velferd Monica Totland Melvold (konstituert kommunalsjef Torgeir Sæter, hausten 2022), kommunalsjef for samfunnsutvikling Runar Lunde (frå hausten 2022, Torgeir Sæter var kommunalsjef fram til Lunde overtok), økonomisjef Ingrid Karin Kaalaas, HR-sjef Ingrid Kristin Askvik og kontorsjef Andris Hamre.

Sjå organisasjonskart for meir detaljert organisering. Denne organiseringa gjalt største del av 2022.





Plan- og styringssystem

Bjørnafjorden blir styrt etter ein planstrategi som omfattar alle sektorar og områder.

Kommunen sin planstrategi er styrande for alt vi gjer. Budsjett og økonomiplan er ein sentral del av dette og lovpålagt å ha. Kravet til økonomiplan er at den skal strekke seg fire år fra i tid, men vi har vald å sjå ti år fram når vi har laga økonomiplanen.

Bjørnafjorden kommune sin samfunnsdel av kommuneplanen blei vedteken av kommunestyret 3. november 2022. Den legg rammene for tenester, planarbeid, samfunnsutvikling og arealbruk.

- [Samfunnsdelen av kommuneplan for Bjørnafjorden kommune 2023-2035 \(PDF, 4 MB\)](#)

Visjon og verdier

Visjon:

Eit raust og attraktivt lokalsamfunn med evne og vilje til nyskaping.

Misjon:

Det gode liv for alle.

Verdier:

- Vi lyttar med respekt.
- Vi finn smarte løysingar.
- Vi gjer det vi seier.
- Vi er inkluderande.

Satsingsområde:

Folk: Vi skal legge til rette for trygge, stolte, likeverdige og engasjerte innbyggjarar og medarbeidarar.

Fellesskap: Vi skal bygge nye fellesskap - små og store, internt og eksternt.

Framtidsretta: Vi skal vere nytenkande, endringsvillig og yte treffsikre tenester.

Kommunen sine tenesteområde

Fellesområde

Skildring av tenesta

Fellesområde omfattar Folkevalde organ, Tillitsvalde, Fellesutgifter og Pensjon. Området har har fleire løyvingspostar og avrekningspostar som omfattar heile kommunen.

Status økonomi

Beløp i 1000

Fagområde	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	-21 026	59 015	45 869	-13 146	-28,7 %

Kommentar til status økonomi

Avvik mellom budsjett og rekneskap knytter seg i stor grad til pensjon. Lønsoppgjeret blei høgare enn det pensjonsleverandørane og dermed kommunen la til grunn for 2022, og meirutgifta på 14,3 mill. kr er ført her. Årets premieavvik blei positivt med 55,6 mill. kr og beløpet er sett av på fond for å dekke utgiftsføringa i 2023 (kommunen har eitt års amortisering av premieavvik). Kommunen har tapsført ca. 3 mill. kr vedr refundert sjukeløn, men vil arbeide vidare med å få inn krava slik at beløpet ikkje nødvendigvis er tapt.

Kostra-analyse

	Bjørnafjorden 2021	Bjørnafjorden 2022	Kostragruppe 09	Landet uten Oslo
Prioritet				
Politisk styring brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) **)	301	247	344	410

**) Justert for utgiftsbehov

Utgiftene til Politisk styring har blitt redusert dei siste åra, og ligg no markant under utgiftsnivået i både landet og Kostra gruppa vår.

Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett		Budsjett for året		Status
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Rev. bud.	Rekneskap	
Gravplass Hålandsdalen	3 000	3 000	1 500	1 500	Ikkje vurdert
Sum	3 000	3 000	1 500	1 500	

Statustekst investeringar

Gravplass Hålandsdalen

Utbetalt til Kyrkjeleg Fellesråd.

Stab

Kommunedirektørens stab

Kommunedirektørens stab omfatter løn og driftsutgifter til kommunedirektør og kontorsjef.

Økonomi avdelinga

Økonomiavdelinga skal gjennom sitt arbeid bidra til at kommunen sin økonomiske handleevne blir ivarettatt. Målet med økonomistyringa er å sette kommunen i stand til å gje innbyggjarane stabile og gode velferdstenester på kort og lang sikt.

Økonomiavdelinga omfattar fagområda rekneskap, innkjøp og økonomistyring.

Rekneskapsavdelinga fører rekneskapen for kommunen og kommunale KF m.v. Innkjøpsavdelinga har spesialkompetanse på offentlege anskaffingar og hjelper einingane med dette. Faggruppe økonomistyring skal med utgangspunkt i kommunedirektøren sine styringssignal fungere som ein rådgivar, pådrivar og utfordrar i høve økonomisk styring. Kvar eining har ein fast økonomirådgivar.

HR avdelinga

HR avdelinga har tre avdelingar og omfattar fagområda IT, personal, lønn, HMS, organisasjonsutvikling personvern og kvalitet.

Avdelinga har ansvar for utvikling og tilrettelegging av gode HR prosessar – og rutiner og skal gje leiarsupport ute i tenestene på desse områda.

HR skal koordinere det overordna arbeidet med kompetanseutvikling – og styring.

HR skal levere strategiske beslutningsgrunnlag til kommunedirektøren, innfor avdelinga sine fagområder.

Utvikling og utfordringar

Økonomi avdelinga

I samband med innsparingskrava i prosjekt BF22 har avdelinga fått eit måltal om å redusere tilsette med 1 årsverk samt seie opp avtale om gjeldsrådgiving. Dette er gjennomført i løpet av 2022. Endringane har ført til meir arbeid og litt andre oppgåver for tilsette i avdelinga, men likevel innfor ei akseptabel ramme.

HR avdelinga

HR avdelinga har gjennom første del av 2022 gjennomført heile kravet til nedtrekk i årsverk, etter ekstern analyse av administrative tenester og påfølgjande omstillingsprosess.

HR avdelinga skal svara eit breidt og komplekst behov for tenester frå organisasjonen. Gjennom 2022 har ein arbeidd godt med å effektivisere arbeidsprosessar, spesielt knytt til driftsleveransar. Ein har tatt i bruk nye arbeidsmodellar og system som sikrar betre kvalitet og meir likheit i leveransane.

Perspektivet med kontinuerleg forbetring og jakta på smarte løysingar er arbeidd godt inn i avdelinga og ein finn stadig små gevinstar som driv tenestene vidare.

Med bakgrunn reduserte rammebetingelsar etter nedbemanning, auka endringstakt og eit stadig meir komplekst arbeidsfelt er det behov for at HR avdelinga sine oppgåver blir meir spesialiserte.

Ein felles utfordring er at ein må sjå på organisasjonen under eitt for å løyse driftsoppgåver i andre ledd, på meir effektive måtar. Gjennom 2022 har ein fått på plass fleire gode løysingar kor tenestene ute effektuerer oppgåver, meir tidseffektivt og med meir eigarskap.

Utvalde resultat

Økonomi avdelinga

Arbeidet med innføring av nytt konkurranse- og avtaleverktøy med integrasjon mot arkiv er ferdigstilt i 2022. Konkurranseverktøyet gir støtte gjennom heile innkjøps-prosessen frå planlegging til avtale er inngått. All dokumentasjon knytt til konkurransen kan samlast i systemet og integrasjon med arkiv sikrar at dei blir arkivert. Systemet held og oversikt over gjennomførte konkurransar og lettar oppfølgingsarbeidet med inngåtte avtaler.

“Mine sider” er etablert, der innbyggjarane m.a. kan sjå sine faktura og ha digital kommunikasjon t.d. ved betalingsutsetting.

Status økonomi

Beløp i 1000

Fagområde	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr	Avvik i %
15-Rådmannens stab	10 292	4 066	3 832	-234	-6,1 %
16-Økonomi	9 736	11 437	11 537	100	0,9 %
17-HR	42 977	40 068	39 292	-776	-2,0 %
18-Organisasjon og utvikling	23 109	0	0	0	0,0 %
Sum	86 113	55 571	54 661	-910	-1,7 %

Kommentar til status økonomi

Rådmannens stab

Rekneskapen viser ein liten minus i forhold til revidert budsjett, etter at eininga fekk tilført 1,9 mill. kr i desember. Tilleggsføringa har i stor grad dekkja manglade gjennomføring av innsparingskrav vedr. innkjøp. Innsparingskravet gjeld for heile kommunen, men har vore budsjetttert på Rådmannen sin stab.

Økonomiavdelinga

Økonomiavdelinga fekk eit lite pluss-resultat i 2022. Hovudårsaka til det var at ein medarbeidar fekk u-løna permisjon hausten 2022 slik at avdelinga dermed fekk mindre lønsutgifter enn budsjetttert.

HR-avdelinga

HR avdelinga fekk i desember møtet tilført 2 mill. kr for å dekke utgifter til programvare lisensar og sluttavtalar i samband med nedbemanninga av stabsfunksjonane. Dessverre blei det til slutt likevel eit meirforbruk på IT relaterte kostnader.

Status målsettingar

- Vi arbeider for å stoppa klimaendringane og fremmar berekraftig samfunnsutvikling.
- Vi driv heilskapleg planlegging for å gjere Bjørnafjorden attraktiv som bu- og arbeidskommune
- Vi er ein døgnopen digital kommune med enkle og effektive arbeidsprosessar
- Vi har gode, trygge og inkluderande lokalsamfunn som fremmar helse, meistring og livskvalitet
- Vi har trygge, friske og myndiggjorte medarbeidarar
- Vi leverer treffsikre tenester

Status måltabell

Hovudmål	Mål	Indikator	Ønska resultat 2022	Oppnådd resultat	Skildring mål
Vi arbeider for å stoppa klimaendringane og fremmar berekraftig samfunnsutvikling.	Vi arbeider for å stoppa klimaendringane og fremmar berekraftig samfunnsutvikling.				
Vi driv heilskapleg planlegging for å gjere Bjørnafjorden attraktiv som bu- og arbeidskommune	Vi driv heilskapleg planlegging for å gjere Bjørnafjorden attraktiv som bu- og arbeidskommune				
Vi er ein døgnopen digital kommune med enkle og effektive arbeidsprosessar	Etablere "Min side" for innbyggjarane	Ferdig etablert	100,0 %	100,0 %	
		Ferdig etablert	100,0 %		
	IT hjelpa har sakshandsamingstid på gj.snittlig 6 dagar	Del saker handsama på gj.snittlig 6 dagar	80,0 %		
	Vi brukar Pure service som system for HR tenester	Del saker motteke i Pure Service	80,0 %		
	Vi er ein døgnopen digital kommune med enkle og effektive arbeidsprosessar				
Vi har gode, trygge og inkluderande lokalsamfunn som fremmar helse, meistring og livskvalitet	Vi har gode, trygge og inkluderande lokalsamfunn som fremmar helse, meistring og livskvalitet				
Vi har trygge, friske og myndiggjorte medarbeidarar	Bjørnafjorden er ei attraktiv lærebedrift gjennom målretta tiltak for rekruttering av lærlingar	Samla tal lærlingar	42	42	

Årsmelding 2022

Hovudmål	Mål	Indikator	Ønska resultat 2022	Oppnådd resultat	Skildring mål
	Bjørnafjorden kommune er ein attraktiv arbeidsgjevar gjennom aktiv bruk av rekrutteringsstrategien	Gjennomføre utvalde rekrutteringstiltak for 2022	100,0 %	100,0 %	
	Vi arbeidar målretta med nærværarbeid gjennom leiaropplæring	Samla sjukefråvær	6.5	10,1 %	
	Vi gjennomfører medarbeidarundersøking annakvart år	Svarprosent medarbeidarundersøking 2022	75,0 %	58,0 %	
	Vi har fokus på helse, miljø og sikkerheit i alle einingar	Gjennomførte HMS rapportar	100,0 %		
	Vi har heiltidskultur og brukar system for heiltidsarbeid i rekrutteringsprosessen	Gjennomsnittlig stillingsstorleik	85,0 %		
Vi leverer treffsikre tenester	Vi leverer treffsikre tenester				

Kostra-analyse

	Bjørnafjorden 2021	Bjørnafjorden 2022	Kostragruppe 09	Landet uten Oslo
Prioritet				
Administrasjon brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) **)	3 540	2 741	4 072	4 558

**) Justert for utgiftsbehov

Utgiftene til administrasjon er kraftig redusert dei siste åra, m.a. som følgje av ned-bemanning i administrative funksjonar, og utgiftene ligg no markant under gjennomsnittet både for landet og Kostra-gruppa vår.

Oppvekst

Skildring av tenesta

Oppvekstområdet består av barnehager, skular og Familiens hus og fagstab.

Familiens hus var nyetablert frå 01.01.22 og vi held fortsatt på med å få organisasjonen på plass og sikre samhandlinga internt i Familiens hus og mellom Familiens hus og barnehagar og skular. Fokus er tverrfagleg arbeid og samheng i tenestene. Dette er nødvendig for å sikre at kommunen klarer auke i oppgåver og ansvar som den nasjonale oppvekstreforma krev av oss og sikre mest mogeleg stabile tenester til innbyggjarane i ei krevjande økonomisk situasjon.

Den krevjande økonomiske situasjonen setter sitt preg på drifta. Vi er fortsatt i implementeringsfase for Oppvekstreforma (nasjonal barnevernsreform) og vi held på med det nasjonale Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis.

Oppvekst - Fagstab og felles satsingar

Staben består av stab for barnehagemynde og barnehageutvikling og stab for rådgjevarer og SLT-koordinator.

Fagstaben har felles oppgåver for heile oppvekstfeltet og det ligg fleire større utviklingsarbeid til staben. Fagsjef skule og barnehage har ikkje eigne staber og årsverka i fagstaben blir mellom anna nytta inn mot systemforvaltning, saksbehandling og vedtak. I staben ligg ansvar for området sine IKT-system og personvern/informasjonsikkerheit.

Det er 3 årsverk i fagstaben. Dette har vore stabilt gjennom 2022. For tida nyttast 40 prosent ressurs til prosjektleiing i prosjektet VERD-SETT (eit 3-årig folkehelseprosjekt finansiert av Helsedirektoratet, retta mot meistring og psykisk helse hos barn og unge). SLT-koordinatoren utgjør eit årsverk. Koordinatoren har delar av stillinga inn i ungdomsteamet i Familiens hus.

Barnehagemynde og barnehageutvikling skal sikre at kommunen ivaretek rolle som barnehagemynde og sikre at lov og forskrift for barnehagefinansiering vert følgd. Barnehagemynde følger opp alle kommunen sine barnehagar. I tillegg kjem oppgåver knytt til opptak, saksbehandling og vedtak, behandling av klagesaker, generell brukarkontakt, dialog med føresette og ei rekkje andre oppgåver som går på tvers av barnehagane i kommunen.

Det er to årsverk organisert under Barnehagemynde og barnehageutvikling. Til saman er om lag eit årsverk knytt til spesifikke oppgåver på barnehageområdet, resten av årsverka blir nytta til andre oppgåver på Oppvekstområdet: Leiar barnehagemynde/barnehageutvikling har frå 01.01.23 40 prosent stilling inn i fagsenteret for barnehage i Familiens hus. Det eine årsverket blir nytta til fleire større fellesskapsoppgåver: oppfølging av lærlingar på kommunenivå, endringsforum, Verd-sett (20 prosent).

Skular

Opplæringslova set rammar for drifta. Organisatorisk omfattar tenesteområdet alle ordinære kommunale grunnskular (17), samt Bjørnafjorden vaksenopplæringa og Bjørnafjorden kulturskulen. Vi har 14 kommunale barneskular og 3 ungdomsskular.

I Bjørnafjorden er det 3 private grunnskular som er underlagt Utdanningsdirektoratet, og som i tillegg til ovannemnte lovverk blir regulert av friskulelova.

Fagsjef for skule har linjeansvar for dei 19 kommunale einingane som høyrer under skuleområdet. Det er inga eiga stab knytt til skuleområdet. Ressursar frå fagstab har oppgåver på skulefeltet.

Familiens hus

Familiens hus har samla alle tenestene inn mot barn, unge og familiar under felles leiar.

Familiens hus består av: Førbyggjande helsetenester (jordmorteneste, helsestasjon, skulehelseteneste og flyktningehelseteneste), Barneverntenesta og Eining for barn, unge og familiar. Som nyetablert eining var Barn, unge og familiar organisert med tre avdelingar i januar 2022. På grunn av flyktningkrisa i Ukraina og behovet for meir leiarkapasitet i Flyktningtenesta har vi gjennomgått organiseringa av eininga på nytt. Eininga vil i 2023 bestå av 5 avdelingar: Flyktningtenesta, Ungdomsteam, Pedagogisk fagsenter, PPT og Familieteamet. Barnehemagemynde har gått inn og tatt avdelingsleiaransvaret i Pedagogisk fagsenter og Familieteamet er som før organisert direkte under einingsleiar.

Familiens hus modellen har som hovudmål å sikre tverrfagleg samhandling og samarbeid kring barn, unge og familiar på alle nivå i tenestetilbodet. Det inkluderer førbyggjande arbeid, arbeid med barn og unge i risiko for å utvikle vanskar og å ivareta barn som er utsette for omsorgssvikt.

Tidleg innsats og tverrfagleg samarbeid er sentrale omgrep i organisasjonsmodellen. Organiseringa kjem som følge av oppvekstreforma der kommunane er pålagd eit større ansvar for førbygging og tidleg innsats for å sikre barn og unge gode oppvekstvilkår. Gjennom oppvekstreforma har staten overført eit større fagleg og økonomisk ansvar for barnevern til kommunane. Barnevernstiltak som til dømes institusjonsplasseringar er blitt mykje dyrare og insentivet frå staten er at kommunane gjennom dette skal satse meir på førbygging for på sikt å unngå store utgifter til barnevern.

Familiens hus definerer tidleg innsats som «tidleg inn i problemutviklinga», slik at barn, unge og familiar kan få rett hjelp til rett tid. For å lukkast med førbygging og tidleg innsats er vi avhengig av at alle som møter barn, unge og familiar samarbeider. Vår samarbeidsmodell tar utgangspunkt i barnet og familien sine behov. Tidleg oppdaging og ivaretaking av utsette barn og unge er eit fellesansvar. For å få dette til er det særleg viktig å «løfte blikket» og sjå oppvekstfeltet under eitt, men og etablere samhandlingsarenaer med andre både i og utanfor kommunen.

Barnevern

Barneverntenesta skal sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade helse og utvikling, får nødvendig hjelp, omsorg og beskyttelse til rett tid. Loven skal bidra til at barn og unge møtes med trygghet, kjærleik og forståing og at alle barn og unge får gode og trygge oppvekstvilkår (jf. Lov om barneverntenester § 1-1).

Barn, unge og familiar

Gjennom 2022 har Barn, unge og familiar jobba aktivt med å etablere seg som ny eining. Vi har hatt særleg fokus på å skape ein trygg og inkluderande kultur med fokus på tidleg innsats, rett hjelp til rett tid, og tverrfagleg samarbeid. Det er mange tilsette i eininga og det å bli kjend med kvarandre, både fagleg og sosialt har vore særleg viktig.

Som leiarar har vi hatt fokus på å vere tett på og derfor prioritert å delta i mange ulike møtepunkt. Dette har vore svært viktig for å sikre legitimitet, tillit, innsikt, kjennskap til- og kompetanse rundt dei ulike

avdelingane. Vi har også prioritert å bruke tid på å utarbeide felles strukturar som igjen har bidratt til meir samarbeid på tvers.

I november 22 flytta alle avdelingane, med unntak av Flyktningtenesta inn i Dragesetbygget. Denne samlokaliseringa har vore svært positiv og samlande. Terskelen for å ta kontakt med kvarandre har blitt lågare og tryggleiken og kjennskapen blant dei tilsette har auka.

Til tross for at eininga består av fem avdelingar med ulike ansvarsområde og ulikt lovverk, har vi gjennom året hatt fokus på samhandling og forståing på tvers. Vi har jobba for å få på plass og vidareutvikle rutinar og system.

Førebyggjande helsetenester

Førebyggjande helseteneste skal vere eit lett tilgjengeleg lågterskeltilbod, som skal ha fokus på tidleg innsats og universelle tiltak retta mot enkeltindivid og befolkning.

Førebyggjande helseteneste sitt mandat handlar om å fremme folk si helse - både psykisk og fysisk, redusere risiko for sjukdom og bidra til at helsa er ein positiv ressurs i kvardagen for den enkelte - gjennom heile livet. Førebyggjande helseteneste utgjer grunnmuren i det førebyggjande arbeidet for gravide, barn, unge og foreldre.

Førebyggjande helseteneste møter alle barn og unge i Bjørnafjorden kommune gjennom faste konsultasjonar frå svangerskap til ungdomstid. Vi tilbyr jordmortenester både i svangerskapet og i barseltida, og har helsestasjon på begge sider av fjorden. I tillegg er vi til stades på alle skulane i kommunen, både i grunnskule og vidaregåande opplæring. Flyktninghelsetenesta tilbyr tenester til flyktningar og asylsøkarar i kommunen. Vi samarbeider med kommuneoverlegen i folkehelsearbeid, smittevern og tuberkuloseoppfølging.

Barnehagar

Tenesteområdet omfattar alle private og kommunale barnehagar. Barnehagesektoren er regulert av Lov om barnehagar med forskrifter (barnehagelova). Kommunen er barnehagemynd for alle barnehagane og eigar av dei kommunale barnehagane.

Ved årsskiftet har vi 22 barnehagar (8 kommunale, 14 private) og 1 open barnehage. Ein privat barnehage (Flåten naturbarnehage) la ned drifta i løpet av hausten og dei fleste barna fekk tilbod om og takka ja til barnehageplass i Os barnehage.

Fagsjef kommunale barnehage har linjeansvar for dei 8 kommunale barnehagane. Det er ikkje merkantil ressurs på barnehageområdet så denne type oppgåver blir løyst av fagsjef saman med styrarane.

Barnehagemynd er omtala under fagstab.

Utvikling og utfordringar

Den samla situasjonen for oppvekstsektoren er utfordrande, men det blir lagt stor vekt på å sikre treffsikre tenester og sikre eit trygt, godt og inkluderande arbeidsmiljø for alle tilsette. Vi har eit godt samarbeid med tillitsvalde og verneombod.

Dei store økonomiske utfordringane saman med fleire komplekse og samansette behov hos barn, unge og familiar utfordrar tenestene på alle nivå. Samtidig er det god driv for å finne gode og smarte løysingar og bli endå betre på samhandling på tvers for å unngå dobbeltarbeid. Alle stillingar som blir ledige blir vurdert nøye før utlysing. Utvikling og utfordringar er omtala nærmare under skule, barnehage og Familiens hus.

Samtidig som vi har gjort betydelege nedtrekk i samla budsjetttramme viser årsmeldinga at sektoren har store økonomiske utfordringar. Dette er nærmare omtala under kapittelet om utfordringar og under økonomi.

Vi har starta arbeidet med å bli BTI kommune (Betre Tverrfagleg innsats). KoRus som er nasjonalt kompetansesenter for implementering av BTI bistår oss i arbeidet. Dette er eit tverrfagleg prosjekt for alle som arbeider inn mot barn og unge i Helse og velferd og Oppvekst. Prosjektet blir drevet frå Familiens hus og er eit viktig verktøy for å sikre tverrfagleg samarbeid. Hensikta med BTI-modellen er å kvalitetssikre heilskapleg og koordinert innsats utan at det blir brot i oppfølginga. [Bedre tverrfaglig innsats \(BTI\) – KoRus Bergen](#)

I juni gjennomførte vi samling for alle leiarar (kommunale og private) i oppvekst og leiarar i helse og velferd som arbeider med barn og unge. Tema var "O-punktsundersøkinga" som er gjennomført i forkant av BTI-implementeringa. I oppstartssamlinga for nytt barnehage og skuleår (digital samling for alle tilsette i oppvekst og samarbeidspartar i helse og velferd) var mellom anna BTI tema.

Arbeidet med å utarbeide sektorplan for oppvekst 2023 -2034 har starta. Målet er å få ferdig sektorplanen i 2023.

Gjennom prosjekt VERD-SETT og program for folkehelsearbeid i kommunane har vi fått felles forståing for folkehelseperspektivet i det universelle arbeidet inn mot barn og unge og eit felles kunnskapsgrunnlag for å sikre systematisk folkehelsearbeid. Folkehelseperspektivet vil vere ein naturleg del av sektorplanen for oppvekst som er under utarbeiding og skal gjelde i 12 år framover.

Oppvekstområdet har to representantar i folkehelsegruppa i Bjørnafjorden kommune. Denne gruppa held på å utarbeide det 4-årige oversiktsdokumentet for Bjørnafjorden som skal gi «oversikt over helsetilstanden i befolkninga og positive og negative faktorar som kan verke inn på denne». Oversiktsdokumentet skal presenterast i dei ulike råda i kommunen og skal opp i kommunestyret hausten 2023.

Prosjekt "VERD-SETT" er halvvegs i prosjektperioden som er utvida til ut 2024. Prosjektet er del av nasjonalt Program for folkehelsearbeid i kommunane. Det overordna målet for prosjektet er å jobbe saman på barn og unge sine oppvekstarenaer for å styrke meistringsevne og psykisk helse, og for å auke nærvær og førebyggje utanforskap. Dette er eit forskingsprosjekt der vi har samarbeid med KoRus og NORCE frå FOU-miljøa. Alle prosjekta i Program for folkehelsearbeid i kommunane er presentert på det nasjonale nettstedet forebygging.no via Helsedirektoratet.

Delprosjektet Ungdata er avslutta, men erfaringane frå gjennomføringa av Ungdata 2021 vil vi vidareføre ved ny Ungdata undersøking i 2024. Vi har fortsatt god dialog med Korus og Bjørnafjorden kommune er bedt om å dele erfaringar og idear omkring Ungdata arbeidet med andre kommunar gjennom publisering på nettsida til Korus/Ungdata.

Med bakgrunn i Ungdata tala har vi starta opp eit nytt delprosjekt, i samarbeid med kultureininga, om etablering av E-sport tilbod i Bjørnafjorden kommune. Dette er nærmare omtala under viktige hendingar.

Etablering og drift av gode ressursteam i barnehage og skule er sentrale delprosjekt i VERD-SETT. Overordna mål for ressursteam er likeverdige tenester, tidleg innsats og tverrfagleg samarbeid i alle barnehagar og skular. Delprosjekt ressursteam barnehage er nærma omtala under resultat.

Eit sentralt delprosjekt i VERD-SETT er SIM ("sjåast i morgon") – om nærvær og fråværsforebygging i barnehage og skule. Vi er godt i gang med å utvikle ei tiltakspakke med teori og verktøy/malar for i sikre god og likeverdig oppfølging omkring dette viktige arbeidet. Det er utarbeida eit felles system og rutine for registrering av skulefråvær. Dette er ein viktig faktor for å kunne fange opp fråvær så tidleg som mogleg. Bjørnafjorden kommune deltek som 1 av 8 kommunar i Noreg i pilotstudie Back2School (B2S). Dette er omtala under viktige hendingar.

I prosjektsøknaden VERD-SETT er kompetanseheving for alle tilsette eit tiltak. Dette vil bli gjennomført i barnehage- og skuleåret 2023-24, og vil bli evaluert haust 2024. Kompetansehevinga er også del av Oppvekstreforma. Det er gjennomført kartlegging av behov blant tilsette og målet med kompetansehevinga er å sikre felles kompetanse for alle tilsette i barnehage og skule, sikre førebygging og tidleg innsats og at alle barn, ungdom og føresette møter trygge vaksne i praksisfeltet. Vi skal gjennomføre felles opplæring for alle tilsette i den nasjonal faglege retningslinja frå Helsedirektoratet: "Tidlig oppdagelse av utsatte barn og unge" og det nasjonale kunnskapscenteret RVTS sitt digitale opplæringsprogram "Snakke med barn", spesielt samtaler ved bekymring for om barnet er utsett for vald eller overgrep. I tillegg vil vi sikre at alle barnehagar og skular har tilsette som har kunnskap og kursing i "EFTS" (emosjonsfokusert foreldreveiledning) og verktøyet "Samtalar med barn".

Alle ungdomsskulane våre gjennomfører pilot der dei prøvar ut "Livet&sånn i skuleåret 2022/23. Det er eit gratis opplæringsmateriell for folkehelse og livsmeistring, utarbeida av Ålesund kommune. Erfaringar frå denne piloten vil bli delt og vurdert juni 2023.

Bjørnafjorden kommune skal på oppvekstfeltet ha totalt 14 læringar. Det har vore utfordrande å rekruttere læringar og per 01.08.22 hadde vi 13 fordelt på barnehage og skule. Det er gjennomført fagsamlingar for alle læringane i kommunen og eigne samlingar for barne- og ungdomsarbeidar læringane. Tema for samlingane er: yrkesetikk, kompetanseheving innanfor faget, retter og plikter i arbeidslivet. Instruktørane gjennomgår instruktørkurs og det er gjennomført ei fagsamling. Læreløpet er lagt opp til at alle læringar skal vera 1 år i barnehage og 1 år på barneskule med 6 veker observasjonspraksis på ungdomsskolen. Dette fungerer godt og læringane får god fagleg breidde i lærertida.

Oppvekst er ein del av den tverrsektorielle Friskus arbeidsgruppa i Bjørnafjorden kommune. I 2022 har det vore arbeide med å gjere Friskus aktivitetsskalendar meir synleg og få den i aktiv bruk både i kommunale einingar og blant lag og organisasjonar. Her er det fortsatt ein jobb å gjere. Den digitale aktivitetsskalenderen Friskus samlar alle aktivitetstilbod på ein stad. Her kan innbyggjarane få oversikt over ulike aktivitetstilbod i kommunen og arrangørar kan informere om arrangement og leggje ut oppdrag til frivillige. Du kan melde deg på arrangement eller bidra med en hjelpande hand. Alle einingar med aktivitet og arrangement for innbyggjarane skal bruke Friskus.

Likeverdsreforma (Meld. St. 25 (2020-2021) har som føremål å styrke oppfølging av utsette barn og unge og deira familiar gjennom auka samarbeid mellom velferdstenestene. Eit av innsatsområda i reforma er «samanhengjande og gode tenester». Oppfølginga av reforma ligg hos Helse og velferd, men er tett knytt opp mot oppvekst sitt arbeidsfelt og 3 tilsette på oppvekstfeltet har vore med i arbeidet. Implementeringa av intensjon og tiltak i reforma er ikke fullført men held fram i 2023.

Det har det vore gjennomført jamlege møter i SLT modellen (samordning av lokale rus og kriminalitetsførebyggjande tiltak): 4 møter på utførande nivå, 2 møter på koordinerande nivå og 2 møter på styrande nivå (politiråd). SLT-koordinator deltek i nasjonalt SLT nettverk.

I løpet av 2022 har Bjørnafjorden kommune etablert rådgivande eining for russaker, ei lovpålagt oppgåve der eininga skal ha ansvaret for å møte personar når oppmøte for eininga er sett som vilkår for ein bestemt strafferettsleg reaksjon. Eininga består av tilsette frå psykisk helse og rus, NAV, ungdomsteamet, førebyggjande helse og SLT-koordinator.

Vi har også i tredje tertial hatt foredrag om UngData tala på foreldremøte ved fleire skular.

Det er gjennomført 7 møter i Bjørnafjorden ungdomsråd der SLT-koordinator er sekretær saman med kultursjef.

I oktober hadde politi og SLT-koordinator møte med russepresidentar og visepresidentar på dei vidaregåande skulane i kommunen, slik at vi tidleg har etablert kontakt før russetida. SLT-koordinator har hatt jamlege møter med politikontaktane.

Bjørnafjorden kommune har avtale om samarbeid med Antidoping Norge ut 2023. Vi har i 2022 hatt 3 styringsgruppemøter og 4 trepartssamarbeidsmøter med treningssentera. Vi har 5 av 7 reine senter pr desember 2022. I november og desember var Antidoping Norge på 9 trinn på alle ungdomsskulane og hadde foredrag om kroppspress og doping under psykisk helseveke.

Samarbeidet som Ung Arena og Fjorden Arena har med INTRO DM (deltaking og meistring) er gjennomført med midlar frå Bufdir (barne-ungdoms og familiedirektoratet). Her er det aktivitet i Os aktiv måndagar og onsdagar, i tillegg til eit prøveprosjekt med fredagar for nokre skular på mellomtrinnet. Det er også aktivitet kvar onsdag på Fjorden Arena der INTRO er med.

Skular

Kunnskapsløftet for læreplanverk (LK-20) førte med seg at alle læreplanar for fag i grunnskulen og den vidaregåande opplæringa blei fornya. Implementering av ny læreplan starta i 2020 og har fortsatt i heile 2022. LK-20 inneber auka utgifter i skulane og det blei tilført 500 000 gjennom politisk vedtak i 1 tertial. Desse midlane er fordelt til skulane etter elevtal. Utgiftene som mellom anna dekkar utgifter til tilsette ved overnattingsturer (spesielt ved ungdomsskulane) er ei permanent utgift, men det er ikkje lagt inn midlar til dette i 2023.

Covid-19 prega heile skuleåret 2021/22. Skuleåret 2022/23 er gjennomført utan nedstenging og restriksjoner, men med høgt sjukefråver blant tilsette.

Vi har per 01.10 3393 elevar i skulane i Bjørnafjorden kommune. Dette er ei nedgang på 38 elevar i høve til GSI tala per 01.10.21. Årets førsteklassekull på 283 elevar er lite samanlikna med tidlegare år. Os ungdomsskule og Nore Neset ungdomsskule har høge elevtal med 6 parallellar på dei fleste trinn.

4,06% av alle barn i skulepliktig alder er elev i private grunnskular eller får privat heimeundervisning. 144 elevar går i private grunnskular og av desse er 116 elevar i private grunnskular i Bjørnafjorden kommune. 3 elevar får privat heimeundervisning.

Skule	Sum
Halhjem barneskule	109
Borgafjellet barneskule	259
Kuventræ barneskule	341
Lysekloster barneskule	175
Strøno barneskule	44
Os barneskule	186
Lunde barneskule	340
Søre Øyane barneskule	126
Nore Neset barneskule	313
Søfteland barneskule	227
Nore Fusa skule	41
Eikelandssosen skule	70
Søre Fusa skule	23
Fusa skule	52
Barneskular	2306
Nore Neset ungdomsskule	488
Os ungdomsskule	456
Fusa ungdomsskule	136
Private grunnskular	116
Ungdomsskular	1080
Elevtal Bjørnafjorden kommune	3386

Om vi ser heile kommunen under eitt har vi tilstrekkeleg med lærartimar for å kunne dekkje lærarnorma. Lærarnorma målast på tal lærarar på 1-4 trinn, 5-7 trinn og 8-10 trinn. Ein tel ikkje timar som blir sett av til spesialundervisning.

Som tabellen viser oppfyller likevel ikkje alle skulane lærarnorma. Nore Neset ungdomsskule manglar 2,3 lærarstillingar. Det store avviket her skuldast at skulen har ein modell for organisering av spesialundervisning som slår negativt ut for lærarnorma. Kuventræ barneskule manglar 0,4 lærarstillingar og Os barneskule manglar ca. 0,8 lærarstillingar totalt sett på skulen. Det er fleire skular som slår ut i minus når det gjeld lærarnorm. Dette skuldast tekniske feil i rapportering som gjeld fådeltaskular og bokmålsklasser.

For å nå lærarnorma må dei aktuelle skulane fordele lærarressursen noko annleis og prioritere tilsetting av lærarar framfor andre tilsette. Dette skal vi fortsette å følgje opp framover.

Lærarnorm 2022-2023												
Skule	1.-4. trinn)				5.-7. trinn				8.-10. trinn			
	Fyller lærar-norm	Årstimar ordinær undervisning	Lærarnorm	Timar over/under minstekrav	Fyller lærarnorm	Årstimar ordinær undervisning	Lærarnorm	Timar over/under minstekrav	Fyller lærarnorm	Årstimar ordinær undervisning	Lærarnorm	Timar over/under minstekrav
Borgafjellet barneskule	Ja	7356,00	1,20	916,00	Ja	6498,00	3,00	2186,80				
Eikelandssøen barneskule	Nei	1473,00	-0,40	-296,10	Ja	1358,00	0,30	192,00				
Fusa barneskule	Nei	1379,00	0,00	-19,40	Ja	1976,00	1,60	1195,20				
Fusa ungdomsskule									Ja	5896,00	0,10	81,90
Halhjem barneskule	Ja	5401,00	0,40	280,10								
Kuventræ barneskule	Nei	7354,00	-1,00	-720,50	Ja	6755,00	0,60	469,60				
Lunde barneskule	Ja		0,10	45,40	Ja	7724,00	0,20	159,40				
Lysekloster barneskule	Ja	4066,00	0,10	56,60	Ja	4484,00	1,20	852,70				
Nore Fusa skule	Ja	2060,00	0,90	697,40	Ja	1311,00	1,10	835,20				
Nore Neset barneskule	Nei	6152,00	-0,70	-504,40	Ja	5015,00	0,40	306,60				
Nore Neset ungdomsskule									Nei	19366,00	-2,30	-1527,20
Os barneskule	Nei	4018,00	-1,00	-712,90	Ja	2935,00	0,20	151,80				
Os ungdomsskule									Ja	19264,00	0,00	0,10
Strøno barneskule	Ja	1520,00	0,40	331,50	Ja	988,00	0,30	226,80				
Softeland barneskule	Ja	6074,00	0,10	55,80	Ja	5111,00	2,00	1499,60				
Søre Fusa barneskule	Nei	665,00	-0,10	-87,30	Ja	1049,00	0,90	671,60				
Søre Øyane barneskule	Ja	3648,00	0,10	55,90	Ja	2356,00	0,70	507,60				
Sumtal		51166,00	0,10	98,10		47560,00	12,50	9254,90		44526,00	-2,20	-1445,20

Kvalitetsmeldinga for barnehage og skule blei lagt fram til kommunestyret i juni og gir eit samla bilde av drifta. Det var gjort endringar i innhald og form, noko det blei gitt gode tilbakemeldingar på. Eit grep med å få innspel frå elevråda på kvar skule, var svært verdifullt.

Skulane blir utfordra av komplekse elevsaker, både på barnetrinnet og på ungdomstrinnet. Vi ser ei auke i elevsaker, både knytt til kap 9A (rett til trygt skulemiljø) men også auke i saker vald/trakassering. Vi har og fleire alvorlege fråværsaker. Vi har stramme budsjett på skulane og innstrammingane i 2021 og 2022 utfordrar oss ytterlegare. Vi viser til Kvalitetsmeldinga for barnehage og skule for ytterlegare informasjon om situasjonen. Det kjem ny kvalitetmelding før sommaren 2023.

Handbok i begynnaropplæringa i Bjørnafjorden kommune er under utprøving skuleåret 2022/23. Det blir gjennomført ei evaluering juni 2023. I samband med denne satsinga har vi hausten 2022 gjennomført 2 nettverk for tilsette på 1.-og 2.trinn. Satsinga er eit samarbeid mellom skule og PPT. Målet er å sikre god kvalitet, felles praksis og at vi jobbar forskings- og kunnskapsbasert. Betre resultat på Nasjonale prøvar 5.trinn og generelt betre leseferdigheiter er eit langsiktig effektmål for satsinga. Handbok i begynnaropplæringa vil bli ein del av arbeidet rundt "rammer for lesing" i Bjørnafjorden kommune som er under arbeid.

Vi har tatt i mot 30 flyktningar i skulane dette året. Vi har kapasitet i skulane og dei barna som har kome i år er tatt i mot på nærskulen. I vår kommune har vi eit system som fungerer slik: Når elev kjem til skulen får skulen 40 timar til intensiv opplæring. Skulen får tildelt ekstra midlar til dette. Når kartlegging har funne stad blir det skrevet eige vedtak knytt til særskilt språkopplæring etter opplæringslov (§2-8). I samband med ankomsten av ukrainske flyktningar får alle nyankomne ukrainske elevar 7 timar pr veke med særskild språkopplæring i grupper. Skulane får tilført ekstraressurs til dette.

Vi ser auke i tilrådingar til PPT og enkeltvedtaka elevane får har høge timetal til spesialundervisning. Når den økonomiske ramma til skulane er så stramme, hindrar det fleksibilitet og resultatet er at alle ressursar blir brukt til spesialundervisning. Kjem det uventa hendingar (t.d barn som utagerer), må ein nytta ressursar som er tilgjengelege. Det kan i nokre tilfelle gå ut over timetal til spesialundervisning. Då

bryt vi §5-1 rett til spesialundervisning. Det er auka behov for fleire vaksne i skulane, gjerne med anna utdanning.

SFO: I arbeidet med etableringa av Bjørnafjorden-skulen er det jobba med felles årsplan på SFO for alle skulane i kommunen. Årsplanen er tatt i bruk dette skuleåret.

Ny rammeplan for SFO blei innført 01.08.21, og skulane er godt i gang med å jobbe med innhaldet. Vi jobbar heile tida med forbetring av kvaliteten på SFO for å gi eit best mogeleg tilbod. Hausten 2022 er det gjennomført foreldreundersøking. Resulata blir omtala i Kvalitetsmeldinga som kjem våren 2023.

Gratis kjernetid SFO: Vi har tatt i bruk nye plasstypar og rabatterte prisar på SFO for alle elevar på 1. trinn. Frå hausten 2023 vil ordninga også gjelde elevar på 2. trinn. Redusert foreldrebetaling i barnehage og SFO er ei offentlig ordning der ingen skal bruke meir enn 6% av familien sin samla inntekt til barnehage eller SFO-plass for sine barn. Flyktningar i introduksjonsprogram får dekkja kostnad til SFO av kommunen.

I heile 2022 har digitalisering av skjema stått på dagsorden: dette gjeld skjema både for føresette og tilsette slik at flyten blir meir effektiv. Arbeidet pågår både i kvalitetssystemet, på innsio og utsio.

Bjørnafjorden er tatt ut til å delta i den nasjonale Oppfølgingsordninga for kommunar. Oppstart var haust 2022 og ordninga går over 3 år. Ordninga finansierast via Statsforvaltar og er eit samarbeid mellom Udir og Statsforvaltar. Dette ser vi på som ei moglegheit til å få støtte gjennom året til å forbetra kvaliteten på heile skuleområdet. Vi skal ha samarbeid med NHH fram til juni 2023.

Grunnlaget for uttaket er at Bjørnafjorden kommune over fleire år har hatt spreiding i resultata på Nasjonale prøvar. Elevundersøkinga viser også at vi har høge tal på mobbing og «dropp» i motivasjon på mellomtrinnet. Skuleeigar ser at vi må betre det systematiske arbeidet kring analyse, implementering og gjennomføring i praksis. Analysearbeidet gjeld både på læringsresultat og saker i læringsmiljøet. I 2022 har vi gjennomført fagdagar med skuleleiinga, samt ein halv digital fagdag for alle tilsette i skulane. Hovudtillitsvalte, fagsjef kommunale barnehager, rådgjevarar og pp-tenesta er representert på samlingene saman med skuleleiinga ved kvar skule. Etter analyseåret (2022-2023), skal vi ha to skuleår til gjennomføringsfasen. Vi skal søkje Statsforvaltar om midlar slik at vi får med oss eit eigna fagmiljø som samarbeidspart også dei neste to åra.

Skulane arbeider med berekraftsmåla i tråd med overordna del i LK20: "Bærekraftig utvikling som tverrfaglig tema i skolen skal legge til rette for at elevene kan forstå grunnleggende dilemmaer og utviklingstrekk i samfunnet, og hvordan de kan håndteres. Bærekraftig utvikling handler om å verne om livet på jorda og å ta vare på behovene til mennesker som lever i dag, uten å ødelegge framtidige generasjoners muligheter til å dekke sine behov. En bærekraftig utvikling bygger på forståelsen av sammenhengen mellom sosiale, økonomiske og miljømessige forhold. Menneskehetens levesett og ressursbruk har konsekvenser lokalt, regionalt og globalt."

Døme på arbeid:

- Lokale elvar – fleire skular er med
- Elevane er miljøagentar: sorterer plast, papir etc
- Fokus på gjenbruk: design og re-desingfaget på ungdomsskulen
- Kunst og handverk på barneskule: re-desing
- Mat og helse: fokus på matsvinn, bruke opp rester, kaste mindre mat
- Etablering av «skulehagar»
- Rydding av søppel i fjæra, langs fortau og på skuleplass

- Besøk på gjenvinningsstasjonar
- Innkjøp vert vurdert ift kvalitet.

Frå skuleåret 2022/23 har skulane hatt Chromebook til alle elevar. Vi har vidareført programvareavtaler med Gyldendal, for 1. - 7. trinn og Aschehoug for 8. - 10 trinn, som basisprogramvare for alle skular. Vi har no oppdatert programvare i alle fag etter ny læreplan. IKT i skulane i Bjørnafjord kommune er presentert på nettsida <https://www.bfskuleportal.no/>. Vi har ikkje budsjett til oppgradering av anna AV-utstyr.

Personvern og barn sitt personvern etter lovverk om GDPR er eit viktig tema for oss i Bjørnafjorden kommune. Det er etablert eit sikkerheitsforum i kommunen og vi deltek i interkommunalt samarbeid i regi av DIG-Vestland der vi mellom anna arbeider med desse tema. Kommunane har ansvar for å sikre at elevane sitt personvern er ivarettatt. Dette gjeld spesielt når elevane nyttar digitale verktøy. Elevar og lærarar opplever at det er avgrensingar på kva digitale verktøy ein kan nytte i skulearbeidet.

Vaksenopplæringa har opplevd store endringar i samband med flyktningkrisa i Ukraina. Sidan august 2022 har skulen tatt i mot ca. 100 nye elevar frå Ukraina, alle med rett til, og ønske om norskopplæring. Dette har ført til utfordringar både med tanke på areal og ressursbruk. Vaksenopplæringa er likevel godt i gang med gjennomføring av norskopplæringstilbodet for alle elevar i målgruppa, sjølv om veketimetallet for ein del av elevane er lågare enn vi ideelt ønskjer.

Vaksenopplæringa har pr. 31.12.2022 følgjande elevmasse:

	tal elevar
Norskopplæring	183
Eksamensretta grunnskuleopplæring	9
Spesialundervisning for vaksne	24
	216

Sjølv om ein del elevar avslutta opplæringa ved semesterslutt, ventar vi ei betydeleg auke i talet på elevar som vil lære seg norsk i kommande år. Vi har blant anna tatt i bruk areal i Fjord'n senter til undervisning, men vil og ha behov for ytterlegare areal i tida som kjem og ei mellombels auke i pedagogressursen i 2023.

Hurtigspor er eit samarbeid på tvers mellom NAV, flyktningtenesta, vaksenopplæring og aktuelle arbeidsgjevarar der ein har som mål at deltakar får ein hurtig overgang til ordinært arbeid gjennom å legge særleg vekt på anvendbar medbrakt kompetanse og ressursar. Vaksenopplæring har førebels ikkje elevar som deltar i eit hurtigspor, men vi har, saman med flyktningtenesta, etablert kontakt med NAV om slikt samarbeid. Vi arbeider og med ein revidert samarbeidsavtale med NAV der hurtigsporet inngår.

Kulturskulen: Dette skuleåret ligg talet på unike elevar like under 500, og per GSI-rapportering i oktober 2022 låg talet på elevplassar på 632. Vi har etter Covid-pandemien opplevd ein endring i søkjarmassen der fleire no ønskjer plass på gruppetilbod medan færre søker individuell opplæring i musikk. Meir av kulturskulen si undervisning i indre del av kommunen er sentralisert og kulturskulen har no undervisning færre undervisningsstader. Dette fører til mindre utgifter til reisetid for lærarar, men det fører også til eit dårlegare tilbod i enkelte av krinsane i kommunen.

Etter at vi fekk gjennomføre skulekonsertar igjen våren 2022 har vi sett ei auke i talet på elevar i Eikelandssosen. Dei faga som opplever auke er i hovudsak song og dans. I tillegg har vi oppretta ei ny klasse innan visuelle kunstfag då dette er blitt eit populært fag.

Familiens Hus

Første halvdel av driftsåret var prega av pandemi. Heile året har vore prega av organisasjonsutvikling og systemarbeid. Fokuset har vore på organisasjonsutvikling gjennom tverrfagleg samarbeid og å gjere Familiens hus sitt tenestetilbod kjent i heile kommunen. Det har vore særlig viktig å få på plass gode rutiner og strukturer for ungdomsteamet og familieteamet for å kunne gje eit godt tenestetilbod på lågterskelnivå. Det har vore stor pågang til oppfølging på lågterskel, spesielt er det føresette som tar kontakt for å få hjelp frå desse teama. Familiens hus har og etablert eit tverrfagleg drøftingsteam der skular, barnehager eller andre fagtjenester kan melde inn komplekse saker til drøfting. I tiltakskjeden til Familiens hus kjem det klart fram at ein manglar eit meir intensivt oppfølgingstilbud i dei sakene som omhandlar barnevern, samt i saker kring alvleg skulefråvær og negativ ungdomsåtferd.

Barnevern

Barneverntenesta var i 2022 prega av ny oppvekstreform(barnevernsreform) og omorganisering til Familiens Hus. Barnevernleiar blei leiar for Familiens Hus, og avdelingsleiar for tiltak vart konstituert som barnevernleiar fram til august 2022. Avdelingsleiar for tiltak blei ikkje erstatta før ut på våren, noko som førte til at ein del tiltak ikkje blei godt nok følgt opp.

Barnevernstenesta har mange alvorlege saker som omhandlar vald, overgrep, skadeleg seksuell åtferd mellom barn, samt alvorlege saker knytt til rus og psykisk helse hos foreldre. Utviklinga på barnevernsfeltet er at det er fleire foreldre og barn som ønsker hjelp, særleg til å finne ein ny omsorgsbasis til barna. Fleire barn slit med psykiske vanskar eller rus og åtferd. Det er ein tendens til at familiar treng meir og omfattande hjelpetiltak for å snu ei negativ utvikling og det er særleg knytt til denne gruppa at kostnadane blir høge. Sakene er komplekse og disse familiene har behov for omfattande bistand både frå barneverntenesta, andre einingar i kommunen og andre offentlege instansar. I nokre tilfelle kan denne hjelpa i heimen vere ein avgjerande faktor for at barnet ikkje må flytte ut.

I løpet av hausten 2022 blei det foreteke evalueringar i fleire saker som hadde motteke omfattande hjelpetiltak over tid. Det vart konkludert med at omsorgstilhøva til barna ikkje var gode nok. Dette førte til at det vart fremja sak om omsorgsovertaking for 13 barn i løpet av hausten.

Fleire av sakene barneverntenesta har arbeida med i 2022 har ein alvorsgrad som gjer at tilbakeføring til foreldra tek lengre tid enn tidlegare. Dette inneber at det er risiko for at dei fleste av barna som er flytta i 2022, vil bli buande utanfor heimen også i 2023.

Barneverntenesta har mange plasserte barn i slekt og nettverk samanlikna med kommunane rundt oss. Hausten 2022 flytta fleire barn i fosterheimar og beredskapsheimar som ikkje var slekt og nettverk. Noko av årsaka til dette var at det i fleire av tiltaka var prøvd nettverk som tiltak utan at dette førte fram. Det hadde også samanheng med at fleire av ungdomane i ein periode trengte å bu ut av kommunen.

Mange barn mottok omfattande tiltak i heimen som blei kjøpt av private aktørar. Dette er svært kostnadskrevjande, og auka også i pris det siste året. Dette er tiltak som rettleiing til foreldre/fosterforeldre, tilsyn, køyring av barn til/frå samvær og oppfølging av ungdom. Etableringa av

Familiens Hus skal redusere privatkjøp og kostnader knytt til dette. Tiltaka i Familiens Hus i 2022 var ikkje omfattande nok til å kunne ivareta alle disse oppgåvene og til å hindre plassering av barn. Vi treng komme tidleg inn med omfattande tiltak som inneber oppfølging fleire gonger i veka, dag og kveld, og i helgar, dersom tiltaka skal ha god nok effekt for å hindre flytting av barn i dei alvorlege sakane. I dei alvorlegaste sakane vil barn ofte måtte flytte ut av heimen for å bli godt nok beskytta for omsorgssvikt. Privatkjøp av tenester utgjorde store økonomiske utgifter i 2022, noko vi forventar skal snu i løpet av nokre år dersom tiltaka i Familiens Hus blir omfattande nok.

Vi har starta overføring av oppfølgingssaker inn til eigne rettleiarar i Familiens Hus. Dette sparte oss for ein del kostnader i 2022 knytt til privat kjøp av rettleiing og oppfølging av familiar og fosterfamiliar.

Frå 2022 hadde barneverntenesta ansvar for ungdom heilt opp til 25 år. Dette utgjorde ein betydeleg meir kostnad i tenesta. Bjørnafjorden har svært mange ungdommar på ettervern, noko som er svært kostnadskrevjande. Vi har starta overføring av ungdommar til NAV og andre kommunale tenester. Dette for å gje rett hjelp på rett stad.

Tenesta har i heile 2022 hatt eit høgt sjukefråvær, og fleire som har slutta. Det er ei teneste med mange nye, og til dels uerfarne tilsette, noko som har vore tid og ressurskrevjande. Mange sjukemeldte og stort skifte i kontaktpersonar har og ført til noko mindre kontinuitet i oppfølginga av familiane.

Barn, unge og familiar

Einga har brukt 2022 til etablere seg. Sjå nærmare omtale under skildring av verksemda. Det er mykje spennande på gang i eininga og kvar dag ser vi døme på tverrfagleg samarbeid og kreative løysingar til det beste for barn, unge og familiar. Fokuset på tidleg innsats, rett hjelp til rett tid og treffsikre tenester ligg langt framme hos dei tilsette.

Vi har hatt fokus på fagleg utvikling i alle avdelingane og har kome godt i gang med arbeidet med eit felles verdigrunnlag og felles fagleg forankring. Kompetanseløftet, der inkludering er særleg vektlagt har også bidratt til utvikling i fleire av avdelingane.

Gjennom delar av 2022 har vi gått utan avdelingsleiarar i fleire avdelingar. Dette skyldast mellom anna flyktningkrisa og behovet for auka leiarkapasitet i Flyktningtenesta i tillegg til noko langtidsfråvær. Dette har vore krevjande og ført til at einingsleiar og leiar for Familiens hus har hatt mange team og avdelingar å leie.

Familieteamet og ungdomsteamet har stort påtrykk av saker. Det er risiko for at det kan oppstå venteliste knytt til oppfølging av barn, unge og familier. Vi ser ei utvikling med at saker som har fått utvikla seg over tid, som til dømes skulefråvær og alvorlege barnevernsaker trengjer tettare og mer omfattande hjelp enn det kommunen sitt tilbod er dimensjonert for. Det vil være behov for å sjå på dette i løpet av 2023 for å hindre at sakene blir så omfattande at det blir behov for dyrare barneverntiltak.

Ungdomsteamet er ei vidareføring av tidlegare Meistringsteamet, men i litt endra form. Utgangspunktet for justeringane handla mellom anna om behovet for ei breiare tilnærming til ungdom og ungdomsmiljøet i kommunen.

Våren 2022 fekk teamet ny avdelingsleiar, og parallelt med dette starta vi prosessar rundt utvikling av teamet, samt endring av arbeidstid. Dette for at tilsette i teamet skulle nå fleire ungdommar og ha moglegheit til å jobbe med ungdom også på ettermiddag- og kveldstid.

Gjennom året har teamet arbeida med både individ- og systemsaker. Hausten 2022 har dei kome godt i gang med faste miljø dagar på dei tre ungdomsskulane. Dei har også hatt ansvar for jente- og guttegrupper med fokus på stress, press og sjølvbilete. Teamet har vore viktige bidragsytarar og medspelarar i psykisk helseprosjektet til ungdomsskulane.

Ungdomsteamet har hatt ansvar for å drifte Ung arena og har vore ein viktig bidragsytar på Fjorden arena. Begge "hengeplassane" har gjennom året hatt stor aktivitet med godt oppmøte.

I open hall på Fjorden Arena har ungdommane fått tilbod om eit gratis måltid, tilbod i klatrehall, e-sport eller aktivitet med Intro DM i hallen. Dei har møtt trygge vaksne som har hatt tid til prat, eller dei har hatt moglegheit til å "henge" med venar. Våren 2022 var det Open hall ein gang i månaden, mens det frå september vart utvida til annakvar veke. I snitt har det vore ca 15-30 ungdommar kvar gang.

Ung arena har hatt ope måndagar og onsdagar. Måndagane er satt av til ungdom frå vidaregåande skule, mens onsdagane er prioritert for ungdomsskuleelevar. I snitt har det vore rundt 10 ungdommar kvar måndag og 60-70 ungdommar kvar onsdag. I tillegg til at Ung arena er ein hengeplass for ungdom, har lokalet vore brukt på dagtid til både enkelttreff og gruppetreff. Barneverntenesta og NAV har nytta lokalet på Ung arena på dagtid.

Ung arena har også eit samarbeid med Intro DM der ungdomar har hatt tilgang til open hall i gymsalen på Os aktiv. Her har det jamt over vore god deltaking både på måndagar og onsdagar.

Familieteamet har vore i ei etableringsfase dette året. Med utgangspunkt i omorganiseringa, frå tre til fem avdelingar våren 2022, blei kommunepsykologar og familierettleiarar organiserte som eit samla Familieteam.

Gjennom hausten har vi etablert eit felles vekentleg vurderings- og fordelingsmøte for Ungdomsteamet og Familieteamet. I møta vurderer og fordeler vi saker, både lågterskelsaker og saker frå Barneverntenesta.

Tilsette i Familieteamet arrangerte EFST-kurs for føresette hausten 2022.

Einingsleiar og leiar for Familiens hus har eit tett samarbeid rundt Familieteamet.

PP-tenesta har gjennom året jobba for å sikre treffsikre tenester og har gjort nokre justeringar i sin interne organisering. Tenesta har ikkje lengre eitt barnehageteam og eitt skuleteam, men jobbar meir heilskapleg og ser områda meir i samanheng. Sjukmeldingar og langtidsfråvær i PPT har til tider gjort bemanningssituasjonen krevjande.

Tenesta har jobba med "Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis". Gjennom dette arbeidet har vi etablert eit samarbeid med UH-sektoren (Læringsmiljøsenteret) og har hatt særleg fokus på eit kompetanseløft rundt relasjonskartlegging, pedagogisk analyse og observasjon som verktøy.

PPT har besøksdagar i alle barnehagar og på alle skular og følgjer opp både på individ- og systemnivå.

Gjennom året har PP-tenesta totalt mottatt 129 tilvisingar på skule, og 34 på barnehage.

PP-tenesta har ei sentral rolle i ein del fråværsaker, og ser store utfordringar i mange av desse komplekse sakene.

Logopedtenesta er eit lågterskeltilbod som består av 2,9 årsverk. Tilbodet skal vere lett tilgjengeleg og bidra til tidleg innsats for enkeltbarn, samt systemstøtte via kursing og kompetanseheving, for eksempel språkpakker. Fordi vi har hatt så stor pågang for individualsaker det siste året, ser vi at det blir lite kapasitet til å drive systemretta arbeid. Tenesta har gjort seg godt kjent hos barnehagar og skular det siste året, og har fått svært mange tilvisningar. Vi ser at den aukande pågangen ikkje er mogleg å ta unna med den bemanninga vi har i dag. Dette betyr at nokre barn må vente på å få den hjelpa dei har behov for.

Pedagogisk fagsenter jobbar utøvande i barnehage med barn som har rett på sepsialpedagogisk hjelp. I 2022 har Fagsenteret jobba spesielt med å løfte kompetansen på ASK (Alternativt supplerande kommunikasjon), Karlstadmodellen, TEACCH-metoden og ABLLS-r kartleggingsverktøy.

Fagsenteret har hatt fokus på intern utvikling gjennom kollegabasert rettleiing, der reflekterande team har vore brukt som metode.

I Pedagogisk fagsenter har vi hatt fleire langtidssjukemeldingar og mange sakkunnige vurderingar. Dette har ført til eit ekstra press på tenesta. På bakgrunn av lite kapasitet i Fagsenteret har vi måtte kjøpe ut nokre timar til spesialpedagogisk hjelp i enkelte barnehagar. I desse tilfella er det laga skriftleg avtale med barnehagane og dei får rettleiing av spesialpedagogar i Fagsenteret.

Flyktingtenesta: Oppvekst overtok ansvaret for Flyktingtenesta 01.01.22. Dette er eit nytt fagområde for Familiens hus og det er brukt tid på å gjera seg kjent med lovverk og arbeidsmåtar. Ukrainakrigen gjer og til at tenesta har fått store og nye utfordringa i drifta kring flyktingarbeidet. Tenesta har tatt i mot 170 flyktingar i 2022. Dette har vært eit stort og krevjande arbeid som ein har lukkast med grunna godt tverrfagleg arbeid i heile kommunen

Førebyggjande helsetenester

Det er fødd 252 nye Bjørnafjordingar i 2022, 28 i indre Bjørnafjorden og 224 i ytre Bjørnafjorden. Det gjennomsnittlege fødselstalet i kommunen frå 2017-2022 er 268 nyfødde, fødselstalet for 2022 er noko lågare enn gjennomsnittet dei siste åra, og følgjer fylkes- og landsutviklinga.

Jordmortenesta: I jordmortenesta har vi i lang tid hatt krevjande ressursutfordringar grunna langtidsfråvær og jordmormangel jf. 1. og 2. tertialrapport. Det har i store deler at 2022 vore svært utfordrande å drifte tenesta. I 3.tertial lukkast vi med å tilsette i eit vikariat i jordmortenesta.

Ressursmangelen i jordmortenesta i 2022 fekk følgjer for tilbodet som blei gitt til brukarane av tenesta:

- ikkje alle nye gravide som tok kontakt fekk eit tilbod om svangerskapsomsorg i jordmortenesta i 1.tertial. Alle barselkvinner blei følgt opp.
- tilbodet til gravide og barselkvinner blei i heile 2022 sentralisert til Osøyro nærjordmorsenter for å nytte jordmorressursane best mogleg. Frå januar 2023 vil jordmortenesta gje svangerskapsomsorg frå Eikelandsosen nærjordmorsenter igjen.
- all barseloppfølging blei gitt frå Kvinneklunikken to veker i juli 2022 i forbindelse med ferieavvikling i jordmortenesta.

Skulehelsetenesta: I 2022 har fleire skular stått utan helsesjukepleier ressurs i periodar grunna langtidsfråvær, rekrutteringsutfordringar og auka bemanning i flyktinghelsetenesta. Nore Neset barneskule, Halhjem barneskule, Søfteland barneskule, Nore Fusa barneskule og Nore Neset Ungdomsskule har alle i periodar i 2022 stått utan helsesjukepleier på skulen. Dette har ført til at svært mange elevar ikkje har hatt tilgjengeleg helsesjukepleier som dei kan oppsøke ved behov og skulane har

mangla ein viktig samarbeidsressurs. Skulehelsetenesta har prioritert og gjennomført lovpålagte oppgåver som vaksinerings og skulestartundersøking.

Mangelen på ressursar har og ført til auka press på helsesjukepleiarane i tenesta, og ein har måtte bidra ekstra i avdelinga utover eigne oppgåver for å kunne gjennomføre lovpålagte oppgåver. *Dei tilsette fortel at dei likevel kjenner seg ivaretatt.* Helsesjukepleiarane i skulehelsetenesta rapporterer om eit auka press, som dei opplever som eit resultat av lågare vaksentettleik/bemanning i skulen. Dette gjeld både rettleiing til tilsette ved skulen og oppfølging av elevar og føresette. Det vert brukt mykje ressursar opp mot alvorleg skulefråvær.

Flyktninghelsetenesta: Krigen i Ukraina og auka flyktningstraum har ført til eit stort press på flyktninghelsetenesta.

Flyktninghelsetenesta har sidan 01.01.2020 hatt eit årsverk fordelt på tre tilsette. Delar av stillinga har i periodar stått vakant grunna rekrutteringsvanskar. For å raskt auka beredskapen i arbeidet opp mot ukrainske flyktningar fekk vi i april hjelp frå to tilsette frå pandemieteamet. I tillegg blei to tilsette frå skulehelsetenesta flytta inn i arbeid retta mot flyktningar, med det resultat at to store skular fekk eit sterkt redusert tilbod. Frå august 2022 har vi to tilsette som jobbar i flyktninghelsetenesta i tilsaman 1,2 årsverk. Grunna vidare oppfølging av allereie mottatte flyktningar og forventning om å ta imot nye Ukrainske flyktningar i 2023, lyste vi i siste del av 2022 ut eit engasjement for å styrka Flyktninghelsetenesta i mottak og oppfølging av flyktningar. Denne stillinga er tilsett i frå januar 2023.

Tilskot frå Helsedirektoratet for å styrke helsestasjon og skulehelsetenesta:

Førebyggjande helseteneste har sidan 2013 fått tilskot frå Helsedirektoratet for å styrke tenesta. Tilskotet har heile vegen blitt nytta til lønsmidlar for å auke og etter kvart, oppretthalde dei auka ressursane i eininga. I 2021 fekk vi tildelt årlege midlar for 2021- 2023, men tilskotet blir redusert for kvart år. Dette gjer at Førebyggjande helseteneste jamnleg må trekke ned årsverk for å drifte innfor budsjett. I 2021 trakk vi ned 0,7 årsverk, og vi har ytterlegare trekt ned 0,75 årsverk frå januar 2022. Nedtrekk av årsverk påverkar tilboda vi gjev til brukargruppa vår og gjer at tenesta vår blir stadig meir pressa på ressursar.

Bemanning- anbefalte normtall

Når det gjeld bemanning, er Bjørnafjorden nr. 3 av kommunar med dårlegast bemanning på helsestasjon- og skulehelseteneste i vår kommunegruppe (Kostratall 2021 - Avtalte årsverk i helsestasjon- og skulehelsetjenesten per 10 000 innbyggere 0-20 år).

Det er utarbeid anbefalte normtall for deler av tenesta vår. Jordmortenesta og helsestasjon har fått oppdaterte verktøy for å rekne ut bemanningsbehov, medan skulehelsetenesta opererer med "gamle" anbefalte normtall frå 2010. Det er i skulehelseteneste og i barneskule vi ligg mest under anbefalte normtall i Bjørnafjorden kommune.

Nasjonalt er det varsla stor mangel på helsesjukepleiere og jordmødre i åra framover. I Førebyggjande helseteneste har vi siste åra hatt vanskar med å rekruttere tilsette med ønska kompetanse inn i eininga. Få søkarar generelt, og stor konkurranse frå nabokommunar har ført til at vi ikkje har fått tilsett i alle våre utlyste stillingar. Dette fører igjen til stort press på tilsette som får fleire arbeidsoppgåver og større ansvarsområde. Det har og påverka tenestetilbodet i både jordmortenesta og i skulehelsetenesta i 2022.

Barnehagar

I august 2022 var det 1369 barn i barnehagane i Bjørnafjorden, som er ein nedgang på 53 barn frå 15. des 2021. Gjennom hausthalvåret auka søknadene og per 15. desember 2022 er det 1437 barn i barnehagane i Bjørnafjorden kommune. I kommunale barnehagar gjekk det 336 barn og i private barnehagar gjekk det 1100 barn.

286 barn gjekk over til skule hausten 2022. Det er framleis ledig kapasitet av barnehageplassar i Bjørnafjorden kommune, og enkelte områder i på Os-sida som har stor søkjarmasse. I Det er barnehager som har hatt stor nedgang i barnetal i 2022 og som ei følgje av dette og auka kostnader, måtte Flåten naturbarnehage leggje ned drifta 1. desember 2022. Bjørnafjorden kommune mista 48 barnehageplasser ved denne nedlegginga, men kapaistet i andre barnehagra gjorde at barna frå Flåten raskt fekk tilbod i andre barnehagar.

Os barnehage overtok 19 barn av 22 barn 1. desember frå Flåten Naturbarnehage. 3 barn gjekk til private barnehagar. Prosessen med å overføre barna til Os barnehage gjekk veldig bra sjølv om det var knapp tid og det kom overraskande for foreldra og tilsette. Administrasjonen var tett på prosessen frå meldinga kom måndag ettermiddag 21. november:

- 22. nov fekk personalet i Os barnehage og Flåten Naturbarnehage informasjon.
- 23. nov gjennomførte administrasjonen foreldremøte i Flåten barnehage og foreldre fekk omvising i Os barnehage same kveld.
- 25. nov hadde 19 barn takka ja til Os barnehage og 3 barn hadde takka ja til private barnehagar.
- 28. nov: overføring av informasjon mellom barnehagane for dei barna der føresette hadde samtykka.
- Frå 24 – 30 nov fekk føresette og barn tilbod om å komme på besøk i Os barnehage for å gjera seg kjent.
- 1. desember var alle barna på plass i Os barnehage, og tre av seks tilsette frå Flåten Naturbarnehage.

Os barnehage gjorde ein kjempeinnsats for at dette skulle vere ein trygg og god overgang for barna. Det har vore gode tilbakemeldinga på prosessen frå tilsette og føresette.

Hausten 2022 var det 31 barn som fekk spesialpedagogisk hjelp etter §31 i barnehagelova, og 25 barn som hadde vedtak etter §37, nedsett funksjonsevne. Det har vore gitt lågterskeltilbod til barn som ikkje kjem inn under rett til spesialpedagogisk hjelp eller nedsett funksjonsevne.

Det er 210 minoritetsspråklege barn i barnehagane per 15.12.22. Det er berre ein auke på 4 barn frå året før. Barnehagane har tatt imot 11 barn frå Ukraina.

Barnehagane arbeider med bærekraft i tråd med rammeplanen i barnehagen: "Barna skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Bærekraftig utvikling omfatter natur, økonomi og sosiale forhold og er en forutsetning for å ta vare på livet på jorden slik vi kjenner det. Barnehagen har derfor en viktig oppgave i å fremme verdier, holdninger og praksis for mer bærekraftige samfunn."

Døme på arbeid med tema:

- Kjeldesortering
- Grønsakhage

- Fokus på frå jord til bord.
- Tema: Ta vare på naturen. Barna er mykje på tur i naturen og jobbar med gode haldningar.
- Vanntilvenning i sjø eller vatn.
- Innkjøp vert vurdert ut i frå kvalitet.

Heile året har barnehagene hatt utfordringa med stort fråvær og lite tilgang på vikarar. Dette er svært arbeidskrevjande. Første del av 2022 var prega av Covid-19.

Det er arbeida vidare med å bygge "Bjørnafjorden barnehagane" og mellom anna blei det 15.08.22 gjennomført felles fagdagar for alle kommunale barnehagar. Dette er første fysiske fellessamling etter kommunesamanslåinga. Tema var trygt og godt i barnehagen med foredragshaldar frå læringsmiljøsentret i UIS. Dette foredraget vart filma og delt med alle private barnehager i kommunen.

I fellesmøtepunkt har det vore jobba med sektorplan, omorganisering av oppvekst, kompetanseløftet, inkludering, trygt og godt barnehagemiljø, overgangsplanen mellom barnehage og skule, verdsett, foreldreundersøkinga og barnet si stemme i alle saker der barna er involvert.

Det er gjennomført pedgogsamlingar med tema knytt til korleis ta i mot flyktningebarn i samband med krigen i Ukraina og korleis barnehagane kan rusta seg til dette arbeidet. Det har og vore tema om korleis få til gode rammer i barnehagekvardagen, og kva det kan ha å seie for barnegruppa.

Det er gjennomført skriftleg tilsyn med alle barnehagane. Barnehagemyndene har gjennomført 5 stadlege tilsyn. Det er ikkje avdekka lovbrøt.

Helsevernetaten har vore på regodkjenning av avdelinga i Strøno. Her blei det gjennomført vesentlege utbetringar i løpet av sommaren 2022. Strøno kan no ha inntil 24 barn, der sju barn kan vera under tre år. Dette er basert på tilgjengeleg leike- og opphaldsareal og tal toalett, stellerom og garderobeplassar.

Det er gjennomført tilsyn miljøretta-helsevern i Vinnes barnehage og Ulvenvatnet barnehage. Desse er no regodkjent.

Foreldreundersøkinga 2022

Svarprosenten var 70,28. Det vart sendt ut svarlenke til 1124 barn, og 790 svarte. Det er nokre private barnehagar som har valt og ikkje delta dette året. Det er ein kommunal barnehage som ikkje har fått inn svar.

Foreldreundersøkinga 2022	Bjørnafjorden kommune (2022)	Bjørnafjorden kommune (2021)	Bjørnafjorden kommune (2020)	Statsforvaltar en i Vestland (2022)
Ute- og innemiljø	4,2	4,2	4,2	4,1
Relasjon mellom barn og voksen	4,6	4,6	4,6	4,5
Barnets trivsel	4,8	4,8	4,8	4,8
Informasjon	4,4	4,4	4,3	4,3
Barnets utvikling	4,7	4,7	4,6	4,7
Medvirkning	4,3	4,3	4,3	4,3
Henting og levering	4,4	4,5	4,4	4,4
Tilvenning og skolestart	4,5	4,6	4,5	4,5
Tilfredshet	4,6	4,6	4,5	4,5

Det er stor tilfredshet blant føresette, og barna sin trivsel er høg i barnehagane i Bjørnafjorden kommune. Tala viser små endringar dei siste åra. Foreldreundersøkinga er mer omtala i Kvalitetsmeldinga som kjem til politisk behandling før sommaren.

Det er 221 hushaldingar som har fått vedtak om redusert foreldrebetaling, og det gjeld 259 barn. 236 av desse barna får også 20 timar gratis kjernetid. Ordninga skal sikra at familieøkonomien ikkje skal vere til hinder for at barn skal gå i barnehage. Kommunen har innvilga 22 friplassar der 10 friplassar er via barnevernet.

Det er auke i tal søknader hausten 2022, og fleire familiar får reduksjon i foreldrebetalinga. Hushaldingane har fått 2 570 523 i reduksjon samla sett i 2022, som er nedgang på ca 300 00 frå året før. Ei av årsaka til nedgang er at foreldrebetalinga i barnehagen er redusert frå januar 2022 til august 2022. Det er også færre store vedtak enn tidlegare.

Utvalde resultat

Ressursteam barnehage er publisert på heimesida til kommunen og under utprøving barnehageåret 2022/23. Vi vil gjennomføre ny "base-line" i juni 2023. Ressursteam skule vil bli publisert på heimesida mars 2023, nye rutinar vil bli prøvd ut og ny base-line vil bli gjennomført i desember 2023.

Ruskonsulent og SLT-koordinator er med i nettverket "rusarbeid i skulen" koordinert av KoRus Bergen (kompetansesenter for rus). I den forbindelse har vi laga rettleiaren «rus i skulen» som er sendt ut til alle skulane i Bjørnafjorden. Dette er meint som hjelp til dei skulane som står i saker som omhandlar rus. I november blei vi spurt av KoRus om vi kunne leggje fram rettleiaren for andre kommunar som er med i nettverket, samt at vi i desember også la den fram på ei samling for dei tilsette i KoRus.

«Venneveke» blei gjennomført i november, med eit ekstra fokus på inkludering, fellesskap og vennskap. Mange skular og arbeidsplassar satt særleg fokus på dette ei veke i november.

Skulebruksplan 2022-2034 for Bjørnafjorden er vedteke i kommunestyret 22.09.22. Dette er første skulebruksplan i den nye kommunen. Samtidig blei Forskrift om opptaksområde i Bjørnafjorden kommune vedteke.

På skuleområdet har vi forbetra digitale skjema for føresette og for tilsette.

Vi har utvikla digital påmelding til SFO i feriane. Dette har ført til betre effektivitet og ein meir oversiktleg prosess.

Kommunestyret har vedteke felles ordensreglement for alle skulene. Dette er gjeldande frå 01.08.22. Vi har fokus på likeverdige tenester og eit likeverdig tilbod, slik at elevane har likt grunnlag uansett kva skule dei går på. Dette er del av det å utvikle den felles Bjørnafjorden-skulen.

Bjørnafjorden kommune er blitt Trafikksikker kommune. Alle skulene har levert dokumentasjon for å bli godkjent. Å vere trafikksikker skule er ein pågåande prposess. Det er fortsatt arbeid å gjere rundt fleire av skulane for at det skal vere trygt for gåande og syklende.

Tilstandsrapporten for barnehage og skule har blitt endra til Kvalitetsmelding. Kvalitetsmeldinga blei behandla politisk 2 tertial med god og grundig drøfting i Kommunestyret.

Vi har tilsett tre rektorar (Søre Fusa barneskule og barnehage, Fusa barneskule og Nore Fusa skule og 3 nye avdelingsleiarar på Nore Neset ungdomskule, Søfteland barneskule og Fusa ungdomsskule.

Barneverntenesta tok fleire grep i 2022 for å jobbe meir effektivt og sikre betre internkontroll. Dette arbeidet fortsette inn i 2023.

Eit grep var elektronisk behandling av meldingar som er meir effektivt i tidsbruk og betre sikring til å fange opp meldingar da meldingane blir tilgjengelege for alle leiare fortløpande.

For å sikre og effektivisere oppfølging av barn og familiar betre innførte vi grupperettleiing, kor fleire tilsette drøftar sakar i grupper, som fører til auka læring frå kvarandre og kjennskap til sakar dersom folk blir sjuke.

For å sikre betre dokumentasjon i saker tok avdelingsleiarane ansvaret for å skrive inn vurderingar i rettleiing med sakshandsamare.

Hausten 2022 la vi om til elektronisk retting for å spare tid på skrivearbeid.

I eininga Barn, unge og familiar ser vi at samarbeidet på tvers av avdelingane har auka betrakteleg. Dette var eit av måla med omorganiseringa til Familiens hus og fører kvar dag til at vi jobbar meir heilskapleg og treffsikkert. Spesielt ser vi at vi har fått til eit heilt anna samarbeid mellom Familieteamet, ungdomsteamet og PPT.

Tverrfagleg drøftingsteam er etablert som eit fast vekentleg møtepunkt. I desse møta er einingsleiar, samt avdelingsleiarar for alle avdelingane i BUF representerte sampan med Førebyggande helsetjeneste og barnevern. I møta har vi diskutert og reflektert rundt mange særleg komplekse saker og fått til eit tettare samarbeid mellom Familiens hus, skular og barnehager.

Førebyggande helstetenester har gjennomført to Fødselsførebuande kurs (etter koronarestriksjonar blei oppheva): To kurs i 2022, eit i august og eit i oktober. Etter sommar 2022 har alle som ønsker det fått tilbod om fødselsførebuande kurs, altså 100% sidan oppstart.

Trygg start: Totalt 33 familiar har fått hjelp i Trygg start i 2022, 20 av familiane er nye familiar som er rekruttert inn i 2022.

Bjørnafjorden kommune skal vere ein trafiksikker kommune. Alle kommunale barnehagar er godkjent som trafiksikker barnehage, og 14 av 15 private barnehagar har valt å gjere det same.

I bygginga av den felles "Bjørnafjorden barnehagen" er det utarbeida ein plan for førskulegruppa i kommunale barnehagar. "Læring gjennom lek". Planen bygger på eit forskingsbasert førskuleopplegg frå læringsmiljøsenteret i Stavanger. Den er også delt med alle private barnehagar. Planen blei iverksatt frå august 2022.

Dei kommunale barnehagane innfrir bemanningsnorm og pedagognorm med dispensasjon. Søre Fusa, Trollskogen og Strandvik har dispensasjon frå utdanningskravet om pedagognorm. Det er utfordrande å få tak i barnehagelærar.

Viktige hendingar

I gang med å etablere E-sport i Bjørnafjorden: Resultata frå Ungdata viste at vi ligg over nasjonalt nivå på tal timar på skjerm, at dei unge er lite nøgd med kulturtilboda for ungdom og at det ikkje er etablert eit E-sport miljø i kommunen. I regi av VERD-SETT ønskjer vi å bidra til at det er fleire moglegheiter for aktiv fritid for ungdomane våre og E-sport er etablert som eit delprosjekt. Målet med satsinga er å betre kvaliteten på den digitale fritida og etablere fellesskapsarena innafor E-sport gjennom god dialog og samarbeid med idrettslag i kommunen. Målet er oppstart i nokre idrettslag før sommaren 2023.

Bjørnafjorden kommune deltek som 1 av 8 kommunar i Noreg i pilotstudie Back2School (B2S). Pilotstudie går over 3 semester og blir avslutta juni-23. Det er etablert eit B2S team som består av tre tilsette i Familiens hus. Back2School (B2S) er eit evidensbasert, dansk tiltak, for bekymringsfullt skulefråvær. B2S er eit underprosjekt i SIM-prosjektet. Formålet er å hjelpe den unge i gong på skulen gjennom fokus på barnet, familien og skulen. Gjennom deltaking i B2S får kommunen tilsette som har ei grunnopplæring i angst, depresjon og foreldrerettleiing og i tillegg ny kunnskap om forskingsbaserte tiltak til bruk i det forebyggjande arbeidet og i handtering av skulefråvær.

Bjørnafjorden kommune er med i Oppfølgingsordninga via Udir og Statsforvaltar. Grunnlaget for uttaket var at vi har spreining i resultata våre på Nasjonale prøvar, elevundersøkinga og på grunnskulepoeng. Vi har nokre skular som ligg under kritisk nivå, og skular som ligg over gjennomsnittet i Vestland. Arbeidet starta hausten 2022 og ordninga skal følgje oss i tre år. Vi får hjelp og støtte til forbetring. Ordninga er forankra i opplæringslova kap 13. Vi får fagleg bistand frå NHH. Kostnadene blir dekkja av Statsforvaltar.

I Søre Fusa er det prøvd ut ulike modeller for leiing dei siste åra. Frå 01.08.22 har vi felles einingsleiar for barnehage og skule.

For tredje år på rad gjennomførte vi forvaltningsmøte før oppstart til nytt skuleår. I år var avdelingsleiarar også med. Dette er eit ledd i å sikre forsvarleg system og kompetanseheving, samt å bygge felles praksis i "Bjørnafjorden-skulen". Vi er heile tida i utvikling og leiter etter områder vi kan forbetre. Vi har heva kvaliteten, men ser at vi framleis må jobbe grundig med å stette lovkrava i opplæringslova og forvaltningslova. I år blei det spesielt arbeida med § 1-4(Intensiv opplæring for 1.-4.trinn, §2-8 særskild språkopplæring for elevar frå språklege minoritetar, §5-1 rett til spesialundervisning og §9A (1-5) retten til eit godt skulemiljø i Opplæringslova i dette møtepunktet.

Det er gjennomført prøveordningar med leksefri på fleire skular og lagt fram rapport om prosjekt leksefri (jfr politisk bestilling). Framover vil det vere fokus på kva type lekser vi gir elevane, men forsøksordninga er avslutta.

Vi har tatt i bruk IST-dagleg dialog for SFO. Det er gjennomført opplæring og skulane har hatt informasjon ut til føresette. Føresette har tatt i bruk appen IST-home. Mål: betra kommunikasjon mellom føresette og SFO og gode verktøy for levering og henting av barn på SFO.

Arbeidet med kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis held fram. PPT har hovudansvar for arbeidet og vi får støtte til kompetanseheving via Læringsmiljøsenteret i Stavanger. Vi har fått midlar via kompetansehevingsordninga (dekomp/rekomp/komptanseløftet). I haust har fokus vore på systemisk arbeid, spesielt i ulike overgangar men også korleis ein betre kan jobba med inkludering. Læringsmiljøsenteret skal i første omgang følgje PPT dette skuleåret.

Også i 2022 er det gjennomført oppstartssamling for nytt barnehage og skuleår (digital samling for alle tilsette i oppvekst og samarbeidspartar i helse og velferd). To tema var på dagsorden; Implementering av BTI og "barn med særskilt sårbarhet". På det siste temaet hadde vi fagleg innlegg ved professor i pedagogikk ved Universitetet i Agder.

Bjørnafjorden har hatt fire skular som er med på den nasjonale ordninga «Inkluderande barnehage og skulemiljø». Det har blitt gjennomført fysisk samlingar med deltakarar frå heile Vestland. Bjørnafjorden kommune har vore bidragsytarar til innhaldet i samlingane. Dette blei avslutta i desember 2022.

Vi har gjennomført to leiarsamling med Midthordaland kompetanseregion der temaet var Inkludering, tett kopla opp mot Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis. På leiarsamlingar

deltek kommunalsjefar, rektor, avdelingsleiarar, styrarar, hovedtillitsvalt, fagsjefer og representanter frå pp-tenesta. Det er god oppslutnad og gode tilbakemeldinga på gjennomføring og tema. Bjørnafjorden kommune har for tida leiaransvaret for Midthordland kompetanseregion.

Vi deltek i oppvekstnettverk i Vestland, der vi blir oppdatert på nye reformar og satsingar.

Kulturskulen: I løpet av våren 2022 fekk vi starte opp att med kulturskulearrangement utan restriksjonar. I løpet av perioden frå og med april og resten av 2022 har kulturskulen gjennomført utstillingar, fellesproduksjonar for alle fag, konsertar i Oseana og på skulane samt fleire arrangement under kulturfestivalen i Oseana i slutten av juni.

Det er gjennomført 2 samlingar for heile Familiens hus, våren 2022 og hausten 2022. Forsking viser at dersom ein skal få til tverrfagleg samarbeid er kjennskap til kvarandre og felles haldningar viktige suksessfaktorar. Arbeidet med å skape felles kultur og forståing for mandatet til Familiens hus er eit særleg viktig arbeid. 2022 har vore nytta til å bygge felles kultur og utvikle samarbeidstiltak og lågterkeltilbod.

Familiens hus har gjennom 2022 valgt ut Tverrfagleg samarbeid, TIBIR og BTI som satsingsområder for å styrke det tverrfaglige arbeidet og tjenestetilbodet. Desse satsingene vil gå over flere år.

TIBIR er eit evidensbasert rådgjevingssprogram til foreldre som er tilpassa kommunale tenester som møter barn, unge og familiar i risiko for å utvikle samspelsvanskar. Programmet er ein lågterskelintervensjon der tilsette kan tilby foreldrerådgjeving til familiar med barn i alderen 3-12 år. Bjørnafjorden kommune og Familiens hus har inngått avtale med Nubu – nasjonalt utviklingssenter for barn og unge om implementering av programmet. Bjørnafjorden blir difor i løpet av 2023 ein TIBIR-kommune. Det er ikkje kostnader knytt til bruk av TIBIR utover ressursbruk i eige organisasjon.

Tre tilsette frå familieteamet er i gang med opplæring i programmet og skal i løpet av våren 2023 implementere og gje opplæring til tilsette i Familiens hus. Programmet tar sikte på å bidra til at familiane kan snu familiesamspillet i positiv retning ved å endre foreldrepraksis og fremje barns utvikling. Det er mange kommunar som nyttar TIBIR som første val av rettleiingsmetode i kontakt med familiar som strevar med samspelsvanskar. Ved innføring av denne metodikken er målet at vi skal nå fleire familiar med hjelp på eit tidlegare tidspunkt der barnet og familien er f.eks på helsestasjonen eller i skulehelsetenesta.

BTI (Betre tverrfagleg innsats) er ein samhandlingsmodell for tenester som møter gravide, barn, unge og deira foreldre der det er knytt undring eller bekymring til og som det er behov for å samarbeide rundt. BTI-modellen skal bidra til tidleg innsats, betre tverrfagleg samarbeid, likeverdige tenester og brukarmedverknad. Modellen inneheld ein digital handlingsrettleiar med tilhøyrande verktøy som skal brukast på ulike nivå på tvers av tenester/einingar. Gjennom å implementere BTI og handlingsrettleiarer får vi felles retningslinjer og rutinar for korleis ein går fram dersom ein er bekymra og dersom det er behov for samarbeid med føresette og eller andre tenester kring einskildebarn og familiar. Bjørnafjorden kommune fekk i 2022 midlar (eingongssum) frå Statsforvaltaren for å starte arbeidet med å implementere modellen. Arbeidet med implementering held fram i 2023.

Tverrfagleg samarbeid: Dette er eit særleg satsingsområde for å kunne gje betre hjelp til barn, unge og familier, men og for å unngå dobbeltarbeid. Det er etablert gode rutiner for samtykke og samarbeid gjennom 2022, og dette vil vere eit fortsatt satsingsområde over tid.

Det blei varsla om tilsyn frå Statsforvaltaren i august 2022, men Statsforvaltar utsette tilsynet til februar 2023. Dett er del av eit nasjonalt tilsyn og tema er barn under omsorg i fosterheimar.

Barneverntenesta deltek i fosterheimsprosjekt i samarbeid med SIB (Stord interkommunale barnevernsteneste). Prosjektet er i regi av Statsforvaltaren. Dette prosjektet har ført til at tenesta fekk ny og god kunnskap som trengs inn i arbeidet med barn som bur i fosterheimar. Prosjektet vidareførast inn i 2023.

Tenesta var med i tenestestøtteprogrammet og hadde opplæring i dokumentasjon og analyse. Dette arbeidet fortsetter inn i 2023.

Frå hausten 2022 vart fleire saker overført til andre einingar i Familiens Hus. Dette førte til raskare hjelp og til reduksjon av økonomiske kostnader knytt til kjøp av private aktørar. Fleire fekk også hjelp frå andre einingar enn barnevernstenesta, da vi henviste fleire til lågterskelhjelp i familiens hus, som for ein del brukar opplevast mindre belastande/stigmatiserande.

Kompetanseløftet for inkluderende praksis er i implementeringsfasen og det er mellom anna gjennomført heildagssamling saman med læringsmiljøsenteret i Stavanger ved hjelp av eksterne midler frå kompetansehevingsordninga (dekomp/rekomp/komptanseløftet).

Det er gjennomført Kurs om Trygghetssirkelen for mange tilsette i Familiens hus

Det er gjennomført samling rundt førebygging og rus for ein del tilsette i Familiens hus

Digihelsestasjon: I midten av februar starta vi opp med Digihelsestasjon som er ei meldingsteneste mellom helsestasjon- og skulehelsetenesta og innbyggjar via Helse Norge. Her kan innbyggjar på ein sikker og trygg måte sende og motta meldingar, få oversikt over avtalar, motta varslingar og få tilgang til relevant informasjon. Digihelsestasjon kommuniserer direkte med tenesta sitt fagprogram, og dette kvalitetssikrar og lettar arbeidet med dokumentasjon i brukaren sin journal. Jordmortenesta og helsestasjon implementerte digihelsestasjon i 1. tertial, medan skulehelsetenesta starta opp i 3.tertial.

“Sammen på vei” (tidlegare Familie for første gang): I 1. tertial inngjekk Førebyggande helseteneste samarbeidsavtale med RBUP og Bergen kommune rundt prosjektet Sammen på vei. Sammen på vei er eit oppfølgingsprogram for førstegongsfødande som har behov for ekstra støtte i svangerskapet og i barnet sine to første leveår. Programmet har som hovudprinsipp å styrke foreldra si evne til å beskytte og gjere det beste for sine barn og målet for programmet er å:

- Sikre sunne svangerskap
- Fremme barns helse og utvikling
- Forbetre foreldra si helse og framtidige livssituasjon

Nasjonalt er RBUP ansvarleg for prosjektet som bygger på solid forskning og metodeutvikling, og prosjektperioden er frå 2021-2027. Bergen kommune er vertskommune i prosjektet, og ansvarleg for å drifte tilbodet innad i sin kommune og i omegnskommunar, inkludert Bjørnafjorden kommune.

I august 2022 hadde Sammen på vei eit informasjonsmøte for tilsette i Førebyggande helseteneste og andre aktuelle samarbeidspartnar i Bjørnafjorden kommune om prosjektet og vi har i løpet av året hatt fleire samarbeidsmøter. Førebyggande helseteneste si oppgåve blir vidare å rekruttere førstegongsfødande til prosjektet via jordmortenesta, samt samarbeide med Bergen kommune og legge til rette for prosjektet i kommunen vår.

Foreldreførebuande kurs: Vi har i 2. tertial starta opp igjen med Foreldreførebuande kurs etter pandemien. Dette er eit gruppetilbod til førstegongsforeldre som ønsker å førebu seg til fødsel, amming, barseltid og foreldrerolla. I 2022 har vi hatt to kurs og alle som har ønska kurs har fått plass.

Grupper på helsestasjonen: I pandemien gjennomførte vi individuelle konsultasjonar i stadenfor gruppekonsultasjonar på helsestasjonen grunna smitterverntiltak. I 2. tertial har vi starta opp att gruppetilbod som anbefalt i nasjonale retningslinjer.

Nye Jettegryto barnehage er under arbeid og skal vere klar til drift 01.08.23.

Strandvik barnehage tilsette ny styrar 01.06.22, og det er tilsett ny einingsleiar for barnehage og skule i Søre Fusa (Baldersheim) frå 15.04.22.

Barnehagebrukplan for Bjørnafjorden kommune 2022-2034 var ute på høyring hausten 2022 med frist 06.12.22. Det kom inn 11 høyringssvar. Saka kjem til endelig behandling i jan aur/februar 2023.

Bjørnafjorden kommune er tatt med i eit forskningsprosjekt ilag med RBKU og Norge. Forskningsprosjektet heiter "Saman mot mobbing" i barnehagen. Barnehagene vil få opplæring i tiltaksprogrammet.

Det er gjennomført 2 fagdagar i Midthordaland kompetanseregion med tema "raus leiing" og "inkludering".

Status økonomi

Beløp i 1000

Fagområde	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr	Avvik i %
20-Oppvekst - Fagstab og felles satsingar	11 670	10 341	25 898	15 557	60,1 %
21-Skular	350 906	375 705	367 186	-8 519	-2,3 %
23-Familiens Hus	92 041	131 840	125 453	-6 387	-5,1 %
27-Barnehagar	232 148	238 558	241 039	2 481	1,0 %
Sum	686 765	756 444	759 576	3 132	0,4 %

Kommentar til status økonomi

I rekneskapsrapport per november låg Oppvekst an til eit meirforbruk på ca. 28,5 millionar. Tenesteområdet fekk ekstra tildelingar mot slutten av 2022 for å dekke varsla meirforbruk. På oppvekstområdet er det berre dokumenterte koronautgifter, midlar til flyktningtenesta for mottak av flyktningane frå Ukraina, midlar til skulane for språkopplæring til flyktningar og integreringstilskot til barnehagebarn som er fordelt ut til einingane i samband med årsoppgjeret. Resten av midlane som er tilført blei lagt på ansvar 200. Det ligg difor eit stort mindreforbruk på vel 15,5 millionar her. Dette balanserer oppvekstområdet samla sett som får eit mindreforbruk på vel 3 millionar i 2022.

Skuleområdet har eit meirforbruk på 8,5 millionar samla sett. Dette skuldast at det er fleire skular som ikkje har klart å drifte innafor sine tildelte budsjett. Skulane har fått kompensert for koronarelatert fråvær, men sjukefråværet har vore høgt også utanom dette. Totalt sett er meirforbruket på lønn ca. 5 millionar. Dette skuldast fråvær utover det skulane har hatt budsjett til. I tillegg gjer dei stramme økonomiske rammene at skulane ikkje har buffer å ta av til elevsaker og behov som oppstår i løpet av skuleåret slik at forbruket på ekstrahjelp også er noko høgt.

Vidare fekk skulane som kjent ikkje tildelt noko for priskompensasjon i 2022 og dette har gitt auka utgifter til nødvendige innkjøp. Det har og vore meirforbruk på ein del andre postar som skuleskyss,

gebyrer etc. Skuleområdet har hatt ekstraordinære kostnader som for eksempel innkjøp av innbu og utstyr til midlertidige leigde skulelokaler for Nore Neset ungdomsskule. Dette er gjort for å sikre tilstrekkelig kapasitet til ungdomsskulelevane på Os-sida for nokre år framover.

Barnevernstenesta i Familiens hus har meirforbruk i 2022. Etter kompensasjon for lønnsoppgjer blei meirforbruket vel 10,2 millionar. Dette er knytt til underfinansiering av oppvekstreforma, institusjonsplasseringar og bruk av statlege beredskapsheimar. Meirforbruket omhandlar og kjøp av private tenester til omfattande hjelpetiltak i heimen for å hindre plasseringar. Arbeidet med å ta i bruk egne tilsette til samvær og rettleiing til fosterforeldre og foreldre starta i 2022, men tiltaka vi hadde i Familiens Hus var ikkje omfattande nok til å kunne ivareta mange av dei barna/familiane barnevernstenesta jobba med. Dette førte til kjøp av private aktørar for å gje rett hjelp til rett tid. Tolkeutgifter var høge hausten 2022, som også var knytt til mange sakar for Fylkesnemnda.

Flyktingetenesta er del av Eining barn, unge og familiar. Etter vedtak om å ta i mot 170 flyktningar frå Ukraina har eininga fått tilført ekstra midlar, dette er finansiert av tilskot frå IMDI. Mindreforbruk i eininga på ca. 3 millionar skuldast tilskot til alternativ mottaksplass for nokre av flyktingane og vakanse knytt til rekruttering i andre delar av eininga.

Førebyggjande helsetenester har hatt utfordringar med å rekruttere i ledige stillingar i 2022, i tillegg til sjukefråvær. Mindreforbruket på ca. 840 000 er dermed knytt til lønn.

Samla sett har Familiens hus eit meirforbruk på nærmare 6,4 millionar.

For 2022 gjekk barnehageområde samla sett i balanse også når ein ser på opprinneleg budsjett som visar eit samla mindreforbruk på kr. 126 452. I budsjett inkl. budsjettjusteringar er det lagt til kompensasjon for lønnsoppgjer og korona samtidig som det er gjort omfordelingar i forhold til endring i tal barnehageplassar i både kommunale og private barnehagar. I kommunale barnehagar justerast budsjetta kvart halvår etter tal barnehageplassar i bruk og dermed justerast bemanning i forhold til pedagognorm og bemanningsnorm og driftsbudsjett og inntektsgrunnlag justerast. Dei kommunale barnehagane er kjent med korleis budsjetta vert tilpassa endring i tal plassar og held budsjetta sine.

Reduksjon i tal barnehageplassar var litt høgare frå august enn det vi hadde trudd både i kommunale og private barnehagar noko som sikra at vi hadde tilstrekkeleg med midlar til vedtak om styrkingstiltak i alle barnehagar.

Oppsummering tiltak

Det blir arbeida med tiltak for å redusere meirforbruk på alle einingar i Oppvekst. Døme på dette er:

- Stillingskontroll nyttast aktivt i arbeidet med å vurdere årsverk som blir ledige.
- På skuleområdet arbeidar vi med å justera tal på ekstratildeling til elevar frå hausten 2023. Dette arbeidet skjer i fellesskap mellom skuleeigar, rektorgruppa og økonomiavdelinga og målet er at dette skal ha effekt frå skuleåret 2023/24
- Fleire skular har satt i gang tiltak kring vikarbruk/sjukefråvær for å redusere denne kostnaden
- Både skular og barnehagar skal gjennomføre nødvendige omstillingsprosesser for å tilpassa tal tilsette til tal barn/elevar
- Familiens hus er i ei overføringsprosess i forhold til bruk av egne tilsette til samvær og rettleiing til fosterforeldre og foreldre og dette vil ta noko tid ut i det nye året.
- Kun naudsynte innkjøp blir prioritert
- Administrasjonen kjem til å foreslå nedlegging av Holdhus barnehage frå komande barnehageår i første politiske møterunde i januar/februar. Dette vil gi innsparingar i kommunale barnehagedrift, og på sikt føre til reduserte tilskot til private barnehagar.

- PwC har under arbeid rapport som skal få fram kostnadsreducerande og inntektsbringande tiltak i Oppvekst. Dette vil bli følgt opp i 2023.

Status målsettingar

Målsetting	Status måloppnåing
Vi arbeider for å stoppa klimaendringane og fremmar berekraftig samfunnsutvikling.	Det er fokus på berekraftmåla i alle politiske saker som blir fremma og det blir arbeida med lokale tiltak i einingane. Barnehagar og skular har tema og tiltak på dagsorden i tråd med Rammeplan og LK20.
Vi driv heilskapleg planlegging for å gjere Bjørnafjorden attraktiv som bu- og arbeidskommune	Skulebruksplanen 2022-34 er vedteke. Barnehagebruksplan 2022-34 er utarbeida og hadde høringsfrist i desember. Arbeidet med sektorplan Oppvekst har starta.
Vi er ein døgnoopen digital kommune med enkle og effektive arbeidsprosessar	Det nyttast digitale løysingar i kommunikasjon med føresette i barnehage og skule. Familiens hus held har tatt i bruk digitale skjema. Front Desk er tatt i bruk.
Vi har gode, trygge og inkluderande lokalsamfunn som fremmar helse, meistring og livskvalitet	Alle einingar i Oppvekst (barnehage, skule, Familiens hus) arbeidar med å sikre gode oppvekstmiljø. Vi samarbeida internt og med Helse og velferd og Samfunnsutvikling.
Vi har trygge, friske og myndiggjorte medarbeidarar	Leiarsamtalar er gjennomført. Medarbeidersamtaler er gjennomført. 10 faktor undersøkinga er gjennomført. Svarprosent 66% med gode samla resultat. Resultata er utgangspunkt for lokale utviklingsarbeid. Vi arbeider med nærvær og å redusere sjukefråværet. Fråværet ligg høgt ved utgangen av 2022. Bjørnafjorden22 og det betydelege nedtrekket som oppvekstområdet held på å ta ned utfordrar målet om trygge medarbeidarar.
Vi leverer treffsikre tenester	Alle einingene arbeider med å gi treffsikre tenester til barn, unge og familier ut frå tilgjengelege ressursar. Familiens hus har utvikla system og rutinar for "ei dør inn".

Status måltabell

Hovudmål	Mål	Indikator	Ønska resultat 2022	Oppnådd resultat	Skildring mål
Vi arbeider for å stoppa klimaendringane og fremmar berekraftig samfunnsutvikling.	Vi arbeider for å stoppa klimaendringane og fremmar berekraftig samfunnsutvikling.	Tal kommunale barnehagar som arbeidar med berekraftig utvikling i tråd med rammeplanen	100,0 %	100,0 %	✓ I tråd med rammeplan.
		Tal kommunale barnehagar som kjeldesorterer	100,0 %	100,0 %	✓
		Tal kommunale skular som kjeldesorterer	100,0 %	100,0 %	✓
		Tal skular som arbeidar med berekraftig utvikling i tråd med tverrfagleg tema i ny læreplan	100,0 %	100,0 %	✓ I tråd med LK20
Vi driv heilskapleg planlegging for å gjere Bjørnafjorden attraktiv som bu- og arbeidskommune	Vi driv heilskapleg planlegging for å gjere Bjørnafjorden attraktiv som bu- og arbeidskommune	Barnehagebruksplan Bjørnafjorden vedteken	3. tertial	1 tertial 2023	Barnehagebruksplan har vore på høyring. Kjem til politisk behandling i 1 tertial
		Sektorplan oppvekst er utarbeidd	i løpet av året	ikkje ferdig	Er under arbeid. Blir ferdig i 2023.
		Skulebruksplan Bjørnafjorden vedteken	1. tertial	3 tertial	Ferdig. Politisk behandla i september.
Vi er ein døgnopen digital kommune med enkle og effektive arbeidsprosessar	Vi er ein døgnopen digital kommune med enkle og effektive arbeidsprosessar	Barnehageområdet skal vera heildigitalisert	100,0 %	85,0 %	! Manglar digitale skjema til private barnehager når føresette må godkjenne innsending.
		Tal nye eller forbetra digitale skjema i heim-skule samarbeidet	5	3	! 17 skjema i bruk. Nye skjema ved behov. Fleire skjema er forbetra. 3 nye.
Vi har gode, trygge og inkluderande lokalsamfunn som fremmar helse, meistring og livskvalitet	Vi har gode, trygge og inkluderande lokalsamfunn som fremmar helse, meistring og livskvalitet	Alle førstegongsfødande i kommunen får tilbod om Foreldreførebudande kurs	100,0 %	100,0 %	✓ 2 kurs i august/oktober. Alle fått tilbod.
		Alle nyutdanna barnehagelærarar i kommunale einingar skal delta i nettverk	100,0 %		Inga nyutdanna barnehagelærarar per no
		Alle nyutdanna lærarar i kommunale einingar skal delta i nettverk	100,0 %	100,0 %	✓ Nettverk gjennomført etter oppsett plan.
		Del kommunale skular med ungdoms- eller mellomtrinn som	100,0 %	100,0 %	✓ Undersøkinga gjennomført haust 21. Oppfølging i 2022.

Årsmelding 2022

Hovudmål	Mål	Indikator	Ønska resultat 2022	Oppnådd resultat	Skildring mål
Vi leverer treffsikre tenester	Vi leverer treffsikre tenester	gjennomfører UngData eller UngData junior			
		Inga saker meldt til Statsforvaltaren i høve psykososialt barnehagemiljø	0,0	0,0	Er ikke meldt klagesaker
		Tal barnehagar som er godkjent som trafiksikker barnehage	100,0 %	100,0 %	✓ Alle kommunale. Dei fleste private.
		Tal kommunale barnehagar som gjennomfører 5 risikovurderingar i høve psykososialt barnehagemiljø	100,0 %	80,0 %	! Har ikkje vore kapasitet til å nå målet fullt ut.
		Tal saker som blir meldt Statsforvaltar knytt til psykososialt miljø, jmf §9A i Opplæringslova	0,0	7,0	4 medhald(skulen ikke borte plikta. 1 lovbrøt, 2 under arbeid.
		Tal skular som er godkjent som trafiksikker skule	100,0 %	100,0 %	✓
		Tal skular som har gjennomført fagøkter med alle tilsette med tema skulenærver og -fråvær.	100,0 %	90,0 %	⊖
		Andel frivillige plasseringar i barnevernstenesta	80,0 %	70,0 %	!
		Bjørnafjorden kommune har grunnskulepoeng likt eller betre enn nasjonalt snitt		nei	Bjørnafjorden: 43,3. Landet: 43,4. NB! det er ikke gjennomført skriftleg eller munnleg eksamen pga covid-19.
		Fleire barn blir ivaretatt i det allmennpedagogiske barnehagetilbodet gjennom systemretta samarbeid med barnehagane	50	34	! Talet i fjor var 26
		Fleire elevar får tilfredsstillande læringsutbytte innanfor tilpassa opplæring gjennom systemretta samarbeid med skulane.	50	38	! Tal tilvisingar på mellomtrinnet. Talet i fjor var 45.
		Gjennomføre familieråd/nettverksmøte i 15% av barnevernssakene	52	20	!
		Tal barnehagar som har ressursteam i barnehage regelmessig etter oppsett plan	100,0 %		Arbeidsform er endra. Ressursteam er ikkje lenger regelmessig i barnehagane.

Årsmelding 2022

Hovudmål	Mål	Indikator	Ønska resultat 2022	Oppnådd resultat	Skildring mål
					Barnehagen skal ta kontakt ved behov.
		Tal familiar i Trygg start som får tilbod om oppfølging ved behov	20	33	✓ 33 familiar. 20 nye familiar i 2022.
		Tal kommunale barnehagar som ligg på nasjonalt snitt i foreldreundersøkinga på tema uteområde	100,0 %	88,0 %	Holdhus barnehage fekk ikkje inn svar på foreldreundersøkinga.
		Tal kommunale barnehagar som ligger over nasjonalt snitt på tema relasjonar i foreldreundersøkinga	100,0 %	88,0 %	! Holdhus barnehage fekk ikke inn svar på foreldreundersøkinga.
		Tal kommunale barnehagar som nyttar overgangsplanen for å sikre gode overganger	100,0 %	100,0 %	✓ Overgangsplan blir nytta av alle. Fortsatt potensiale for betre samarbeid nokre plassar.
		Tal kommunale skular som nyttar overgangsplan for å sikre god overgang mellom barneskule- ungdomsskule	100,0 %	100,0 %	✓
		Tal kommunale skuler som nyttar overgangsplan for å sikre ein god overgang mellom barnehagane og skulane	100,0 %	100,0 %	✓
		Tal skular som gjennomfører 8 ressursteam per år	100,0 %	80,0 %	! Alle har ressursteam.
		Tal ungdommar som deltek per gang på Ung Arena (hjelpetilbod og møteplass)- ungdomsskule elevar	50	65	✓
		Tal ungdommar som deltek per gang på Ung Arena (hjelpetilbod og møteplass)- vidaregåande elevar	20	10	!

Kostra-analyse

	Bjørnafjorden 2021	Bjørnafjorden 2022	Kostragruppe 09	Landet uten Oslo
Prioritet				
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager **)	178 642	183 725	188 655	189 871
Produktivitet				
Andel undersøkelser med behandlingstid innen 3 måneder	92,0 %	98,0 %	90,0 %	91,0 %
Barn med undersøkelse eller tiltak per årsverk (funksjon 244)	24,9	11,3	16,0	14,7
Brutto driftsutgifter per barn som ikke er plassert av barnevernet (funksjon 251) (B)	56 949	85 671	57 911	56 473
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskole (202), per elev	104 150,4	110 567,8	109 909,8	113 363,3
Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale barnehager per korrigert oppholdstime (kr)	92,9	91,1	89,3	89,0
Årstimer til særskilt norskopplæring per elev med særskilt norskopplæring (antall)	29,6	39,2	37,2	36,4
Dekningsgrad				
Andel barn 0 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 0 år (B)	14,0 %	13,7 %	5,5 %	5,0 %
Andel barn 1-5 år i barnehage, i forhold til innbyggere 1-5 år (prosent)	94,7 %	95,3 %	94,5 %	93,6 %
Andel barn i kommunale barnehager i forhold til alle barn i barnehage	23,1	23,5	37,4	49,7
Andel barn som får ekstra ressurser til styrket tilbud til førskolebarn, i forhold til alle barn i barnehage. Alle barnehager (prosent)	17,2 %	16,8 %	19,8 %	22,1 %
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning	7,0 %	6,8 %	7,7 %	7,9 %
Andel innbyggere 6-9 år i kommunal SFO	62,2 %	65,3 %	57,9 %	60,4 %
Andel minoritetsspråklige barn i barnehage i forhold til innvandrerbarn (prosent)	86,8 %	88,0 %	83,8 %	84,5 %
Elever på mestringsnivå 3-5, nasjonale prøver i lesing 8.trinn (prosent)	75,5 %	62,7 %	73,3 %	73,3 %
Elever på mestringsnivå 3-5, nasjonale prøver i regning 8.trinn (prosent)	75,1 %	67,9 %	70,6 %	70,5 %
Hjemmebesøk nyfødte Andel barn (prosent)	70,7 %	75,8 %	90,4 %	85,5 %
Kvalitet				
Gjennomsnittlig grunnskolepoeng (antall)	43,8	43,3	42,9	43,1

**) Justert for utgiftsbehov

Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett		Budsjett for året	
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Rev. bud.	Rekneskap Status
Borgafjellet barneskule	276 000	288 934	10 661	9 174 Ferdig
Jettegryto barnehage - nybygg	48 000	30 700	28 923	26 623 lht. plan
Lunde barneskule - opprusting gammel del	20 000	18 792	5 699	4 490 Ferdig
Os-Aktiv (Os ungdomsskule)	76 000	102 301	7 321	10 Ferdig
Uteområder skular og barnehagar	-	-	1 000	1 000 Ikkje vurdert
Sum	420 000	440 728	53 604	41 297

Statustekst investeringar

Borgafjellet barneskule

Prosjektramme kr 290 mill.kr. Prøvedrift og sluttarbeid pågår.

Jettegryto barnehage - nybygg

Innvendige og utvendige arbeid pågjekk i slutten av 2022.

Lunde barneskule - opprusting gammal del

Sluttarbeid pågår.

Os-Aktiv (Os ungdomsskule)

Prosjektramme kr 108 mill.kr

Uteområder skular og barnehagar

Uteområde/leikeplass ved Halhjem barneskule er blitt oppgradert.

Helse og velferd

Skildring av tenesta

Helse og velferd er ved utgangen av 2022 organisert med desse einingane:

- Forvaltning, koordinering og bustadkontor
- Helsefremming og rehabilitering
- Legevakt og legetenester
- Nav
- Heimetenester Os
- Fusa bu- og behandlingssenter og heimetenester
- Luranetunet bu- og behandlingssenter
- Psykisk helse og rustenester
- Tilrettelagte tenester

I tillegg kjem fagstab & felles satsingar og bemanningssentralen. Desse vert også skildra under, men er ikkje egne einingar.

Fagstab og felles satsingar

Under fagstab og felles satsingar ligg totalt 4,8 årsverk, noko som omfattar kommunalsjef, kommuneoverlege og rådgjevarar. Fagstaben har ansvar for m.a. overordna folkehelse, medisinskfagleg rådgjeving og leing av koordinerande eining (KE). Staben har i tillegg rolle som prosessleiar og støttespelar ved omstillings- og utviklingsarbeid.

Bemanningssentralen

Bemanningssentralen har 18 fast tilsette i 80-100 % stilling. Dei tilsette har fast turnus og rullerer mellom å gå vaktene sine på tre til fire avdelingar. Bemanningssentralen dekkjar i hovudsak langtidsfråvær, feriar og ekstravakter. Ved utgangen av året er Bemanningssentralen i sving hos einingane Fusa bu- og behandlingssenter og heimetenester, Luranetunet og Tilrettelagte tenester.

Avdeling Forvaltning og Koordinering og Bustadkontor

Avdeling forvaltning og koordinering består av 7,9 årsverk inkludert leiar. AFK behandlar alle søknader og eventuelle klagar om pleie- og omsorgstenester. Dette gjeld alle brukarar frå barn til eldre. I tillegg behandlar AFK søknader om følgjekort og parkeringsløyve for forflyttingshemma. AFK har også ei vaktordning alle kyrkedagar kl. 08-15 for mottak av e-meldingar frå spesialisthelsetenesta knytt til inn- og utskrivningsklare pasientar. Frå september 2022 overtok også avdelinga systemansvaret for journalsystemet Profil. Ei viktig rolle for AFK er å fungera som koordineringsledd mellom brukar/pårørande, dei ulike tenestene, fastlegar og spesialisthelsetenesta. Føremålet er å sikra innbyggjarane rette tenester til rett tid og på eit fagleg forsvarleg nivå.

Frå 1. januar vart bustadkontoret organisert under forvaltninga. Bustadkontoret består av tre årsverk. I samband med mottak av flykningar frå Ukraina har avdelinga fått ein mellombels ressursauke med ei 50 % stilling. Bustadkontoret har ansvar for Husbanken sine låne- og tilskotsordningar, i tillegg til oppgåver innan eigedomsforvaltning av kommunen sine utleigebustader. Bustadkontoret skal, i samarbeid med

aktuelle tenesteområde, gjennomføra tiltak i bustadsosial handlingsplan og delta på ulikt prosjektarbeid. Bustadkontoret har også oppgåver knytt til godkjenning av skjenkeløyve.

Legevakt og legetenester

Legevakttenesta i Bjørnafjorden skal ta hand om alle som oppheld seg i kommunen og treng akutt medisinsk hjelp. Tenesta er organisert med ein legevaktsentral på Moberg som tek mot alle førespurnader frå publikum. Legevaktsentralen er interkommunal og dekkjer Austevoll og Samnanger kommunar i tillegg til Bjørnafjorden. I Bjørnafjorden kommune er det to legevaktstasjonar. Den eine er på Moberg og dekkjer tidlegare Os kommune. Den andre stasjonen er i Eikelandsosen og dekkjer tidlegare Fusa kommune og innbyggjarane i Samnanger kommune.

Legetenesta er ansvarleg for at kommunen har ei fagleg god og lett tilgjengeleg primærlegeteneste. Tenesta skal sikra innbyggjarane tilbod om førebyggjing, utgreiing, diagnostikk og behandling, og tverrfagleg samarbeid internt i kommunen og med spesialisthelsetenesta. Kommunen har 26 fastlegeheimlar fordelt på seks legekontor. Tenesta er også ansvarleg for sjukeheimslegane, LIS1-legane (tidlegare "turnuslegane") og for legetenester i skulehelsetenesta og på helsestasjonane.

Helsefremming og rehabilitering

Eining Helsefremming og rehabilitering har 30 tilsette fordelt på 13 ulike helsefremjande, førebyggjande og rehabiliterande tenester. Tenestene er lokalisert på Osbadet, Luranetunet bu- og behandlingssenter og Fusa bu- og behandlingssenter.

NAV

NAV Bjørnafjorden arbeider i tråd med NAV sitt samfunnsoppdrag. NAV gjev arbeidsretta oppfølging med mål om å inkludera flest mogleg i arbeid og aktivitet. Vi arbeider for gode lokalsamfunn og redusert del som veks opp i utanforskap, med eit tydeleg fokus på barn i tenesteutforminga. NAV-kontoret tilbyr også økonomisk råd og rettleiing, kvalifiseringsprogram og økonomisk sosialhjelp. I tillegg har NAV Bjørnafjorden eit eige gruppetiltak for unge - Posterus.

Psykisk helse og rus

Psykisk helse og rus omfattar avdelingane psykisk helse, bufellesskap psykisk helse, Vartun oppfølgingstenester og ambulerande miljøteneste. I tillegg kjem fellesområdet med einingsleiar, ruskonsulent og kommunepsykolog. Arbeidsmåtene er basert på Recovery-tilnærming, der målet ikkje nødvendigvis er å verta kvitt alle problem, men å leva eit godt liv som innbyggjar. Eininga har også ansvaret for psykososialt kriseteam.

Psykisk helse og rus - Fellesområde

Ruskonsulenten tilbyr lågterskel tenester i form av støttesamtale med brukar og/eller pårørande, råd og rettleiing, kartlegging, tilvising til behandling og fagleg rettleiing. Ruskonsulenten bidreg i ansvars- og samarbeidsmøte med ulike aktørar, innan rådgivande enhet, antidopingarbeid, psykososialt kriseteam og interkommunale/sektorovergripande prosjekt. Det er eit tett samarbeid mellom ruskonsulenten og Oppvekst.

Kommunepsykolog tilbyr klinisk arbeid med vaksne med milde til moderate psykiske vanskar, og/eller personar i krise. I tillegg skal kommunepsykolog også bidra til tverrfagleg samarbeid med dei ulike fagtenestene i kommunen, og til rettleiing og kompetanseheving innad i kommunen.

Psykisk helse

Avdelinga yt tenester til heimebuande brukarar med psykisk lidning og/eller ROP-lidning. I tillegg til individuell oppfølging driv avdelinga dagsenteret Kontakto på Osøyro og Fjordtreff på Leiro i Eikelandsosen.

Bufellesskap psykisk helse

Avdelinga har 12 plassar som er tilknytt døgnbemanning, og 10 plassar med dag-/kveldsbemanning. Alle plassane er til ei kvar tid i bruk, med unntak av klargjering i samband med inn- og utflytting. Målgruppa for bufellesskapa er personar over 18 år som treng bustad med særleg tilpassing som følgje av alvorleg psykisk lidning. Avdelinga yt individuell oppfølging knytt til daglege gjeremål og aktivitetar, og støtte ved deltaking i sosiale fellesskap.

Vartun oppfølgingstenester

Vartun er eit døgnbemanna butiltak med 16 leilegheiter for rusavhengige. Tenesta tilbyr bebuarane trygge og gode rammer. Vi jobbar med å auka buevna, med sikte på å kunna bu i sjølvstendig bustad. Målet er å betra livskvalitet og helse for brukarane. Tiltaket sine tenester er samtaler, eit varmt måltid, sosialt samvær, trening, utdeling av reint brukarutstyr, utdeling av medisin for pasientar under legemiddelassistert rehabilitering (LAR) og lågterskel arbeidstilbod. I desember 2021 vart avtale med privat butiltak avslutta og Vartun overtok ansvaret for tenestemottakarane. Vartun har saman med psykisk helse harmonisert tenester til ROP-pasientar, og tenesteytinga med base på Vartun er i dag meir ambulerande enn tidlegare.

Ambulerande miljøtenester

Avdelinga vart danna ultimo 2021, og vart flytta frå eining Tilrettelagte tenester til Psykisk helse og rus den 01.09.2022. Avdelinga omfattar samlokaliserte einetiltak og ambulerande miljøtenester.

Samlokaliserte einetiltak på Askviknes gjev avlastning og tenester til brukarar i fast bustad. Tenestemottakarane har komplekse diagnosar og utfordringsbilete. Ved å samlokalisera tiltak får vi nytta personalressursar på tvers for å sikra effektiv drift, gode arbeidsmiljø, HMS og robuste tenester. Samlokaliserte einetiltak er døgnbemanna.

Føremålet med ambulerande miljøtenester er å yta tenester til heimebuande brukarar som kan bidra til utvikling og sjølvstende i eige liv. Målgruppa er diagnoseuavhengig og tenestene tek utgangspunkt i den enkelte sitt behov til ei kvar tid. I hovudsak yt tenesta praktisk bistand og sosial støtte. Ambulerande miljøtenester er bemanna på dag og kveld i vekedagane pluss helg.

Pleie og omsorg: Heimetenester Os, LBBS, FBBS og heimetenester

Einingane Heimetenester Os, Luranetunet bu- og behandlingssenter, Fusa bu- og behandlingssenter og heimetenester + fagstab var i starten av året samla under fagsjef og definert som fagområdet Pleie og omsorg. Som eit innsparingstiltak vart fagsjefstillinga fjerna på hausten. Før sommaren vart dessutan

einingane FBBS og Heimetenester Eikelandsosen slått saman til ei eining, så pleie- og omsorgseiningane har vore gjennom store organisatoriske endringar i 2022.

Einingane har ansvar for institusjonsbasert omsorg, dagaktivitetstilbod for eldre, heimesjukepleie og praktisk bistand.

Tilrettelagte tenester

Tilrettelagte tenester omfattar dagtilbod, avlasting og tenester i heim, bufellesskap og institusjon. 2022 er det første heile driftsåret der tilrettelagte tenester til barn, unge og vaksne er samla i ei eining.

Tenester til barn og unge

Os avlasting gjev tenester i heimen og er følgjepersonell i barnehage. Fusa avlasting gjev og tenester i heimen og i barnebustad, i tillegg til ettermiddagsavlasting i den gamle prestebustaden, og følgjer til ein viss grad tenestemottakarar i skuletid. Varafjell avlastingssenter gjev tenester i institusjon og barnebustad og følgjer mange av tenestemottakarane i skulekvardagen.

Tenester til vaksne

På Fusa-sida ligg dei to bufellesskapa Hellemyra og Torsneset, eit dagsenter og Fusa buteneste. Dagsenterdrift er knytt opp mot Torsneset bufellesskap og er ope tre dagar i veka i lokale som er leigd ved Fusa vgs.

På Os-sida er det seks bufellesskap, eit dagsenter og ei ambulerande teneste som tek i vare dei som bur i eigen bustad (utanom bufellesskap). Eit nytt bufellesskap er under planlegging, lokalisert til Søfteland.

Vi opplever ein liten auke i tildelte tenester, spesielt til tenestemottakarar som vi følgjer opp i heim utanfor bufellesskap. Hellemyra er den avdelinga som har hatt størst auke i slike oppgåver i 2022, der ein no yt tenester til fleire brukarar utanfor bufellesskapet enn i bufellesskapet.

Utvikling og utfordringar

Innleiing

Helse og velferd skal bidra til **det gode liv for alle** gjennom å tilby **treffsikre og berekraftige helse- og omsorgstenester**.

Avslutting av SIO eitt år før avtalt tid førte til store økonomiske utfordringar, og sektoren hadde ikkje sjans til å omstilla drifta fort nok. Einingane sette i verk ulike tiltak for å halda utgiftene nede, og ledige stillingar har vore underlagt stillingskontroll.

Det vart i desember 2021 inngått sentral avtale mellom KS og fleire fagforbund om utvida kompensasjon i samband med koronapandemien. Målet var å mobilisera arbeidskraft for å sikra tilstrekkeleg personell og nødvendige og forsvarlege tenester under pandemien og tilhøyrande vaksining. Avtalen omfatta kompensasjon for koronarelatert ekstra arbeid og belastningar. Avtalen førte til store meirutgifter på løn for dei fleste einingane, noko vi rekna med å få refundert. Særleg dei første månadene av året vart sterkt prega av pandemien og avtalen gjorde det lettare å få tak i vikarar. Mot slutten av året kom eit samanfall av influensa, korona og RS-virus, som ga høgt sjukefråvær og rekordmange pasientar innlagt i sjukehus.

Krigen i Ukraina medførte ein stor flyktningestraum, som dei kommunale tenestene og lokalsamfunnet gjorde ein dugnadsinnsats for å busetja og integrera. Krigen førte også til uvanleg stor prisvekst på matvarer, elektrisitet og drivstoff.

Å finna gode løysingar på fastlegekrise og å skaffa rett og nok kompetanse i dei ulike døgnkontinuerlege tenestene under ferieavviklinga vart ei mykje større utfordring i 2022 enn tidlegare.

Fagsjefstillinga vart fjerna på hausten som eit innsparingsgrep og vi har dermed ikkje lenger dette leiarnivået. Det var også andre omorganiseringar i løpet av året. Dette er skildra under dei einingane det gjeld.

Helse og velferd låg an til å få eit meirforbruk for 2022 på ca. kr 78 mill. Kommunestyret gjorde ei ekstraordinær budsjettregulering før året var omme, der sektoren vart tilført kr 78 mill. Rekneskapsavsluttinga viser difor eit mindreforbruk på knappe kr 1 mill. Driftsrammene er reelt sett overskridne med kr 77 mill. Overforbruket handlar om meirforbruk knytt til rekrutteringsutfordringar og auka brukarbehov, auka utgifter i samband med mottak av flyktningar og Covid-relaterte utgifter som staten ikkje dekkar. Dette er skildra nærare under økonomistatus.

Til budsjett og økonomiplan fekk sektoren utfordringa med å laga ein plan for å ta kontroll på det store overforbruket, og i tillegg møta nedskjæringskrav for 2023 på kr 13,5 mill. Det vart gjort avtale med PWC om å laga ein analyse og framlegg til tiltak på totalt ca. kr 100 mill. for å ta ned drifta. Utkast til rapport vart overlevert til administrasjonen rett før årsskiftet.

Mål 2022: Helse og velferd driv heilskapleg planlegging for å gjera Bjørnafjorden attraktiv som bu- og arbeidskommune

Eining psykisk helse og rus leia det tverrfaglege arbeidet med ein sektorovergripande handlingsplan for førebygging av sjølv mord i Bjørnafjorden som vart vedteken av kommunestyret i juni.

Vi har i 2022 starta arbeidet med sektorplan og med rullering av fireårig folkehelseoversikt. Vi har også starta arbeid med veteranplan, jf. planstrategien.

Sektoren har vidare leia det tverrsektorielle arbeidet med bustadsosial handlingsplan, som kjem til politisk behandling våren 2023.

Det har ikkje vore kapasitet til å laga plan for legetenester og legevakt dette året, sjølv om det var eit mål i planstrategien.

Arbeidet med ein plan for psykososialt kriseteam er starta opp.

Mål 2022: Helse og velferd satsar på å vera ein døgnopen kommune med enkle og effektive arbeidsprosessar

Digital innbyggjardialog via HelseNorge-appen var eit mål for alle aktuelle tenester i løpet av 2022, men her er det ved utgangen av året berre Varafjell og heimetenester Os som har det aktivert. Tenesta gjer at dei av brukarane våre, som også nyttar HelseNorge-appen, kan kommunisera digitalt via HelseNorge inn i journalsystemet vårt. Vi vil raskt kunna kopla på fleire einingar her i 2023.

Forvaltninga har jobba med ulikt utviklingsarbeid for å effektivisera drifta og samtidig gjera det mogleg for publikum å bruka fleire løysingar for kontakt med oss. Her kan vi nemna:

- Vi bruker Frontdesk som ein aktiv arbeidsreidskap for å følgja opp avtalar med søkjarar.
- Vi har utbetra søknadskjema for søknader om helse- og velferdstenester, både digitalt og i papirform
- Vi har tatt i bruk SvarUt-funksjonen i fagsystemet Profil

Vi er ikkje i mål med å henta ut potensialet knytt til Dips samspill, som m.a. leverer digital individuell plan. Verktøyet effektiviserer arbeidsprosessar og dialog med brukarar og vert nytta av einingar både i Helse og velferd og Oppvekst.

Eining Psykisk helse og rus har teke i bruk det digitale sjølvhjelpsverktøyet Assistert sjølvhjelp. Eininga har undersøkt moglege digitale tilbakemeldingsverktøy for å få til betre brukarmedverknad, men har ikkje midlar til å skaffa seg det.

Mål 2022: Helse og velferd arbeider for å stoppa klimaendringane og fremjar berekraftig samfunnsutvikling

Vi har nytta el-bilar og el-syklar som transportteneste der det er mogleg. Her er det ved utgangen av året meir å gå på, men vi er m.a. avhengig av ein god ladestruktur.

NAV har enno ikkje flytta inn i nye lokale, men kjem til å nå målet om å gjenbruka minst 50 % av innbu og utstyr ved innflytting til sommaren 2023.

Mål 2022: Helse og velferd bidreg til gode, trygge og inkluderande lokalsamfunn som fremjar helse, meistring og livskvalitet

Prosjektperioden for Leva heile livet-reforma er pga. pandemien utvida til 2024. Tryggleiksjukepleiar leier dette prosjektet hos oss og har i 2022 m.a. arbeidd for at reforma vert synleggjort i lokale overordna planverk. Kartleggingsteamet gjekk frå prosjekt til drift tidleg i 2022 og bidreg til helsehjelp og samanheng i tenestene, som er eit satsingsområde i reforma. Mat og måltid er eit anna satsingsområde, som i 2022 har fått fokus hos oss gjennom den nye modellen for matomsorg og i prosjekt "Spiseven". I prosjektperioden er det gjennomført 13 middagar med 20 deltakarar + frivillege på Fusasida og 22 middagar med 50-80 deltakarar + frivillege på Ossida av kommunen. Spiseven vart dessverre vart avslutta 31.12. pga. manglande midlar. Satsingsområdet aktivitet og fellesskap har vi jobba med gjennom ulike prosjekt, men også ved at det er oppretta eit lokallag av Seniornett Norge. Dei skal planleggja, organisera og gjennomføra digital opplæring til eldre. Som ein del av satsingsområdet "eit aldersvenleg samfunn" signerte kommunen i 2022 ny kontrakt med Nasjonalforeningen for folkehelse, med sikte på å skapa eit aldersvenleg samfunn.

Det psykososiale kriseteamet har tatt del i fleire kompetansehevande tiltak i løpet av året. 18 saker har vore meldt til teamet. 11 av sakene gjaldt sjølv mord eller brå/uventa dødsfall.

Vi jobba med ei heilskapleg tilnærming for å finna løysingar på dei store utfordringane i fastlegeordninga og utvikla ein tiltakspakke som har fått namnet Bjørnafjordenmodellen. Modellen vert nærare skildra seinare i rapporten.

Tilrettelagte tenester overtok ansvaret frå 1.7. frå fylkeskommunen for arbeidskøyring for brukarar med varig tilrettelagt arbeid. Løysingane er skildra seinare i årsmeldinga.

Mål 2022: Helse og velferd har trygge, friske og myndiggjorte medarbeidarar

Også helse og velferd gjennomførte medarbeidarundersøking basert på KS sitt verktøy (10-faktor) våren 2022. Svarprosenten i vår sektor var 49,2 %, dvs. at 519 medarbeidarar svarte på undersøkinga. Svarprosenten er noko låg, men dette er ikkje uventa sidan mange medarbeidarar har avgrensa tilgang til digitale verktøy og undersøkinga dessutan vart gjennomført i ein periode med særskilt høgt sjukefråvær. Resultata viser at vi ligg godt an, men litt under landsgjennomsnittet når det gjeld indre motivasjon, autonomi og relevant kompetanseutvikling.

Pandemi også i 2022 og ein lågare terskel for å halda seg heime ved luftvegssymptom har bidrege til at sjukefråværet er langt høgare enn ønskjeleg.

Eining Helsefremming og rehabilitering ved teneste Friskliv og meistring har heldt fleire kurs inn mot andre sektorar for å bidra til auka nærvær og førebyggja sjukefråvær.

Bemanningssentralen har vore i full drift og hjelpt til med å dekkja langtidsfråvær, feriar og ekstravakter i tre store einingar i 2022.

Mål 2022: Helse og velferd vil levera treffsikre tenester

Resultat på brukarundersøking og tilsyn er skildra under viktige hendingar.

Som oppfølging av rusreforma har vi etablert rådgjevande eining for russaker. Deltakarar frå Oppvekst og Helse og velferd har laga ein flyt i kvalitetssystemet for saksgang i slike saker. Vi har god dialog med politiet, men har ikkje hatt saker til oppfølging i 2022.

Å implementera velferdsteknologi er krevjande. Vi har utbreidd ein del teknologi i 2022, men tempoet og satsinga på dette området må aukast.

Vi hadde planlagt å utvida møtestaden Treffpunkt til også å gjelda andre pårørandegrupper enn berørte av kreftsjukdom. Etter møte med Oppvekst og innsikt i brukarundersøkingar dei hadde gjort, var konklusjonen at behovet no ikkje er ei slik utviding av Treffpunkt. Kreftkoordinator held difor fram med si gruppe.

I 2022 betalte vi for 130 døgn for utskrivingsklare pasientar, mot 262 døgn i 2021. Vi har dermed knapt halvparten så mange betalingsdøgn i 2022 i høve til året før.

Ved utgangen av året står fire heimebuande på venteliste til langtidsplass i sjukeheim. Åtte har søkt om plass i bufellesskap for personar med nedsett funksjonsevne, der vi vurderer at sju av desse treng denne buforma. Vi reknar med at 11 andre truleg vil søkja i løpet av dei komande tre åra. I tillegg står no 11 personar på venteliste anten til bustad eller bufellesskap i regi av eining Psykisk helse og rus.

Psykisk helse og rus koordinerer den interkommunale, tverrsektorielle oppfølginga av satsinga "Aldri alene", som er eit samarbeid med Øygarden og Bergen. Prosjektet har fokus på inkludering, openheit og bevisstgjerings kring psykisk helse, og korleis vi kan arbeida sjølvmoordsførebyggjande. I løpet av 2022 er det gjennomført gaming-arrangement, og prosjektet har laga podcast og ein film om sjølvmoordstankar. Bergen har gått ut av samarbeidet, men prosjektet vert utvida med inntil tre nye kommunar i 2023 og talet på private og ideelle aktørar aukar også.

"Heima best" er eit prosjekt som m.a. bidreg til å førebu "bo trygt hjemme"-reforma og tillitsreforma. Prosjektet skjer i samarbeid med Bergen kommune, Norce og Høgskulen på Vestlandet. Bakgrunnen for prosjektet er den stadig aukande ubalansen mellom nasjonale krav, brukarrettar, ønske, forventningar,

behov for helsetenester og tilgjengelege ressursar som personell, kompetanse og økonomi. Prosjektet har følgjeforskning og går fram til sommaren 2024.

Luranetunet starta i 2022 prosjektet "Rett kompetanse på rett plass til rett tid", og dette prosjektet er tatt inn i KS-nettverket TØRN saman med 30 andre kommunar. Vi ser på oppgåvedeling, kven gjer kva, organisering av arbeidet og gode arbeidstidsordningar. Prosjektet vil hjelpe oss til å endra drifta og handtera ei framtid med mindre tilgang til helsepersonell samstundes som at vi skal handtera auke i behova til bebuarar og pasientar.

Vi er også med i KS-prosjektet "Betre pasientflyt". Dette er eit læringsnettverk for gode pasientforlaup.

Fagstab og felles satsingar

Koordinerende eining gjennomførte ei heildagssamling for koordinatarar med tema overgangar, alt frå overgang ved oppstart i barnehage til overgang frå vidaregåande skule til arbeid. Ved utgangen av året har 214 brukarar i kommunen vedtak om individuell plan/koordinator.

Rådgjevarane har bidrege i ulike endringsarbeid i løpet av året som oppfølging av Bjørnfjorden-22. Kommuneoverlegen sitt arbeid har vore prega av nedskalering og normalisering av pandemiarbeidet. Pga. den ekstraordinære situasjonen i legevakt og legeteneste - med leiarskifte og fastlegekrise - har kommuneoverlegen måtta bidra masse inn mot dette feltet. Miljøretta helsevern har gått sin gang, men arbeidssituasjonen dei siste par åra har ført til at det er stort etterslep på andre felt som kommuneoverlegen har ansvar for.

Torgeir Sæter gjekk frå byrjinga av oktober inn som vikar for kommunalsjef Monica T. Melvold.

Avdeling Forvaltning og Koordinering og Bustadkontor

Eininga har vore med på det meste av prosjekt- og utviklingsarbeid i sektoren i året som har gått. Då vi overtok ansvaret for Profil fekk vi oppretta ei tverrfagleg ressursgruppe, slik oppfølginga av dette viktige fagsystemet er litt meir robust.

Vi ser behov for eit tettare tverrfagleg samarbeid mellom helse og oppvekst knytt til oppfølging av oppvekstreforma og likeverdsreforma og jobbar med å få på plass faste møtepunkt og representantar.

Det er utfordrande å til ei kvar tid å ha tilstrekkeleg med høvelege kommunale bustader for bustadlause og andre vanskeligstilte på bustadmarknaden. Dette gjeld også behov for nok krisebustader til ei kvar tid. Noko av dette vil kunna løysast med iverksetting av den inngått tilvisningsavtalen med Sandland Bygg. Ved utgangen av 2022 er det ingen bustader under bygging.

Vi ser elles følgjande utfordringsbilete når det gjeld størst auke i tal saker:

- Stor auke i søknader knytt til psykisk helse. Behov for fleire lågterskeltilbod.
- Auka i søknader om BPA, spesielt knytt til barn og unge.
- Fleire saker overført frå barnevern til helse enn tidlegare år.
- Kontinuerleg trykk på langtidsplassar og spesielt for brukarar med demensdiagnosar.

Vi ser elles utfordringar med å iverksetja vedtak - eller har eit manglande tilbod - i følgjande type saker:

- Manglande tilbod til barn og unge med psykisk utfordringar som gjev barnet treffsikker hjelp, samstundes som det har avlastande effekt for føresette. Dette gjeld t.d. spisevegring.
- Utfordrande å gje likeverdige dagsentertilbod for demente. Mindre tilbod på austsida av kommunen pga. utfordringar med transport.
- Kapasitetsutfordringar med å nytta velferdsteknologi ved behov for rask oppkopling, og på utlevering og montering av hjelpemiddel til heimane.
- Manglande tilbod for dei som ikkje lenger kan bu heime, men heller ikkje treng langtids plass.
- Mange blir liggjande over tid i korttidsplassar i påvente av ledige langtids plassar.
- Til tider lang venteliste på tilbod om kvardagsrehabilitering.
- Mange unge med nedsett funksjonsevne vil ha behov for bustader med døgnomsorg i åra som kjem.
- Vi treng å kjøpa 2-4 eigna bustader for einslege.
- Fleire av dei som bur i kommunale bustader er sjukare enn før og dette krev kostbar tilrettelegging av bustadene.
- Mange nyoppretta BPA-tiltak gjev kapasitetsutfordringar når det gjeld å sikra at tenesta er fagleg forsvarleg drifta.
- Manglande avlastingstilbod til unge/vaksne med nedsett funksjonsevne utover tilbodet på Varafjell avlastingssenter.

Vi tek utfordringsbiletet med oss inn i planarbeid og drift.

Legevakt og legetenester

Drifta på legevakta og i legetenester er i ferd med å normaliserast etter to år som i stor grad har vore prega av koronapandemien. Dei tilsette i tenestene har til tider hatt stort arbeidspress og mange har strekt seg langt for å halda oppe tenestetilbodet.

Til liks med resten av landet, har vi utfordringar når det gjeld fastlegedekning. Det vart sett inn svært mange tiltak for å oppretthalda legevakt og legeteneste gjennom sommaren. Legane var fleksible og løysingsorienterte, og vi lukkast i å halda legekontor og legevakt ope på begge sider av fjorden. Eikelandsosen vaktstasjon tilsette frå 15.9. tre vaktlegar i Nordsjøturnus, som tek alle legevakter på denne vaktstasjonen. Dei avlastar også fastlegetenesta i Eikelandsosen. I løpet av året etablerte vi Bjørnafjordenmodellen for fastlegar, der elementa i modellen er:

- Ekstra kommunalt basistilskot
- Ekstra årleg driftstilskot
- Moglegheit for reduserte pasientlister
- Gjenkjøpsgaranti av fastlegeheimel
- Dekking av praksisutgifter ved behov for vikar
- Oppstartsgaranti for null-heimlar
- 60 % kompensasjon ved sjukefråvær for barn under 12 år
- Fastløn for legevakt
- Insentivløn for legevakt for kommunale fastlegar

Stillinga som legevaktsjef og einingsleiar vart ståande vakant frå juni. Både einingsleiar og legevaktsoverlege er ut året konstituert, sistnemnte i 30 % stilling. Tidligere vakansar knytt til sjukeheimslegefunksjonen er ved utgangen av året løyst og ledige fastlegeheimlar er redusert til to.

Helsefremming og rehabilitering

2022 har vore det mest stabile året for eininga etter kommunesamanslåing, pandemi og diverse flyttingar. Samlokalisering av dei helsefremjande og førebyggjande tenestene i april på Osbadet ga ekstra fart til samarbeid på tvers av tenester både i og utafor eininga. Betre tilgang til store og små møterom, grupperom og treningslokale har letta arbeidet mykje. Tenestene hjelper kvarandre med personalressursar på tvers når det trengst.

Usikkerheit kring eininga si framtid og mogleg kutt i stillingar har vore ein stressfaktor dette året, og eininga har hatt relativt stor auke i sjukefråværet.

NAV

Låg arbeidsløyse har prega 2022 for NAV både lokalt og nasjonalt. Vi registrerer fleire med nedsett arbeidsevne og arbeider målretta med inkluderande rekruttering.

Det er fleire som treng økonomisk råd og rettleiing med utgangspunkt i auka levekostnader i samfunnet. Vi ser også auke i del brukarar som treng bistand til å skaffa seg bustad. Mottak av flyktningar frå Ukraina har dessutan prega drifta i 2022.

Psykisk helse og rus

Eininga hadde to kommunepsykologar i 2021. Ved overgangen til 2022 var begge stillingane vakante, og det har vore utfordrande å rekruttera nye pga. betre vilkår i f.eks. spesialisthelsetenesta. Kommunen valde å redusera tilbodet til eitt årsverk og supplera med kjøp av teneste i 20 % frå privat psykologspesialist.

Ruskonsulenten har ei brei kontaktflate og kompetansen vert godt nytta.

Det er fleire søknader om psykisk helsehjelp enn tidligare. Det vert søkt om og innvilga langt fleire tenester enn det avd. psykisk helse har kapasitet til å dekkja med sine 15,2 årsverk. På det meste har omlag 15 unike saker stått på venteliste, med inntil seks månaders ventetid. Frå oktober 2022 er ei stilling sett av til etablering av "Rask psykisk helsehjelp" og dette har i første omgang auka presset på resten av avdelinga.

Dagsenteret Kontakto hadde 74 brukar i 2022.

Avd. Bufellesskap psykisk helse opplever at nye bebuarar har meir komplekse og alvorlege utfordringsbilete enn før. Vi ser også eit høgare belegg på krisehybel enn tidligare. Sju ulike brukarar har nytta krisehybelen i løpet av året, der tidsperspektivet er frå eit par dagar til månader. Bakgrunnen for bruk av krisehybel er ulik, men gjeld i hovudsak forverring av psykisk helse, tung depresjon, livskrise eller bustadlause.

Eit innsparingstiltak gjennom Bjørnafjorden-22 var å avslutta kjøp av privat bustadtiltak og harmonisera ROP-tenesta (rusmisbruk og psykisk liding). Dette er vi i mål med. I 2022 har det vore fleire bustadløyse som kommunen ikkje har bustad til. Dette førte frå hausten av til eit overbelegg på Vartun. Vi har lukkast i å gje gode tenester til dei som er mest hjelpetrengjande, men prislappen kjem i form av destabilisering i brukargruppa. Vi treng snarast å få på plass eit differensiert bustadtilbod. Avdelingsleiar ved Vartun har leia arbeidet med ny bustadsosial handlingsplan, som vert avslutta kring årsskiftet.

Vi opplever at behovet for lågterskelinnsats er aukande. Livskvalitet har i løpet av 2022 nådd mange med lågterskeltilboda sine. I siste halvår av 2022 vart Sykkelvekstaden starta som prosjekt. Statforvaltaren løyvde midlar på seinhausten og på nyåret skal butikk/verkstad opna i Brugata 7.

Avd. ambulerande miljøtenester vart etablert i Psykisk heile og rus gjennom overføring av brukarar og personale frå Tilrettelagte tenester den 1. september 2022.

Pleie og omsorg

Frå 1.6. vart dei to einingane FBBS og heimeteneste Eikelandssosen slått saman til ei eining og på hausten vart leiarnivået fagsjef Pleie og omsorg fjerna.

Rekruttering til FBBS og særleg av sjukepleiarar har vore utfordrande i året som har gått. Vi har framleis ikkje ressursar til å auka transportkapasiteten til dagsenter, noko som gjer det vanskeleg å ta inn nye brukarar.

I dei tre første månadene av året hadde LBBS eit gjennomsnittleg sjukefråvær på 15,79 %. Februar var verst, der fleire av avdelingane hadde eit fråvær på mellom 20-30 % og ei avdeling hadde eit fråvær på 34 %! Vi ser ein tendens til auke i talet på pasientar og bebuarar med demenssjukdom og høg grad av APSD (atferdsforstyrningar og psykiske symptom ved demens). Samstundes behandlar vi meir komplekse sjukdomsbilete no enn før, og dette er ressurskrevjande. Fleire av avdelingane starta difor året med høgare bemanning enn det som er tildelt i bemanningsplan/budsjett. Ein stor del av overforbruket på løn på Luranetunet er grunna dette.

Heimetenester Os starta på hausten opp med planlegging av nye lokale til eininga og hjelpemiddellager. Arbeidet er så godt som ferdig, men det er framleis noko usikkerheit rundt logistikk for tenestebilar. Arbeidet med å ta i bruk meir velferdsteknologi fekk eit oppsving frå hausten gjennom å satsa på ei kombistilling med ansvar for velferdsteknologi og ordinære sjukepleieoppgåver. Vi har auka opp med mange fleire små, elektroniske medisindispensarar (Pilly) og det er starta opp med meir opplæring.

Prosjektet "Heima best" hadde oppstart i slutten av september og pilot startar 1. mars 2023. I samband med dette er det gjort ei brukerundersøking, som er skildra nærare under utvalde resultat. Gjennom prosjektet har vi også hospitert hos Bergen kommune og internt på tvers av fjorden. Prosjektet skal m.a. sjå på samhandling med tverrfagleg samarbeid og systematisk bruk av tavler, basert på lean-tankegang. Betre kartlegging av nye brukarar vert også ein del av prosjektet.

Samtidig med dette går også Prosjektet "Gode pasientforløp". Dette skal sikra at overgangane - som er sårbare - skal flyta betre mellom sjukehus og kommunane.

Heimetenester Os har jobba systematisk med multidose og farmasøyt vart kobla på litt før jul. Neste steg vert møte med fastlegane. Det går masse ressursar i heimetenestene til medisinerings som kunna vore løyst gjennom multidose.

Tilrettelagte tenester

Det har skjedd mykje organisatorisk i løpet av året: 2022 var første heile driftsår der tenestene til barn, unge og vaksne var samla i ei eining. Vi har arbeidd ein del med samarbeid på tvers og har brukt året til å skapa ei "vi"-oppleving i ei eining som tel omlag 200 årsverk. Vi har omorganisert slik at fire bufellesskap ikkje lenger har eigen avdelingsleiar, men i staden deler to og to avdelingar avdelingsleiar. Ambulerande miljøtenester er flytta frå Tilrettelagte tenester til eining Psykisk helse og rus.

Eininga har mykje samarbeid med NAV arbeidslivssenter. Vi har hatt tre samlingar for leiarar, verneombod og tillitsvalde for å jobba med oppfølging av sjukefråvær.

Eininga tok i juli 2022 over arbeidskøyring for brukarar som har Varig Tilrettelagt Arbeid (VTA). Denne køyringa hadde fram til då vore Vestland fylkeskommune si oppgåve. Det følgde ingen midlar med og fylket hadde nytta mange hundre tusen kroner årleg på å løysa denne oppgåva. Vi fann smarte løysingar med eigne bilar og personale, men fekk utfordringar med tenestemottakarar som bur på ei side av fjorden og arbeider på den andre sida. Her har vi sett oss nøydde til å gjera eit tenestekjøp.

Avdelingane vart tidleg utfordra på å starta arbeidet med nedtrekk i turnus. Dette har det vore jobba godt med, og vi ser innsparingar på einingsnivå.

Utvalde resultat

Avdeling Forvaltning og Koordinering og Bustadkontor

Bustadkontoret og Avdeling for forvaltning og koordinering vart slått saman frå 1. januar og i løpet av året også samlokalisert på rådhuset. Vi ser fleire fordelar ved å jobba så tett saman. Bustadkontoret har medverka til at fire leigetakarar gjekk frå leige av kommunal bustad til å eiga sin eigen bustad i 2022.

Både forvaltninga og bustadkontoret har hatt representant inn i arbeidsgruppa for utarbeiding av bustadsosial handlingsplan.

Legevakt og legetenester

Det er tilsett tre nye legar som vaktlegar i Eikelandssosen. LIS1 (tidlegare turnuslege) er utvida frå to til tre stillingar. Det har lukkast å rekruttera inn fem nye fastlegar til kommunen, ein lokalisert til Flåten legesenter, tre til Os Allmennpraksis og ein til kommunalt fastlegekontor (Moberg). Det er også rekruttert inn ein sjukeheimslege.

Helsefremming og rehabilitering

Eininga deltek i prosjekta "Heima best" og "Gode pasientforløp". Fem tilsette har fullført utdanning i kognitiv tilnærming, og vi har arrangert fagdag i kognitiv tilnærming for 40 deltakarar frå eininga, fysioterapeutar med driftstilskot og legetenesta. Eininga har hatt to faglege samlingar med eining Psykisk helse og rus for å fremja samarbeid.

Vi fekk kr 110 000 i folkehelsemidlar til utvikling av Frisklivs-tilbod, der vi har utvikla eit smertekurs og utdanna instruktør i medisinsk yoga. I samarbeid med nokre andre kommunar har Bjørnafjorden dessutan fått kr 200 000 m.a. for å halda kurs i "Kvardagsglede med golf".

Diabetessjukepleiar har hatt 50 % permisjon for å arbeida i "Helse i Hardanger", som jobbar for smartare helseløysingar. Her får m.a. pasientar med diabetes type 2 eit intensivt rehabiliteringstilbod og dette har gitt verdfull kompetanseutveksling.

Tryggleikssjukepleiar har m.a. hatt to seniortreff, bidrege til Trygg i Bjørnafjorden med 250 deltakarar, trivselstur til Kypros for seniorar, internundervisning for heimesjukepleien om fallførebygging og Friskus-seminar.


Demenskoordinator har m.a. hatt pårørandeskule og samtalegrupper for pårørande på begge sider av fjorden. Dagsenteret Øvreide gard ligg under demenskoordinator og er eit lågterskel-/førebyggjande tilbod retta mot menn med demens. 24 personar har eit tilbod her.

Kreftkoordinator har m.a. hatt stand på kjøpesentra i Eikelandssosen og Os om førebygging av hudkreft, halde meistringskurs for kreftrammar inkl. pårørande og bidrege til å fremja likemannsarbeid.


Kreftteamet har vore med på fire nettverkssamlingar i lag med to andre kommunar og representantar frå ontologisk avdeling, nevrologen og nevrokirurgen på Haukeland Universitetssjukehus. Samlingane gjev fagleg oppdatering på det siste nye innan kreftbehandling.

NAV

Figuren under viser tal ledige, som har gått kraftig ned dei siste to åra, med ein liten auke mot slutten av 2022.




I same periode opplever NAV Bjørnafjorden auke i tal brukarar med nedsett arbeidsevne, jf. figuren under. Den grønne lina viser det månadlege talet på brukarar med nedsett arbeidsevne, medan dei oransje søylene viser endring frå månad til månad.




Figuren under viser kor stor del av arbeidssøkarane i Bjørnafjorden og dei andre kommunane i regionen vår som har gått over i arbeid det siste året:

B.15 - Del av arbeidssøkarar med overgang til arbeid
Region Midthordland - Siste år



Ungdom er ei prioritert gruppe for NAV-kontoret. Figuren under viser del arbeidssøkjande unge under 30 år som har gått over i arbeid i kvar av kommunane i region Midthordland :

B.24 - Del av arbeidssøkarar under 30 år med overgang til arbeid
Region Midthordland - Siste år




Figuren under viser del unge under 30 år i arbeidsretta tiltak, kommunevis samanlikning:

Ungdom i tiltak siste 12 mnd

Tiltaksintensitet for Arbeidssøkar under 30 år

Region All - Snitt siste 12 månader



Psykisk helse og rus

Ruskonsulentene avtalte omlag 460 individuelle samtaler i 2022. Av disse var det omlag 35 % av samtalene som ikkje vart gjennomført pga. manglande frammøte. Talet på unike brukarar i løpet av året var omlag 70 og det vart gjennomført omlag 60 pårørandesamtalar.

Kommune psykologen avslutta 14 saker i 2022 og har ved årsskiftet ei venteliste på sju.

Som følge av utfordringsbiletet og stor pågang etter psykiske helsetenester starta vi hausten 2022 med å få på plass Rask Psykisk Helsehjelp (RPH). RPH er eit kortvarig behandlingstilbod til menneske over 18 år med milde til moderate symptom på depresjon, angst, søvnvanskar og begynnande rusutfordringar. RPH er basert på behandlingsforma kognitiv åtferdsterapi, og er sett saman av både gruppetilbod, sjølvhjelpsverktøy og individuell oppfølging. Behandlinga er tidsavgrensa, krev eigeninnsats og aktiv deltaking frå den enkelte. Føremålet med RPH er å utvikla betre og meir treffsikre tenester til den enkelte, og meir berekraftige tenester på lengre sikt.

Dei tilsette i ambulerande miljøtenester gjev uttrykk for at dei trivst godt i avdelinga og med arbeidsoppgåvene sine og sjukefråværet er lågt. For brukarane i einetiltaka verkar denne buforma positivt, med færre avvik, mindre utfordrande åtferd og uønskte situasjonar.

Avdeling Bufellesskap psykisk helse har styrka samarbeidet om lågterskeltilbod i lag med Livskvalitet/Vartun. Tilbodet er utvida med klatring og handball, og vi fekk midlar til etablering av ski- og sykkelverkstad. Vi har brukt eksisterande personalressursar i dette arbeidet.

Det er planlagt fast vaktordning for medlemene i psykososialt kriseteam, med oppstart januar 2023.

Pleie og omsorg

Fleire prosjekt har vore i gang og er skildra tidlegare i rapporten.

Heimetenesta i Eikelandssosen flytta inn i nyoppussa lokale på Leitet i januar. Det ga langt betre kontortilhøve og moglegheit for meir effektiv drift.

Eit viktig investeringsprosjekt var utviding og opprusting av produksjonskjøkenet ved FBBS og etablering av tillagingskjøken ved LBBS og FBBS. Produksjonskjøkenet ved FBBS var stengt nokre månader pga. byggjearbeidet. Vi fann ei smart løysing ved å flytta produksjonen mellombels til samfunnshuset i Eikelandssosen. Produksjonskjøkenet vart ferdigstilt i slutten av andre tertial og vi greidde å rekruttera fagutdanna kokkar til stillingane. Den nye modellen for matomsorg er ikkje verksam før ut på nyåret, når all logistikk er på plass.

Tilrettelagte tenester

Teneste har fasa ut bruken av bemanningsbyrå og greidd å avslutta slike tenester heilt i løpet av året. Dette til trass for at det har vore krevjande å skaffa vikarar.

Tenesta har hatt eit godt samarbeid med Norsk forbund for utviklingshemma i året som gjekk. Dette har vore kjekt og nyttig og det fremjar i større grad fram tenestemottakarane sine stemmer.

Bufellesskap på Sjøfteland er under planlegging, med planlagt byggjestart mars/april 2023.

Samarbeidet internt og med andre einingar har vore bra. Tilrettelagte tenester samarbeider spesielt tett og mykje med forvaltninga.

Ansaret for VTA-køyring vart ei ny oppgåve frå 1.7. og vi har greidd å løysa brorparten med eksisterande ressursar og bilar. For delar av transporten har vi måtta gjera eit tenestekjøp med årleg meirutgift på kr 100 000, som vi ikkje har funne dekning for. Vi vil jobba vidare med modell for denne transporten.

Viktige hendingar

Innleiing: Tilsyn og brukarundersøkingar i Helse og velferd i 2022

Tilsyn

Eining Legeteneste og legevakt hadde i august digitalt tilsyn frå Statsforvaltaren om fastlegekapasiteten. Tilsynet gjaldt:

1. Korleis kommunen kontinuerleg arbeider med rekruttering av legar, og for å behalda legar
2. Korleis Bjørnafjorden kommune sikrar at pasientane som ikkje har fastlege eller legevikar får forsvarleg oppfølging (kontroll av blodprøvesvar som ikkje har mottakar, oppfølging av epikriser utan mottakar, utskriving av naudsynte medikament, sjukemeldingar, førarkortvurderingar og uttaler til Nav).

Dette rapportert vi på den 25.8. Statsforvaltaren varsla 6-12 mnd. saksbehandlingstid, så ved utgangen av året har vi ikkje fått tilbakemeldingar.

Eining Psykisk helse og rus, avd. Vartun har hatt to tilsyn i 2022. Det første stod Arbeidstilsynet for og gjaldt HMS. Tilsynet resulterte i sju pålegg vedk. opplæring, tiltak, kartlegging og risikovurdering gjeldande arbeidsmiljøfaktorar som kan virke negativt på psykisk helse og/eller kan gje muskel- og skjelettplager. I ettertid vart alle tiltaka våre godkjende og tilsynet er lukka. Det andre tilsynet kom frå Statsforvaltaren og var knytt til enkelthending, der fokuset var opplæring av studentar i praksis. Statsforvaltaren lukka dette tilsynet etter dialog om tiltak.

Også Luranetunet bu- og behandlingssenter hadde tilsyn frå Arbeidstilsynet. I etterkant av tilsynet vart vi bedne om å ettersenda ein del dokumentasjon. Mot slutten av august kom Arbeidstilsynet sin rapport med fire pålegg:

1. Opplæring av verneombod
2. Plan for bistand av Bedriftshelsetenesta
3. Psykiske plager – kartlegging og risikovurdering
4. Psykiske plager – plan og tiltak

Tilsynet var i mars og pålegga hadde frist 31.10.22. Vi har arbeidd saman med Bedriftshelsetenesta, NAV arbeidslivssenter, HMS-rådgjevar og verneombod for å følgja opp. Dei to første pålegga er vi i mål med. Ved utgangen av året arbeider vi framleis med dei to siste pålegga, så tilsynet er framleis ikkje lukka.

Luranetunet har også hatt to tilsyn frå Statsforvaltaren i løpet av året om tenesteyting til pasientar. Begge tilsyna har bakgrunn i enkeltsaker der pårørende har klaga. Det har vore god dialog med Statsforvaltaren i handtering av tilsyna. Vi har forklart oss om hendingane, vurdert om vi har gitt forsvarlege tenester med fokus på kva kan vi læra, og kva kan vi gjera for å førebyggja liknande hendingar i framtida. Tilsyna er no lukka.

Fusa bu- og behandlingssenter inviterte sjølv Mattilsynet inn i forkant av nyopning av produksjonskjøkenet. Dette var ikkje eit tilsyn, men vi fekk gode tilbakemeldingar på utforminga av kjøkenet og råd for det vidare arbeidet.

NAV jobba våren 2022 med å følgja opp eit tilsyn Statsforvaltaren hadde i 2021 gjeldande søknader om sosialstønad til personar med forsørgjaransvar. NAV hadde fått kritikk for at grunngjeving i vedtaka i for liten grad viste korleis vi hadde vurdert og kome fram til stønadsbehov. På bakgrunn av tilsynet har vi utforma eit system for internkontroll der m.a. alle vert kalla inn til samtale der vi stiller relevante spørsmål. Her er det laga ein eigen samtalemal for å sikra lik oppfølging. I tillegg har vi laga sjekklister som sikrar at relevante tilhøve i saka er opplyst og synleggjort i vedtaka. Vi har også innført kontroll av alle vedtak av fagleiar. Statsforvaltaren konkluderte med at internkontrollen av sosialtenesta er god nok og tilsynet vart dermed avslutta.

NAV hadde dessutan tilsyn i november frå Arbeidstilsynet. Tema i tilsynet var psykososiale og organisatoriske tilhøve som kan auka risikoen for at arbeidstakarar får arbeidsrelaterte plager. Vidare fokuserte tilsynet på informasjon og opplæring, leiing og medverknad, arbeidslokale og bedriftshelseteneste.

Arbeidstilsynet ga fem pålegg, som vi ikkje rakk å lukka til årsskiftet. Pålegga gjeld:

1. Skriftleg dokumentasjon på samordning av HMS-arbeid mellom statleg og kommunal del av NAV
2. Psykososiale og organisatoriske faktorar - dokumentasjon av kartlegging og risikovurdering
3. Psykososiale og organisatoriske faktorar – oversikt over tiltak eller plan for gjennomføring tiltak
4. Vald, trugslar om vald og uheldige belastningar - kartlegging, risikovurdering, tiltak og plan
5. Bedriftshelseteneste - dokumentert plan for bistand

NAV har også gjennomført eigenvurdering i samarbeid med Statsforvaltaren av sosiale tenester til ungdom. Ingen avvik her.

Brucarundersøkingar

Det har berre vore ei brukarundersøking i Helse og velferd i 2022 og den var retta mot alle tenestemottakarar over 18 år som har heimetenester frå pleie- og omsorgseiningane. Brukarane hadde heimesjukepleie, praktisk bistand eller begge delar. 393 mottok undersøkinga og vi fekk ein akseptabel svarprosent på 46 %. Resultata vert nytta som nullpunktskartlegging i samband med prosjektet "Heima best".

Undersøkinga viser at det er god kvalitet i heimetenestene våre. Brukarane opplever å vera trygge i eigen heim og at dei vert møtt med respekt. Heimetenesta bidreg til at dei føler seg trygge i kvardagen. Heile brukarundersøkinga finn du [her](#).

Undersøkinga har gitt kunnskap om på kva område vi bør gjennomføra forbetningsarbeid. Vi ser også at vi må inkludera både brukarar og pårørande meir, slik at den enkelte kan forma sin eigen kvardag. Nokre har pårørande som stiller mykje opp, og dette er ein ressurs vi må verdsetja i større grad.

Avdeling Forvaltning og Koordinering og Bustadkontor

Endeleg avklaring knytt til oppstart av bygging av mikrohus er no gjort. Dette er ein viktig milepæl for å få etablert eit etterlengta tilbod.

Legevakt og legetenester

Einingsleiar slutta i stillinga si i juni. Stillinga har etter dette stått vakant. Rekrutteringsprosessen for einingsleiar og legevaktsoverlege er igangsett, men ved utgangen av året har vi berre mellombelse løysingar.

Frå september og ut året vart det gjennomført ein omstillingsprosess i eininga for å redusera kostnader

Helsefremming og rehabilitering

Mange av tenestene vart i april samla i nye, trivelege lokale i Osbadet.

I budsjettvedtaket vart det lagt inn premiss om å dra inn ressursar knytt til einingsleiarstillinga pga. naturleg avgang. I PWC-rapporten kom det dessutan mange framlegg om nedskjæringar i dei helsefremjande og førebyggjande tenestene, og det har vore utfordrande for dei tilsette å skjønna desse tiltaka i ei tid der eldrebefolkninga aukar.

NAV

Prosjekt nytt NAV-kontor er i gang, med venta innflytting i nye lokale juni 2023.

Vi har utvikla og teke i bruk nytt kartleggingsskjema for oppfølging av brukarar. Føremålet er å sikra påliteleg forvaltning, gode brukarmøte og større vekt på arbeidsretta oppfølging.

NAV har revidert HMS-rutinar og ROS-analyse av HMS, og revidert den lokale beredskapsplanen. Vi har også gjennomført HMS-øvingar.

Posterus, det lokale arbeidsretta gruppetiltaket for unge, vert gjennomført med fulle kurs og god overgang til arbeid eller arbeidsretta aktivitet.

Det kom ein ny, nasjonal strategi "NAV 2030". Denne pregar tenesteutforming og fokus også lokalt.

Psykisk helse og rus

Det vart tilsett 100 % sjukepleiar med vidareutdanning i kognitiv terapi og erfaring med "Rask psykisk helsehjelp" (RPH) hausten 2022. Dette har bidratt til etablering av RPH hos oss. Det er planlagt at to tilsette skal gjennomføra opplæringsprogram i RPH, og arbeida omlag 40 % kvar med RPH frå januar 2023.

Det var sett av midlar på investeringsbudsjettet til ombygging av Grantun bufellesskap. Etter at planteikningar er laga viser det seg at utbygginga ligg langt utanfor investeringsramma. I samråd med kommunalsjef er prosessen sett på vent for å vurdere nærare det framtidige bustadbehovet til personar med psykiske utfordringar.

Ruskonsulenten vart knytt til det psykososiale kriseteamet frå hausten 2022.

Psykososialt kriseteam har etablert felles rutinar med NAV for økonomisk rådgjeving ved behov.

I siste halvår av 2022 vart Sykkelverkstaden starta som prosjekt.

Pleie og omsorg

Einingane har teke del i ulike prosjektarbeid som er tidlegare nemnt. Iverksetjing av ny modell for matomsorg har stått i fokus store delar av året. Det nye produksjonskjøkenet ved FBBS opna 1. september og tillagingskjøkenet ved LBBS kom i drift rett over årsskiftet 2022/2023.

Sidan 2020 har vi hatt eit nattevaktsprosjekt på Luranetunet. Føremålet var å finna beste organiseringa og leiling av nattevakter på LBBS. I løpet av hausten 2022 vart dette avslutta som prosjekt, og vi jobbar med å etablere ei ny permanent ordning. LBBS har i 2022 også vurdert behov og nytte av å slå saman ulike avdelingar. Fleire løysingar vart vurdert, men vi landa på å slå saman to avdelingar til ei stor.

Til liks med fleire andre einingar, opplevde Heimetenester Os at det kom få søkjarar til ledige stillingar som ferievikarar. Ei løysing vart å stengja heimehjelpstenesta i ein månad for å klara å avvikla ferien til dei fast tilsette. Dette kjem til å vera ei fast ordning framover, og.

Tilrettelagte tenester

Det har vore eit år med mange organisatoriske endringar, både på einings- og avdelingsnivå.

Status økonomi

Beløp i 1000

Fagområde	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr	Avvik i %
30-Helse og Velferd - Fagstab og felles satsingar	-628 296	-63 465	-36 739	26 726	72,7 %
31-Avdeling Forvaltning og Koordinering	62 864	53 648	53 999	351	0,7 %
32-Legevakt og legetenester	69 713	76 563	67 484	-9 079	-13,5 %
33-Helsefremming og rehabilitering	28 658	27 912	28 190	278	1,0 %
34-NAV	25 384	31 711	32 043	332	1,0 %
36-Psykisk helse og rus	51 263	66 155	68 282	2 127	3,1 %
37-Pleie og omsorg	336 838	352 248	334 722	-17 526	-5,2 %
38-Tilrettelagte tenester	178 050	173 706	171 450	-2 256	-1,3 %
Sum	124 476	718 478	719 431	953	0,1 %

Kommentar til status økonomi

Oppsummering

Den økonomiske situasjonen forverra seg utover året og Helse og velferd låg i oktober-november an til å få eit meirforbruk i 2022 på 72,5 mill. I tillegg kom meirutgifter knytt til mottak av flyktningar på omlag kr 5,5 mill. Kommunestyret gjorde 15.12. gjorde vedtak om budsjettreguleringar, der sektoren vart tilført kr 78 mill. Dette gjorde sitt til at Helse og velferd ved rekneskapsavslutninga fekk eit mindreforbruk på knappe kr 1 mill. Ved utgangen av året er alle einingane i gang med ulike omstillingstiltak for å redusera driftsnivået og tilpassa tenestene til reduserte budsjetttrammer for 2023. I nær dialog med einingane leverte PWC ein rapport på tampen av året med framlegg til nedskjeringstiltak på totalt ca. 100 millionar kroner.

Kommentarane under er gjort på bakgrunn av det resultatet einingane ville fått i 2022 utan den ekstraordinære budsjettreguleringa 15.12. Kommentarane gjeld dermed det vi kan kalla det reelle resultatet i 2022 for einingane. Overforbruket handlar om auka utgifter i samband med mottak av flyktningar og Covid-relaterte utgifter som staten ikkje dekte. Overforbruket handlar også om rekrutteringsutfordringar og auka brukarbehov, og viser m.a. att på høg bruk av vikarar og andre former for variabel løn. Nærare forklaringar kjem einingsvis i den etterfølgjande teksten.

Avdeling Forvaltning og Koordinering

Meirforbruk for året er på ca. kr 12 mill. Av dette gjeld kr 10,5 mill. Brukarstyrt Personleg Assistanse (BPA), medan kr 1,5 mill. skuldast auka utgifter til støttekontakt og avlastingstilbod.

Legevakt og legetenester

Meirforbruk er på ca. kr 14 mill. Ca. 1,9 mill. skuldast udekka utgifter til covid-19. Den utfordrande legesituasjonen i kommunen har gjort det tvingande nødvendig å setja i gang tiltak for å betra situasjonen. Mesteparten av meirforbruket kjem frå desse kostbare tiltaka, t.d. nordsjøturnus, insentivordningar, vikarlegar, auka basistilskot, m.v

Helsefremming og rehabilitering

Eininga har eit lite mindreforbruk som skuldast at langtidsfråvær ikkje fullt ut har vore erstatta av vikar.

NAV

NAV heldt rammene i 2022. Dersom NAV ikkje hadde fått kompensert meirutgifter knytt til mottak av flyktningar, ville det ført til eit overforbruk på omlag kr 5 mill. pga. auka kostnader til m.a. ventestønad.

Psykisk helse og rus

Eininga hadde eit meirforbruk på ca. kr 3 mill. Meirforbruket er primært knytt til nødvendig helsehjelp til krevjande brukarar.

Pleie og omsorg

Pleie- og omsorgseiningane har eit samla meirforbruk på ca. kr 31,5 mill. i 2022. Av dette gjeld ca. 12,6 mill. kr udekka utgifter til covid. På grunn av den sterke prisveksten, har einingane også store meirutgifter knytt til drivstoff, husleige, straum og matvarer. I tillegg har mangel på vikarar med rett kompetanse gitt overtidskostnader.

Heimetenester Os hadde i starten av 2022 meirforbruk knytt til enkeltbrukar, men dette er no avvikla. Dei to bu- og behandlingssentera har hatt store praktiske utfordringar knytt til covid, med ekstremt høgt sjukefråvær, stor overtidsbruk, bruk av vikarbyrå med meir. Det er all grunn til å tru at dei reelle kostnadene knytt til pandemien langt overstig det som er merka i rekneskapen. I tillegg kjem eit reelt meirforbruk, som i stor grad er forklart ved at pasientane har hatt meir kompliserte og samansette behov enn før. Vi ser og at mangel på kvalifisert personell fører til store meirutgifter på natt (overtid og vikarbyrå).

Tilrettelagte tenester

Eininga fekk eit meirforbruk på ca. kr 12 mill. i 2022. Dette skuldast i all hovudsak nye brukarbehov med 1:1-bemannning som kom til etter at budsjettet var lagt. I tillegg fekk vi også store meirutgifter under ferieavviklinga pga. smitteutbrot i tre avdelingar og rekrutteringsvanskar. Dette gjorde at vi måtte ta i bruk den kostbare sommaravtalen for å skaffa nok vikarar.

Status målsettingar

- Vi arbeider for å stoppa klimaendringane og fremmar berekraftig samfunnsutvikling.
- Vi driv heilskapleg planlegging for å gjere Bjørnafjorden attraktiv som bu- og arbeidskommune
- Vi er ein døgnopen digital kommune med enkle og effektive arbeidsprosessar
- Vi har gode, trygge og inkluderande lokalsamfunn som fremmar helse, meistring og livskvalitet
- Vi har trygge, friske og myndiggjorte medarbeidarar
- Vi leverer treffsikre tenester

Status måltabell

Hovudmål	Mål	Indikator	Ønska resultat 2022	Oppnådd resultat	Skildring mål
Vi arbeider for å stoppa klimaendringane og fremmar berekraftig samfunnsutvikling.	Vi arbeider for å stoppa klimaendringane og fremmar berekraftig samfunnsutvikling.	Vi gjenbruker minst 50% av innbo og utstyr ved nye NAV-lokale	100,0 %	0,0 %	!
		Vi nyttar el-bilar og el-syklar som transportteneste der det er hensiktsmessig	100,0 %	80,0 %	!
Vi driv heilskapleg planlegging for å gjere Bjørnafjorden attraktiv som bu- og arbeidskommune	Vi driv heilskapleg planlegging for å gjere Bjørnafjorden attraktiv som bu- og arbeidskommune	Vi lagar bustadsosial handlingsplan	ila 2022	ila 2023	
		Vi lagar handlingsplan for førebygging av sjølv mord og oppfølging av pårørande	ila 2022	ila 2022	
		Vi lagar plan for legetenester og legevakt	ila 2022	ila 2023	
		Vi lagar sektorplan for helse og velferd	ila 2022	ila 2023	
Vi er ein døgnopen digital kommune med enkle og effektive arbeidsprosessar	Vi er ein døgnopen digital kommune med enkle og effektive arbeidsprosessar	Psykisk helse og rustenester har teke i bruk elektronisk tilbakemeldingsverktøy for brukarmedverknad	100,0 %	0,0 %	!
		Vi bruker digital individuell plan i alle aktuelle helse- og omsorgsenester	100,0 %	50,0 %	!
		Vi bruker digital innbyggjardialog i alle aktuelle tenester	100,0 %	70,0 %	!
Vi har gode, trygge og inkluderande lokalsamfunn som fremmar helse, meistring og livskvalitet	Vi har gode, trygge og inkluderande lokalsamfunn som fremmar helse, meistring og livskvalitet	Vi lagar ein plan med ulike tiltak for å rekruttera og behalda fastlegar i kommunen	ila 2022	ila 2022	
Vi har trygge, friske og myndiggjorte medarbeidarar	Vi har trygge, friske og myndiggjorte medarbeidarar	Alle medarbeidarar i NAV skal ha gjennomført Lean-opplæring på minimum nivå 1	100,0 %	100,0 %	✓
Vi leverer treffsikre tenester	Vi leverer treffsikre tenester	Rehabiliteringspasientar i institusjon har definert rehabiliteringsplan innan 48 timar	80,0 %	100,0 %	✓
		Tilsette får kompetanseheving gjennom «velferdsteknologiens ABC»	50,0	0,0	!

Årsmelding 2022

Hovudmål	Mål	Indikator	Ønska resultat 2022	Oppnådd resultat	Skildring mål
		Vi aukar bruken av elektronisk tilsyn med 69 nye brukarar	69	46	!
		Vi aukar bruken av lokaliseringsteknologi med 15 nye brukarar	15	14	⊖
		Vi deltek i treårig innovasjonsprosjekt for heimebaserte tenester og gjennomfører definerte delmål for 2022	Gjennomført	Gjennomført	
		Vi lagar rutinar og tildelingskriterie slik at velferdsteknologi er førsteval i tenestetildelinga når det er hensiktsmessig	ila 2022	ila 2022	
		Vi reduserer tal betalingsdøgn for utskrivingssklare pasientar på sjukehus med 70% i høve 2021	70,0 %	50,0 %	!
		Vi satsar på velferdsteknologi og aukar bruken av elektronisk medisineringsstøtte med 38 nye brukarar	38	36	⊖
		Vi tilbyr 25 ulike aktivitets- og kurstilbod til innbyggjarane innanfor friskliv og meistring	25	42	✓
		Vi vidarefører samarbeidet med DPS om felles FACT-team også etter prosjektperioden	Gjennomført	Gjennomført	

Kostra-analyse

	Bjørnafjorden 2021	Bjørnafjorden 2022	Kostragruppe 09	Landet uten Oslo
Prioritet				
Helse- og omsorg brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) **)	37 460	37 610	33 557	33 493
Netto driftsutg til diagnose, behandling og rehabilitering pr. innbygger (B) **)	3 425	3 319	2 914	2 857
Netto driftsutgifter per innbygger (233) annet forebyggende helsearbeid (B) **)	292	393	546	588
Produktivitet				
Brutto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp pr. mottaker (B)	33 376	42 648	55 214	56 910
Dekningsgrad				
Andel av alle brukere som har omfattende bistandsbehov (B)	32,8 %	33,2 %	29,3 %	31,1 %
Andel hjemmetj.mottakere med omfattende bistandsbehov, 80 år og over (B)	30,7 %	31,8 %	16,8 %	15,9 %
Andel innbyggere 80 år og over i bolig med heldøgns bemanning	8,2 %	8,7 %	4,5 %	3,6 %
Andel innbyggere 80 år og over som bruker hjemmetjenester (prosent)	32,5 %	28,7 %	28,1 %	27,9 %
Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon	6,7 %	6,3 %	9,2 %	10,4 %
Andelen sosialhjelpsmottakere i alderen 20-66 år, av innbyggerne 20-66 år (B)	2,3 %	2,6 %	3,6 %	3,7 %
Årsverk av fysioterapeuter pr. 10 000 innbyggere. Funksjon 241 (B)	6,9	6,6	7,7	7,7
Årsverk av leger pr. 10 000 innbyggere. Funksjon 241	8,5	11,5	10,0	9,9
Kvalitet				
Andel nyfødte med hjemmebesøk innen to uker etter hjemkomst (prosent)	70,7 %	75,8 %	90,6 %	85,6 %
Andel pasienter på liste uten lege	11,7 %	14,3 %	5,4 %	4,5 %
Sykepleiere med spes./vd. utd. Avtalte årsverk per 10 000 innbyggere (årsverk)	13,09	11,97	7,78	8,12
Årsverk av personer med videreutdanning i psykisk helseper 10 000 innbyggere (helse og sosial)	9	9	8	9
Årsverk helse og omsorg per 10 000 innbygger (årsverk)	326,7	325,3	322,5	322,0

**) Justert for utgiftsbehov

Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett		Budsjett for året	
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Rev. bud.	Rekneskap Status
Bufellesskap	21 000	2 975	6 130	2 106 Iht. plan
Grantun bufellesskap - påbygg	8 000	482	3 000	482 Ikkje vurdert
Hjelpemiddellager/base Heimetenester	38 400	1 240	1 000	945 Iht. plan
Kjøkenløysing	34 000	35 743	32 687	34 430 Ferdig
Microhus	0	25	0	25 Ikkje vurdert
Sum	101 400	40 466	42 817	37 988

Statustekst investeringar

Bufellesskap

Mindreforbruk for 2022 kjem av utføringsfasen kom først igang på slutten av året.

Oppstart byggeplass. Riving av eksisterande barnehage pågår.

Planlagt ferdig 1.kvartal 2024.

Grantun bufellesskap - påbygg

Jfr. tidlegare rapportert, avventer ny Bustad- og sosialhandlingsplan.

Hjelpemiddellager/base Heimetenester

Vedtatt bygd som nybygg ved Luranetunet i kom.styre 22.09.2022. Prosjektramme kr 59 mill.kr. Pågår arbeid med forprosjekt.

Kjøkenløysing

Sluttarbeid pågår. Mottakskjøkkenet på Luranetunet var ferdig i veke 37. Prosjektet vart vesentleg meir kostbart enn tidleg estimert (21,3 mill.kr), hovudsakleg grunna ekstra kostnad med å løysa elektro og ventilasjon ved Luranetunet, samt den generelt store kostnadsauken i denne perioden.

Microhus

Forberedende arbeid med taksering av tomt for Mikrohushus vart utført, slik at ein kunne søkje Husbanken om stønad allereie i 2022.

Samfunnsutvikling

Skildring av tenesta

I Samfunnsutvikling er det dedikerte, engasjerte og kompetente medarbeidarar innan alle fagfelt. Saksområdet er stort og komplekst med mange ulike kompetanseområde. Samfunnsutvikling inneheld Samferdsel/VA, Eigedom-drift, Brann og redning, Kultur, eigedomsforvaltning, Kart/oppmåling, Byggesak, Plan, Landbruk, Prosjekt og Innbyggarservice. I tillegg har sektoren ansvar for klima- og miljøarbeidet i kommunen. Det å ha desse tenestene samla i ein sektor gjer at vi kan samordne og ta opp felles utfordringar, og ansvarleggjere kvarandre. Sektoren må samhandle med dei andre sektorane på mange område, det kan vere bygg og anlegg dei nyttar i sine tenester, planarbeid, kultur- og fritidsaktivitetar, klima- og miljøarbeid eller anna. Eit viktig innsatsområde er å legge til rette for utvikling av gode og trygge lokalsamfunn. Dette skjer ofte i samhandling med PBU, formannskap eller andre politiske fora. Dialog og samhandling med innbyggjarar og næringsliv er og eit område som er satt i system og som er i utvikling.

Landbruk og skogbruk

Bjørnafjorden Landbrukskontor er interkommunalt landbrukskontor for kommunane Bjørnafjorden, Samnanger og Tysnes. Kommunane er landbruksstyresmakt på ei rekke oppgåver innan jordbruk, skogbruk og hagebruk med tilhøyrande næringar, samla kalla landbruk. Dette omfattar forvaltningsoppgåver der kommunane med heimel i lov og forskrift er førsteinstans for vedtak og førebuing av saker som skal avgjerast av andre organ på høgare nivå. Dette er også oppgåver som kommunen har som planstyresmakt, og utviklings-oppgåver som delvis er lovheimla og delvis ligg til den generelle utviklingsrolla som kommunen har.

Bjørnafjorden Landbrukskontor er interkommunalt landbrukskontor for kommunane Bjørnafjorden, Samnanger og Tysnes. Vi har ansvaret for ei veterinærordning og har òg ansvaret for at det vert teke omsyn til landbruksnæringa og landbruksareala i kommunane når det skal gjerast ulike tiltak.

Utviklingsrolla er i liten grad pålagd gjennom lover og regelverk, men er desto viktigare for å bidra til ei positiv utvikling i landbruket og for bygdene.

Landbrukskontoret har kryssingspunkt med fleire einingar i alle tre kommunane våre. Vi har ansvar for meir enn 20 lovar og eit mangfald av forskrifter. Vi har òg ansvar for ulike planar og strategiar. Det er opplagt at god kommunikasjon og rutinar er avgjerande for å sikre rask sakshandsaming på eit høgt nivå. Vi jobbar stadig for å forbetre samhandling på tvers.

Plan, byggesak, kart/oppmåling

Planavdeling, Byggesak og Kart/oppmåling utfører nødvendige tenester for at næringsliv, private og offentlege aktørar skal kunne realisere og utvikle eigedommar, arbeidsplassar, bustadområde og lokalsamfunn.

Prosjektavdelinga

Infrastruktur og kommunale bygningar er viktige verkøy for at Bjørnafjorden kommune skal oppretthalda ein robust og sikker tenesteleveranse. Prosjektavdelinga har stor gjennomføringsevne og kompetanse for å bidra med vidare utvikling av kommunen og gjennomføring av investeringsprosjekt.

Kultureininga

Kultureininga er i utgangspunktet organisert med tre avdelingar + stabsfunksjonar; bibliotekavdeling, kultur- og fritidsavdeling og idrett og friluftsliv. Tenesteproduksjonen har fleire lokasjonar og arbeidsplassar på begge sider av fjorden. Det er totalt 30 personar tilsett og vel 16 årsverk. Fleire er tilsett i små stillingar for å gjennomføra vaktplanar i bibliotek og klubbdrift. Kommunale tilskot til Oseana, Os idrettspark, BOF, Oselvarverkstaden og Fusa frivilligsentral er budsjettett frå kulturbudsjettet.

Brann og redningstenesta

Bjørnafjorden brann og redning er lokalisert på tre stasjoner i kommunen vår.

Hovedbrannstasjon på Os, Eikelandssosen brannstasjon og Venjanaset stasjon i samarbeid med FRAMO.

Vi har i dag 21 heiltidsinnsats og 44 deltidstilsette.

Vi har som mål og visjon at vi skal vere en brann og redningsteneste som er «synlig og tilstede» for innbyggerane i Bjørnafjorden kommune.

Vi skal yte god og effektiv hjelp for å trygge innbyggerane og næringslivet våre i forkant og under krevende hendelsar.

Brannvesenet har som hovudoppgåve å redde liv, miljø og materielle verdiar, men kanskje viktigast av alt: Drive forebyggende arbeid gjennom aktiviteter som tilsyn, oppfølging av bekymringsmeldinger, informasjonsaktiviteter, undervisning og mye mer. Samtidig er vi en servicebedrift som skal yte kvalitet overfor innbyggerane i alle våre tenester og tilbod.

Forebyggende avdeling

Forebyggende avdeling har lagt om til risikobasert boligtilsyn og feiing. Det betyr at vi går tilsyn og feier ved behov ut fra kriterier som type skorstein, ildsted, alder på bolig, alder på beboere og type byggverk.

Dette gir en prioriteringsliste for kvar seksjonen skal gjennomføre boligtilsyn.

Ut i frå at måla å forebygge brann slik at tap av liv, miljø og verdiar unngås, vil nokre boligar få tilsyn oftere og nokre sjeldnare enn tidligare. Feiertenesten er gebyrfinansiert og tradisjonelt berekna ut frå tilsyn og feiing etter faste tidsintervaller.

For at vårt tilsynspersonell skal bruke mindre tid på administrasjonsarbeid og risikokartlegging har vi implementere eit nytt fagsystem som effektiviserer tilsynsprosessen og reduserer administrasjonstiden. Målet er at innan 2024 vil alle boligar og fritidsboligar vere besøkt og risikovurdert av tilsynspersonell i nytt system.

Det nye fagsystemet tilleter oss å disponere tilsynspersonellet meir effektivt, dette blir spesielt viktig fremover då brannvesenet opplever at feiing og tilsyn ved fyringsanlegget i fritidsboliger er svært ressurs- og tidkrevjande.

Beredskapsavdelingen

Avdelingas oppgåver er innsats under brann og redningsoppdrag. I tillegg kommer annen assistanse, samt ein rekke vedlikehalds-, øvelses- og undervisningsoppgaver.

Beredskapspersonellet på fem mannskaper med ein utrykningsleiar er dagkasernert (kl. 0800-1530) på Os brannstasjon. Mellom kl. 1530- 0800 er det deltids brannkonstablar som oppretthalde beredskapen med heimevakt. Desse går i ein fire vekers turnus med dreierende vakt en uke i måneden.

I Eikelandssosen er beredskapen organisert med 4 vaktlag bestående av 3 brannkonstablar og en utrykningsleier. Vaktlagene går i en 4 vekers dreierende vakt turnus. I motsetning til Os brannstasjon er det vaktlagene som dekker beredskapen på dagtid.

Kvart av desse fire vaktlagene leias av den som er utrykningsleder og innsatsleder disse følger kvart sitt vaktlag. Overordna leielse ivaretas av innsatsleder som har Brannsjefens fullmakter.

Beredskapspersonellet skal gjennom øving og trening vedlikehalds kompetanse og ferdigheter slik at de kan yte innbyggerne i Bjørnafjorden kommune best mulig bistand.

Eigedom - drift

Eigedom-drift driftar og vedlikeheld ca 160.000m2 bygningsmasse i tillegg til alle grøntområda me rår over. Mange av oppdraga er faste oppgåver som t.d service på ventilasjonsanlegg, varmesystemer, vannbehandling, legionellakontroll, SD-styring, varmepumper, elektriske innstallasjonar, nøkkelsystemer etc. Eigne gartnarar driv med planting av blomar, trefelling og anna gartnarrelaterte oppgåver.

Samferdsel

Bjørnafjorden kommune har ansvaret for drift og vedlikehald av omlag 20 mil med kommunal veg, 48 bruer og kaiar.

Vatn og Avlaup (VA)

I Bjørnafjorden kommune har vi 5 vassbehandlingsanlegg. Eit krisevassverk som kan nyttast ved større leidningsbrot på Ossida, men det krev då at abonnentene kokar vatnet. Reservevassforsyning var eit krav som har lagt som eit krav frå Mattilsynet, no er dette løyst med samankobling av vassleidning i Endelausemarka.

Vi har på Ossida tre avlaupsreinseanleg. Ohara som er det største anlegget og Statsforvaltaren er tilsynsmynde for. Skeisleira og Søvik er to mindre reinseanlegg som kommunen sjølv er tilsynsmynde for og som etter planen skal overførast til Ohara i løpet av nokre år. Halhjem reinseanlegg er nedlagt og overført til OHARA. Det er fleire store slamavskiljere som ligg på det kommunale nettet. Vidare er det 57 stk avløpspumpestasjonar og tilhøyrande leidningsnett.

Tilsyn på privat avløp har ein ansvar for, i kommunen er det omlag 3000 mindre avløpsanlegg.

Klima, energi og miljø

Stillinga som klima- og miljøvernrådsgjevar er etablert og bemanna gjennom 2022, og denne skal koordinere, utvikle og fremje denne delen av kommunen sitt ansvarsområde. Dette blir ein stadig meir

sentral del av kommunen sitt ansvarsområde. Stillinga er sagt opp i 2023 og vil vurderast i mot pågåande omorganisering i sektoren for å redusere sårbarheten.

Innbyggarservice

Innbyggarservice blei oppretta frå august 2021 og blei organisert under Samfunnsutvikling. Oppgåver som ligg til Innbyggarservice er arkiv, utvalssekretariat, val, kommunikasjon, nettsider, publikumsmottak og sentralbord. Tilsette i Innbyggarservice skal vere pådrivarar, rådgjevarar og utfordrarar til å utvikle desse fagområda vidare med fokus på digitalt førsteval for innbyggjarane.

Alle tilsette i Innbyggarservice skal svare, forklare og ta i vare våre oppgåver på vegne av kommunen. Vi skal bidra med gode svar og løysingar som gjer folk i stand til å gjere det dei treng/ønskjer.

Utvikling og utfordringar

Planavdelinga arbeider med alle typer planar, samfunnsplanar, arealplanar, strategier og høyringer på regionale og statlege planar. I tillegg arbeider eininga med oppfølging av miljøløftet. Det er høgt arbeidspress, og fleire større planar under arbeid, så kapasitet i høve forventningar frå næringsliv, politikatar og andre er ei utfordring. I løpet av året er det rekruttert inn fagkompetanse som fører til reduserte konsulentutgifter.

Kommunen hadde ein nedgang i saker til behandling samanlikna med 2021. Dette var venteleg den lange prosessen med arealdel til kommunedelplan for Bjørnafjorden vest.

I 2022 mottok kommunen 18 nye saker til behandling. Det ble gjennomført 8 oppstartsmøter. 5. sakar ble lagt ut på høyring og offentlig ettersyn. 13 detaljreguleringsplanar ble vedtatt. 9 planendingar ble gjennomført etter forenkla prosess. 1 plansak ble stansa før oppstartsmøtet. Avgjerda ble ikkje påklaga.

Avdelinga behandla 4 klagesakar.

Kommunen la ut 2 områdeplanar til høyring og offentlig ettersyn:

- Områdeplan for Osøyro, og
- Områdeplan for Hauge

I tillegg arbeida plan med å legge til rette for innfatsparkering i Lyseparken før opning av E39, og betre busstilbod.

Kommunedelplan for bjørnafjorden vest: Motsegna til Statens vegvesen, Vestland Fylkeskommune, NVE og forsvaret ble løst gjennom administrativ dialog. I tillegg ble det gjennomført 2 meklingsmøter med Statsforvaltar i Vestland.

Partnerskap

Planeininga har deltatt og koordinert kommunen sitt arbeid i miljøløftet, vegkart til grønn konkuransekraft og boligforum.

Saman med Bjørnafjorden næringsråd har eininga også arbeida med grøn bedriftsafari.

Eininga har i løpet av året gått frå 12 til 9 årsverk i løpet av året.

Prosjektavdelinga har arbeid spesielt med system for prosjektoppfølgning, Prosjektportalen 365 har ein ilag med leverandør prøvd å få til å fungere for prosjektavdelinga utan å lukkast. Investeringsprosjekta har blitt rapportert til formannskapet anna kvar månad.

Eit framleis viktig tema er styringssystema, samt kontinuerlig styrking av prosjektavdelinga sin kompetanse på innkjøp, kontraktinngåelse og endringshandtering.

Infrakstruktur og kommunale bygningar er viktige verktøy for at Bjørnafjorden kommune skal oppretthalda ein robust og sikker tenesteleveranse. Prosjektavdelinga har stor gjennomføringsevne og kompetanse for å bidra med vidare utvikling av kommunen og gjennomføring av investeringsprosjekt. Kommunen investerer store summar i oppgradering av vegar, trygg vassforsyning og avlaupshandtering. Dette er eit kontinuerlig og langsiktig arbeid.

Byggesak sine oppgåver er å gje innbyggjarane god service og rettleiing ved byggeprosjekt, sikre at krav og reglar til utbygging som går fram av plan- og bygningslova og tilhøyrande forskrifter blir fulgt opp, og sørge for at søknadar blir behandla innan fristen.

Samanlikna med 2021, opplevde vi ein nedgang i nye saker i 2022, men det har likevel vore eit år med høg aktivitet på byggesaksavdelinga. Til tross for periodar med tilsette ute i foreldrepermisjon og sjukemeldingar, har avdelinga lukkast godt med å halde saksbehandlingsfristene, med i underkant av 10 saker som har gått over frist.

I 2022 gjorde byggesaksavdelinga over 1000 vedtak. Om lag 450 av desse var nye byggesaker, mens resten var vedtak om igangsetting, bruksløyver eller ferdigattestar.

Det er registrert totalt 8 saker som gjekk over frist. Målsettinga var mindre enn 10 saker over frist. Ein må rekne med at nokre saker vil gå over frist som følge av stort arbeidspress i perioder, og manglar i samhandlinga med andre avdelingar.

Kart-og oppmåling starta 2022 med ein viss nedgang i saksmengde. Det verka som om det var ein viss stillstand i byggebransjen og ein del prosjekt stod på vent. Saksmengda tok seg fint opp utover våren.

Saksmengda etter matrikkellova året sett under eitt var bra, og den har nå halde seg stabil over fleire år. Vi ser ei endring i sakstype. Det vert frådelt ferre eigedomar samstundes som det vert etablert fleire eigarseksjoner. Vi får også inn fleire saker med klarlegging av grenser. Desse saken er også ofte tidkrevjande å gjennomføre.

Det vart gjennomført 150 oppmålingsforretnignar av avdelinga i 2023. Det vart totalt etablert 61 nye eigedomar i kommunen som er ein del lågare en for 2021. Saksmengde og utviklinga over tid følgjer av tabell nedanfor:

	2020	2021	2022
Nye eigedomar	78	98	61
Nye seksjonar	74	84	181

Det bør også framhevast at omsetningsnivået på eigedom i kommunen er høgt. Dette merkar kart- og oppmåling godt, då vi har stor pågang frå eigedomsmeklarar og takstfolk mm. for å få ut opplysingar om eigedomar, reguleringsplanar og byggesaksopplysningar.

Eininga har store utfordringer knytta til matrikkelkartet i «gamle Fusa kommune». Mange eigedomar er ikkje registrert i kartet eller berre registrert som «sirkeleigedomar» Rapportar frå matikkelen viser at

436 eigedomar mangler heilt eller er registrert som sirkeleigedomar (har ukjent grenseforløp) . Som ein følgje av dette må ein nytte mykje tid til førebuing i kvar sak før ein kan kalle inn til forretning. Når eigedomane ikkje viser i kartet er dette også eit problem for andre einingar som td byggesak, og sakshandsaminga blir ikkje like effektiv.

Kulturfeltet er i utgangspunktet organisert med tre avdelingar + stabsfunksjonar; bibliotekavdeling, kultur- og fritidsavdeling og idrett og friluftsliv. Tenesteproduksjonen har fleire lokasjonar og arbeidsplassar på begge sider av fjorden. Det er totalt 30 personar tilsett og vel 16 årsverk. Fleire er tilsett i små stillingar for å gjennomføra vaktplanar i bibliotek og klubbdrift. Kommunale tilskot til Oseana, Os idrettspark, BOF, Oselvarverkstaden og Fusa frivilligsentral er budsjettert frå kulturbudsjettet.

Kultureininga er i stadig forming. I løpet av vinteren 2022 er det starta opp eit endringsarbeid for å gjennomgå organisering og arbeidsoppgåver i lys av endra rammer i BFJ22. Dette vart ikkje landa i løpet av 2022 og det blir viktig at dette arbeidet blir avslutta og konkludert slik at vi kan gå vidare med ei oppdatert og tenleg organisering.

Kulturarbeidet i Bjørnafjorden kommune er i ferd med å vakna opp att etter 2 år sterkt prega av pandemien. Vi ser at t.d. frivillig-sentralen har mista mange frivillige og det vil ta tid å bygga seg opp att. Starten av året var stadig prega av pandemi, m.a. fritidsklubbane. Kultureininga har hatt ei god del covid-relatert sjukdom i 2022 som har ført til press både på vikarbudsjett og tenestene.

Arbeidet med Sektorplan for kultur, idrett og friluftsliv er i ferd med ta form i eit tverrfagleg samarbeid med tilsvarande planar på andre sektorar og det overordna arbeidet med ny samfunnsplan. Planarbeidet blir viktig for å setja retning i bygging av ny kommune på kulturfeltet. Gjennom våren er det gjennomført eit arbeid både i kartlegging av friluftsliv og lokale kulturbygg som grunnlagsarbeid for kulturplanen.

Kultur har hatt ein utfordrande arbeidssituasjon over tid med langtidssjukemelde og tilsette på arbeidsavklaring gjennom heile 2022. Forventningar om levering som er nedfelt i budsjettvedtak og andre vedtak, kjennes å vera i utakt med dei personalressursar og budsjett vi har å jobba med. Reduksjon i budsjett for 2022 gjer at handlingsrommet er redusert. Frie tilskotsmidlar er sterkt reduserte og driftsmidlar for å skapa aktivitet i nærmiljøa for prioriterte grupper blir også redusert. Bok- og mediebudsjettet i biblioteket er t.d. eit av dei minste i landet, om ein samanliknar med kommunar av same storleik. Situasjonen er samla sett krevjande.

Samtidig klarer vi å ta del i ulike tverrfaglege prosjekt og få mykje ut av dei ressursane vi har, både i samarbeid inn mot andre avdelingar og sektorar, og i eit samspel med frivillig sektorar. Det handlar om at vi har god kompetanse i nøkkelroller og dedikerte medarbeidarar som ønsker å levera gode resultat. Situasjonen er likevel sårbar.

Brann og redning får fleire og fleire oppgåver og hendelser ein skal løysa, nokon gonger er vi einaste nødetat på skadestedet da de andre aktørene er fråværende grunna samtidige hendelser eller at de ikkje kan levere nok ressursar over tid.

- Ein manglar grunnleggande dokumenter for korleis tenesta skal organiserast og dimensjonerast. Manglar eks. ROS-, beredskaps- og førebyggjandeanalyse
- Det er vanskeleg å få rekruttert personell som både har kompetansen som skal til for å jobbe i brannvesenet og som bor nær nok.
- Det er eit større etterslep på kursing av tilsette og fleire tilsette mangler lovpålagt opplæring. Fremover vil det være nødvendig å intensivere kursingen av tilsette.

- Brann- og redningsvesenet har ein gammel bilpark. Dette fører med seg høge kostnader knytt til vedlikehald og nødvendige reparasjonar.
- Utfordringer for Brann og redning er at vi har stor uforutsigbarhet i forhold til antall oppdrag og hendelser som vi skal løse i løpet av året. Det er vanskelig å stipulere den totale oppdragsmengden og hva dette medfører av økonomiske konsekvenser.
- Materiell og utstyr tilknyttet brann og redning blir også satt under svært krevende belastninger, som også gjør at en har vanskelig å forutse skader og store kostnader ift service og vedlikehold.

Landbruk har kartlagt fleire område der vi ser behov for å ha meir like rutinar for at sakshandsaminga skal verte meir effektiv i alle kommunane våre. Delegeringsreglementet for handsaming av jordlova har vore ulikt praktisert i dei tre kommunane (sjå vedlagt grafikk). Det gir utfordringar i samband med å ha effektive handsamingsprosessar sidan landbrukskontoret har ansvar for både Bjørnafjorden, Samnanger og Tysnes kommune.

Landbrukskontoret har utarbeidd prosedyrar og arbeidsmetodar for handsaming av jordlovsaker som sikrar kompetent og lik vurdering av søknadene. Dei tilsette på landbrukskontoret har spisskompetanse innanfor forvaltning og bruk av arealressursar som er vesentleg for å fatte avgjerder.

Delegert mynde for handsaming av søknader etter jordlova gjev landbrukskontoret mogelegheit for å drive meir effektivt, å sikre ein meir lik og føreseieleg søkjeprosess og å levere målretta tenester til innbyggjarane.

Vi har etablert eit samarbeid mellom plan, bygg, kart/oppmåling og landbruk for å jobbe med intern prosessforbetring.

Sidan juli 2022 er Simon Wolff tilsett som ny landbrukssjef for Bjørnafjorden landbrukskontor.

I oktober byrja ei ny jurist og som hovudansvar for jordlovsakar. Juristen jobbar 50 % på landbruk og 50 % på planavdelinga.

Hydrologiske tiltak og tiltak som kan redusere ureining frå landbruket har fått høgare prioritet enn tidlegare.

Eigedom Drift vil bumerka at bygga endra seg i takt med samfunnet generelt. Datateknologien og digitaliseringen er på full frammarsj i alle nye bygg og utviklingen er at ein i mykje større utstrekning kan fjernstyre bygga uavhengig kor ein holder til.

I motsatt ende medfører det ofte større kostnader når slike ting vert defekt.

Eit av utviklingsområdene for Eigedom Drift er å fornye og digitalisere alle byggtegninger og lage ein databank for dette. Tegningsgrunnlaget er mildt sagt dårlig og treng sårt oppgradering, noko me no tar tak i.

Eit anna utviklingsområde er å installere elektroniske lås og adgangskontrollsystem på dei større bygga våre for å få ei sikrere og betre kontroll av kven som skal ha tilgang.

Eigedom Drift har gått i gang med å få på plass eit nytt FDV system for å få til ein god og sømløs arbeidsflyt mot Prosjekteininga som brukar same programleverandør. Det håpa me vil gje ein gevinst på sikt ved betre "handover" vedrørende fdv dokumentasjon som er alfa omega for drift og vedlikehold av bygga og eigedomane våre.

Utfordringane våre ligg på budsjettnivå. I den kuttprosessen kommunen no står overfor, er me nøtt til å kutte i vedlikeholdspotten og forsøke å skjerme driften av bygga. Det har vore jobba godt dei siste 10 åra for å kome jour med det utvendige vedlikehaldet. Det skal ikke gå mange år med manglende vedlikehold før bygga begynner å forfalle igjen.

Samferdsel har utfordringar med vinterdrift, det har vore ein har vinter med mykje vær. Mykje vær fører og med mykje skader på vegane våre.

Dette fører til at etterslepet vokse noko som vi ser i hovduplan veg som er utarbeida og har vore oppe til politisk handsaming. Vi hadde eit etterslep på omlag 120 millionar kroner når plana vart utarbeida.

Vi ser og ein aukande tendens til hendendingar om skade på bil etter å ha køyrd i hol på kommunale vegar, dette er konsekvensen lite midlar til vedlikehald.

Rett før nyte fekk vi og eit varsel frå BKK Nett om at det skulle opprettast omlag 200 nye abonnement på veglys. Dette vil medføre ein ekstra utgift på omlag 0,5 mill som vi ikkje var klar over i budsjettprosessen

VA. Etter krav i drikkevassforskrifta tek vi utvida prøver av vatnet fleire gonger i året. På Holmefjord fekk vi avvik på arsen i vatnet. Det vart tatt kontakt med Folkehelseinstituttet og Mattilsynet. Det vart avholdt folkemøte på Holmefjord.

Anlegg for fjerning av arsen vart bestilt og er forventa levert i februar

Vasskvaliteten i 2022 var i all hovudsak god. Det har vore eit hygienisk avvik i en rutineprøve på Sundøy (Triton). Avviket kunne ikkje bekreftas og vi antar det ikke var en reell forurensning. Det har også vore eit avvik med funn av éin koliform bakterie på Bjørnen basseng og éin koliform bakterie på Luranetunet. Omprøver var også der gode.

Innbyggarservice har frå oppstarten av eininga sommaren 2021 har Innbyggarservice drive med nedbemanning og endring av og byting på oppgåver. 2022 har vore eit krevjande år etter reduksjon med 33 % av bemanninga frå og med 1.1.2022. Oppgåvene skal løysast med vesentleg færre ressursar. I tillegg har vi hatt eit sjukefråvær på 10,9 % gjennom 2022. Eininga har vore gjennom stor omstilling, og står framleis i omstillingsprosessar.

Kommunetorget og sentralbordet

Grunna reduksjon frå 2,8 årsverk til 1 årsverk blei Kommunetorget sine opningstider redusert frå å vere oppe kvar dag frå 8-15.30 til å ha oppe måndag, tysdag, torsdag og fredag frå 10-14.

For å handtere oppgåvene til Kommunetorget, oppretta Innbyggarservice eit team for kommunetorg og kommunikasjon som samarbeider om kommunikasjons- og kommunetorgoppgåver. I samband med dette blei sentralbordet til kommunen overført til Dokumentsenteret. Sentralbordet har frå mars 2022 vore betent kvar dag frå kl. 10-14.

Våren 2022 blei store deler av Kommunetorget bygd om for å legge til rette for kafé, drifta av Asvo. Resultatet av reduserte areal og ombygging av Kommunetorget, er at kommunen har mykje mindre fleksibilitet knytt til mottak av varer, publikumsmottak, møte med publikum i eige møterom i 1. etasje og gjennomføring av mellom anna førehandsstemming.

Frå august 2022 har NAV flytta inn i Kommunetorget og deler publikumsmottak med kommunen. Før dette kom på plass, blei Kommunetorget bygd om for å tilfredsstille sikkerheitskrav til NAV sine mottak.

Mottaket til NAV på rådhuset er midlertidig og vil bli avslutta sommaren 2023. Samdrifta fungerer fint, og sikkerheita knytt til publikum er vesentleg forbetra.

Ettersom Kommunesenteret ikkje er bemanna heile dagen, har vi innført Frontdesk, som er eit booking- og besøkssystem der publikum kan kommunisere direkte med saksbehandlar og tenesteområda. Implementeringa av Frontdesk held fram og vi får fleire og fleire saksbehandlarar til å ta i bruk systemet.

Utfordringar som må løysast:

- Profesjonalisere mottak av telefonar litt meir, samstundes som vi har ein robust teneste der fleire kan utføre oppgåva.

Dokumentsenteret

Dokumentsenteret blei bemanna ned med 4 stillingar frå og med 1.1.2022. I tillegg til kraftig reduksjon i personell knytt til denne tenesta og nye oppgåver knytt til betening av sentralbord, har Dokumentsenteret hatt høgt sjukefråvær gjennom heile 2022. På bakgrunn av dette har det ikkje vore mogeleg å løyse alle oppgåver som ligg til denne tenesta, og ein del oppgåver har blitt nedprioritert. Arbeidet med digitalisering av gammalt byggesaks- og planarkiv (Fusa kommune) har og stoppa opp fordi det ikkje er ressursar (personell /økonomi) til å løyse oppgåva. På tross for dette må vi rose alle våre tilsette på Dokumentsenteret for å stå på og få hjula til å gå rundt trass i ein krevjande arbeidssituasjon.

Utfordring som må løysast:

- I dag blir sentralbordet betent av veldig mange forskjellige medarbeidarar på Dokumentsenteret. Når så mange tilsette skal rullere på ein oppgåve blir det dårlegare kvalitet på tenesta ut mot publikum. Vi må prøve å profesjonalisere telefonmottaket, samstundes som vi må sikre å ha ein robust teneste der flere kan utføre oppgåva.

Utvallssekretariatet

Utvallssekretariatet blei redusert med om lag 100 %, til 200 %, i samband med nedbemanning av Innbyggarservice. I tillegg blei 50 % av utvalssekretariatfunksjonen knytt til PBU overført til planeininga. Reduksjonen i Utvalssekretariatet går fint dersom alle er friske og raske, men det er viktig med stor fleksibilitet og godt samarbeid innan denne tenesta slik at jobben blir gjort trass i sjukdom og anna fråvær. Vi tenker difor at det må gjerast nokre grep for å gjere Utvalssekretariatet meir robust.

Utfordring som må løysast:

- Utvalssekretariatet må gjerast meir robust, slik at vi er sikre på at alle oppgåver blir handtert også om nokon er borte frå jobb.

Kommunikasjon

Kommunikasjon blei redusert med ein stilling, frå 200 %, til 100 % i samband med nedbemanninga. Samstundes gjorde vi om ein stilling i Innbyggarservice til ein stilling som jobbar med digitalt førsteval, skjemabygging og digitalisering av prosessar internt og opp mot publikum. Digitalt førsteval betyr at dei digitale sjølvbeteningsløysingane er så gode at det er den prioriterte vegen til brukar. Samarbeid mellom Innbyggarservice, tenestesektorane og HR har resultert i effektivisering av fleire arbeidsprosessar

gjennom digitale skjema. Dette arbeidet held fram. Digitale skjema og digitalisering av tenester er bra for brukaren ved at det blir raskare saksbehandling, det frigjer kapasitet i kommuneadministrasjonen ved at vi automatiserer fleire arbeidsprosessar, og kvaliteten blir betre fordi det ikkje skal gjennom fleire ledd.

Vi gjorde og om ein stilling til 50 % på kommunikasjon for å styrke fagområdet. I prinsippet har det ikkje vore ei reell reduksjon i bemanninga på kommunikasjon, men vi ser at vi manglar ressursar som tar eit spesielt eigarskap til kommunen sine nettsider. Når nettsider er den viktigaste kommunikasjonskanalen opp mot innbyggjarane, må vi bruke tid på desse. Det skal vi sjå om vi kan løyse i 2023.

Utfordring:

- Det er litt uklart kva forventningar som ligg til kommunikasjon. Dette må avklarast, og oppgåvene må riggast deretter.

Utvalde resultat

Plan

Kommuneplanens samfunnsdel blei vedteke haust 2022 som vil vere det grunnleggjande planen som kommunen skal jobba langsiktig etter. Alt planlegging og arbeid skal reflektere innhaldet i samfunnsdelen i åra som kjem.

Det blei enighet om løysing av dei generelle motsegna frå Statsforvaltaren i Vestland på arealdel til kommunedelplan for Bjørnafjorden vest. Arbeid med å fullføra planen blir vidareført i 2023.

Det blei etablert 80 plasser ved innfartsparkering i Lyseparken. Ein har sett at parkeringsplassen er aktiv bruk og kan vere medverkande årsak til at fleire tek bussen.

Byggesak

I 2022 gjorde byggesaksavdelinga over 1000 vedtak. Om lag 450 av desse var nye byggesaker, mens resten var vedtak om igangsetting, bruksløyver eller ferdigattestar.

Vi har registrert totalt 8 saker som gjekk over frist. Målsettinga var mindre enn 10 saker over frist. Ein må rekne med at nokre saker vil gå over frist som følgje av stort arbeidspress i perioder, og manglar i samhandlinga med andre avdelingar.

Kart og Oppmåling

Eininga har jobba godt med innkomne saker, og vi har hatt ei auke i saksmengde samanlikna med fjoråret (auke på 10%). Sakshandsamingstida har vore låg, men ein del saker har vorte parkert då søkjar har ville utsette gjennomføringa. Alle saker som tidlegare har vore registret som MUF (mellombels utsatt forretning) er nå ferdigstilt. Eininga har ikkje hatt uforutsette utgifter utanom fornying av måleutstyret (GPS).

Gebyrinntekter på sjølvkostområdet vart om lag som budsjettet. I 1. og 2. tertial låg vi litt etter, men vi klarte å ta dette inn igjen i 3. tertial. Eininga har også auka inntekter på kartsal og kartrelaterte produkt (meklerpakker) gjennom «kartbutikken» på heimesida. Oppdaterte ortofoto er lagt ut på kartløyvinga.

Kultureininga

2022 var det nasjonale frivilligåret som vart markert på ulikt vi gjennom året. Den store satsinga var Frivilligfestivalen på Oseana laurdag 10. september der det frivillige lagslivet mønstra på frå heile Bjørnafjorden.

I starten på året vart det fremja heile 40 søknader om spelemidlar frå søkarar i Bjørnafjorden med ein samla søknadssum på 43 mill kr. Det var jobba med fleire friluftssaker dette året, men den kanskje største gladsaka var at kommunen sikra seg ein stor strandeigedom i Sperrevik, på grensa til Bergen, som kan bli eit flott framtidig friluftsområde.

Biblioteka har hatt aukande aktivitet og utlån gjennom 2022 og hadde ope gjennom heile sommaren der Sommarles har blitt ein stor aktivitet for leseglade born. Biblioteket lanserte sin eigen litteraturfestival i oktober og fekk gode tilbakemeldingar frå publikum.

Klubbar og møteplassar kom i sving att etter to år med pandemi. Vi har fått inn ekstra stimuleringsmidlar som gjer at kommunen kunne hjelpa fram aktivitet både innan digital opplæring og gjennom tilrettelagde transportordningar i eit samarbeid med frivillig sektor og eldrerådet.

Kultureininga fekk i 2022 laga ein eigen kulturbrosjyre, som er i både digitalt- og papirformat, der dei kommunale kulturtilboda er presenterte. I samband med opning av ny E39 vart det også laga ei eiga avis som gjekk ut som bilag til BT der Bjørnafjorden vart vist fram. Begge desse tiltaka gav eit løft for synleggjering, fronta dei gode kulturtilboda og fremma bulyst.

Frivilligsentralane og kultureininga er kopla på arbeidet med å ta i mot flyktningar frå Ukraina. Ein eigen tilskotsordning for integrering i regi av lag og organisasjonar vart lyst ut med søknadsfrist 1. september og det blei fordelt 420.000 statlege kroner til 16 ulike tiltak.

Kultur har denne våren vore med å formidla 1 mill kroner i straumstøtte til meir enn 60 lokale frivillige organisasjonar. Frå 2. kvartal blei ordninga handtert av sentrale organa, men kommunen har bidrege med å få ut informasjon til lokale lag.

Brann

For at vårt tilsynspersonell skal bruke mindre tid på administrasjonsarbeid og risikokartlegging har vi besluttet å implementere eit nytt fagsystem som skal effektivisere tilsynsprosessen og redusere administrasjonstida. Målet er at innen 2024 vil alle bustader og fritidsbustader være besøkt og risikovurdert av tilsynspersonell.

Eigedom Drift

Eigedom Drift har satt i gang eit stort stort prosjekt med å digitalisere heile teigningsgrunnlaget til kommunen. Ein av våre medarbeidere har utdanna seg til BIM tekniker og skal stå for dette arbeidet.

Me har fått på plass eit nytt FDV system Dalux FM som får ringvirkningar for heile kommunen. Me håpa å få til eit eire sømløs overføring av FDV dokumentasjon frå Prosjekt til Drift. Det er ei stor oppgave i seg sjølv.

Ein god del bygg har fått på plass elektroniske låssystem Click Remote.

Vatn

Det er tre pågående avvik det vil ta lang tid å få lukket. Ved Holmefjord vba ble det påvist arsen i en reintvasssprøve i 2021, med en konsentrasjon like over grenseverdien i drikkevassforskrifta (avvik id.27). Det er også tidligare påvist arsen i vatnet, men kun i konsentrasjoner under grenseverdien. I påfølgjande undersøkingar ser det ut til at arsenkonsentrasjonene kan være over grenseverdiane i økende grad. DET vart avholet folkemøte der ein representant frå FHI, kommunelegen og ordføreren var til stade, samt personer fra Bergen Vann og Bjørnafjorden kommune. Helsevurderingane er at det ikkje er vesentlig sjanse for helsemessige konsekvensar da eksponeringstida har voe relativt begrensa. I tillegg har Bjørnafjorden kommune dekkja analysekostnader for beboere med private borebrønner. Det jobbes med å få på plass et egna vannbehandlingsanlegg som fjerner mye av arsenet i drikkevannet

Avlaup

Ohara klarar primæreinsekrava med god margin. Søvik klarer reisekrava mesteparten av året. Skeisleira ligg under ønska effekt, og det er viktig å få overført dette anlegget til OHARA. Både Søvik og Skeisleira skal overførast til OHARA innan nokre år.

Miljø og klima

Kommunedelplanen for klima, energi og miljø (KLEM) vart ferdigstilt sommaren 2021, den politiske slutthandsaminga vart gjort i løpet av hausten/vinteren og planen vart fult ut operativ på nyåret 2022. Dette er eit strategisk og handlingsretta viktig verktøy for det vidare arbeidet, og det blir viktig å rullere denne med jamne mellomrom dei neste åra. Aller viktigst blir det å gjennomføre konkrete tiltak dei neste åra.

Miljøløftet skal finansiere tiltak for å nå målet om nullvekst i personbiltrafikken i Bergensregionen. Miljøløftet skal bidra til at veksten i persontransport i avtaleområdet tas med kollektiv, sykkel og gange.

Vidare er varslings- og oppfølgingsrutinane ved akutt forureining oppdatert og kommunen si samla innsats på dette området er styrka. Likevel er det viktig å bli betre på dette feltet. Dette jobbast også vidare med i 2023 for å få endelig organisering for forureining på plass.

Vi har hatt fire utrykninger relatert til akutt forurensing og 13 oppdrag knyttet til ubetydelig forurensing i 2022. Dette er hendelser relatert til et aktivt og/eller pågående utslipp/lekkasje. Ved uhell eller ulykker hvor det oppstår utslipp av miljøskadelige stoffer skal vi handle raskt og riktig for å minimalisere negativ effekt på miljøet. BBR har utstyr og materiell for å iverksette umiddelbare tiltak for å stoppe utslippet, samt skade begrense ved å fjerne/absorbere eller isolere utslippet. Oppdragene vi aksjonerte på i 2022 var i hovedsak relaterte til utslipp til sjø/vann. Her brukte vi lenser for å absorbere og begrense omfanget av utslippet.

Vi har også vært involvert i flere forurensningssaker, men som ikke er akutt. Dette gjelder ytre miljø og forurensningsaker som omhandler brudd på løyver og vedtak som er gitt av kommunen. Det gjelder også saker om forurensning grunn, samt saker som grenser mot forurensning. Her samarbeider vi med Statsforvalteren og andre kommunale enheter som; landbrukskontoret, byggesak, Klima- og miljøvernradgjevar og jurist. Tiltak og pålegg i slike saker er ofte videre grunnundersøkelser og utredning. Saksgangen videre baserer seg på alvorlighetsgrad og grad av aktsomhet, og på bakgrunn av dette kan grunneier miste sine løyver og kan bli holdt ansvarlig for eventuelle brudd på forurensningsloven.

Innbyggarservice

I 2022 har ein i mål med ned-bemanning med 6 av stillingane i innbyggarservice. Deretter starta jobben med å rigge fagområda tilpassa den nye bemanninga. Rigging av organisasjonen er godt i gang, dette er ei stor oppgåve som tek tid og som det jobbast vidare med inn i 2023.

Landbruk

Vi har etablert ei ny nettside – bjornafjordenlandbrukskontor.no. Vi ynskjer å gjere det enklast mogeleg for innbyggjarane å finne fram til informasjon dei er på leit etter.

I 2022 har vi jobba med omstillings- og strukturarbeid internt. Målet var å få prosessane meir straumlinjeforma, for å ha færre avbrot og å redusere handsamingstida. Fokuset har vore på forbetring av digitale system (interne og eksterne) på ein måte som alle tilsette kan dra nytte av.

Landbrukskontoret har eit veldig breitt ansvarsområde. Våre kundar er privatpersonar, næringsaktørar, lag og organisasjonar. For å levere treffsikre tenester og ivareta likebehandlingsprinsippet har vi laga nye søknadsskjema som ligg tilgjengeleg på ny nettsida.

Vi har etablert fleire skjema som vert brukt i samband med dokumentasjon når vi er ute t.d. ved kontroll av skogsveganlegg, SMIL-tiltak eller ved vurdering av delingssaker.

Vi har sett opp og reviderte prosedyrar og sjekklistar for mange av våre fagfelt som vert brukt til intern kontroll.

Vi har utarbeidd ein ny hjorteviltstrategi og ein ny lokal forskrift for hjortevilt.

Landbrukskontoret har bidreg i arbeidet med kommuneplan sin samfunnsdel som vart vedteken i 2022.


I år har vi avslutta forprosjektet «100 dagar sjølvforsynt». Vi har sendt inn fleire søknader til Vestland fylkeskommune, Gjensidige og lokale fond. Samla søknadsbeløp er på om lag kr 12 millionar.

I januar har vi i møtet med landbrukskontoret si styringsgruppa kome fram til at vi ikkje går vidare med prosjektet. Grunnen for det er m.a. vi ikkje vekk støtte til alle søknader, den økonomiske situasjon og utfordringar knytt til arbeidskapasitet på landbrukskontoret.


Brann og redning

I 2022 hadde BBR 284 oppdrag/utrykninger med følgende fordeling:

Årsmelding 2022



Oversikt over brannrelaterte hendelser for 2020-2022 - trend og utvikling:



Viktige hendingar

Plan

Folkemøte i Oseana for Områdeplan for Osøyro.

Politisk behandling og vedtak om høyring og offentlig ettersyn for Områdeplan for Osøyro og områdeplan for Hauge.

Kulturfeltet

30. april vart "Dansens dag" markert med stor mønstring på torget på Osøyro med både frivillige organisasjonar og kulturskulen representert.

Kultureininga hadde ansvaret for markeringa av 8. mai og 17. mai i kommunesenteret. Hovudarrangementet på 17. mai etter prosesjon var på Oseana, både inne og ute. Det var flott vær, mykje folk og eit flott program. Det var vanskeleg å rekruttera frivillige og logistikken og gjennomføringa vart redda gjennom eit godt samarbeid mellom ulike avdelingar og tenester i kommunen.

Før sommaren vart Bjørnafjorden sine to kulturstipend på kr 20.000 kvar, delt ut til volleyballspelar Markus Mol og filmskapar Mia Ludvigsen Henriksen.

Ved skulestart hausten 2022 vart den nye idrettshallen på Nore Neset teken i bruk med kommunen som sentral leigetakar og til store glede for nærmiljøet.

Frivilligfestivalen laurdag 10. september på Oseana vart ein stor suksess med organisasjonar frå heile kommunen og aktivitet inn og ute på ein praktfull dag. Her hadde Os frivilligsentral med sin nye daglege leiar Stine Kobbeltvedt eit hovudansvar for logistikken.

TV-aksjonen i 2022 gjekk til Leger uten grenser og vart som tidlegare år koordinert av dei to frivilligsentralane. Det kom inn 1.406.065 kroner, noko som utgjør kr 55,77 per innbyggjar (kr 2,08 over landsgjennomsnittet).

Kultur hadde også ei koordinerende hand om kulturtiltak ved opninga av ny E 39 Sveгатjørn - Rådal måndag 31. oktober. I forkant arrangerte kultureininga 27. oktober ein Vegghistorisk kveld i samarbeid med Os sogelag med fullt hus i Tunet kyrkje- og kultursenter.

Oktober bydde også på feiande flott 10 + 1 års jubileum for Oseana kunst- og kultursenter med både lokale krefter og verdsnamn som Marius Neset og Leif Ove Andsnes.

Tradisjonen tru samla Torsdagsklubben medlemer, føresette og vener til julebord på Oseana i desember.

Landbruk

Landbrukskontoret har hatt i mange år stor utskifting og utfordringar grunna sjukefråvær. Det er eit viktig mål å oppnå ein stabil og føreseieleg bemanningssituasjon i løpet av 2023. Situasjonen rundt rekruttering av fagpersonar har blitt meir utfordrande dei siste åra. Bergensområdet byr på mange attraktive arbeidsplassar og den nye vegen trekkjer arbeidssøkjar meir mot Bergen enn til Tysse, Eikelandsosen eller Ugddal, dessverre. Det er krevjande å hente inn gode fagfolk.

Innbyggarservice

- Nedbemanning med 33 % av våre tilsette - 7 personar har blitt omstilt til andre jobbar og alle tilsett i Innbyggarservice har fått andre/fleire oppgåver og/eller jobbar på andre måtar.
- Kommunetorget har blitt bygd om, og store delar av areala har vore gjort om til kafé
- NAV flytta midlertidig inn i Kommunetorget
- Kommunetorget har fått redusert opningstid og er samlokalisert med NAV-mottaket frå sommaren 2022.
- Sentralbordet har fått redusert opningstid og blir handtert av Dokumentsenteret
- Vi har innført Frontdesk som er eit elektronisk besøks- og booking-system for innbyggjarane
- Vi har skjerpa fokus på digitalt førsteval, digitale skjema og digitale arbeidsprosessar gjennom å dedikere ei heil stilling til dette arbeidet.
- Arbeidet med valet 2023 er i full gang.

Status økonomi

Beløp i 1000

Fagområde	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr	Avvik i %
40-Samfunnsutvikling - Fagstab	-466	-5 337	6 159	11 496	186,7 %
41-Landbrukskontoret	2 879	3 018	2 948	-70	-2,4 %
42-Næringsavdelinga	3 912	14 546	14 435	-111	-0,8 %
43-Prosjekteininga	2 933	510	456	-55	-12,0 %
44-Plan	8 387	8 875	8 183	-692	-8,5 %
45-Byggjesak	0	0	0	0	0,0 %
46-Kart og Oppmåling	544	840	1 071	231	21,6 %
47-Kultureininga	33 616	31 903	31 130	-772	-2,5 %
48-Brann	25 584	26 979	23 750	-3 229	-13,6 %
49-Eigedom Drift	40 997	46 368	43 298	-3 070	-7,1 %
50-Samferdsle	24 439	26 337	23 425	-2 912	-12,4 %
51-Vatn	0	0	0	0	0,0 %
52-Avlaup	0	1 067	0	-1 067	0,0 %
53-Innbyggarservice	0	13 891	13 877	-14	-0,1 %
59-Kalkulatoriske postar - sjølvkost	-55 378	-75 925	-79 920	-3 995	-5,0 %
Sum	87 446	93 069	88 812	-4 257	-4,8 %

Status målsettingar

Målsetjing

Vi arbeider for å stoppa klimaendringane og fremmar berekraftig samfunnsutvikling.

Status måloppnåing

Følgjande tiltak ble gjennomført i 2022:

- Forstudie for hydrogen og andre energibæraer er ferdig (KLEM-tiltak)
- Forstudie for sykkelveg Søfteland-Byvegen er ferdig. (handlingsprogram for miljøløftet)
- Planeininga har tatt i bruk klimakalkulatoren til Miljødirektoratet for å kunne berekne effekt av enkeltplanar. (KLEM-tiltak)
- Grønn bedriftssafari ble arrangert. (KLEM-tiltak)
- Deltatt i forskingsprosjektet Veikart for grøn konkurransekraft i kommunane. (KLEM-tiltak)
- klimarisiko og -tilpassing er innarbeida i arealstrategien til kommunen. (KLEM-tiltak)

Byggjesaksavdelinga følgjer opp dei føringane som ligg i lov og reguleringsplanar, men desse spørsmåla må hovudsak løysast på lov- og plannivå.

Ved dispensasjonar kan det likevel vere fleire spørsmål som må avklarast gjennom byggesaka, og vi arbeider derfor aktivt med å ha eit godt samarbeid med andre instansar

Målsetjing

Status måloppnåing

som har betre kompetanse på slike spørsmål enn byggesaksavdelinga, som til dømes planavdelinga, Statsforvaltaren eller miljøkoordinator i kommunen.

Gjennom ulike tilskotsordningar vert tiltak som har positive effekt med tanke på klimatilpassing innan jord- og skogbruk prioritert.

Kultureininga jobbar systematisk og målretta mot klimaendringar gjennom gjenbrukskonseptet BUA. Vi meiner at det også er mykje godt klimaarbeid gjennom forvaltinga av kommunal bygningsmasse der fokus i større grad bør vera på gjenbruk enn på riving og nybygg. Det tener også vidareføring og sikring av kulturarv. Eit konkret prosjekt å visa til her er alternative plar for Fjellheim som vart jobba med i 2022.

Vi held krava i utsleppsløyve som sikrar at vi når miljømåla. Vassforskrifta set krav om at vi skal nå måla innan 2027.

Vi driv heilskapleg planlegging for å gjere Bjørnafjorden attraktiv som bustad og arbeidskommune

Vi drifter vegane sommar og vinter, leverer trygt drikkevatt. Vi held krava i utsleppsløyve.

Vi gjev råd og rettleiing, delta og organisere møte og er delaktige i utviklingsprosessar. Vi fokuserer på å styrke mangfaldet innan lokal matproduksjon for å nytte arealressursane best mogeleg samt å skape eit interessant tilbod av ulike produkt for lokalbefolkning.

Ein har hatt fokus på å rettleie folk inn på planending framfor dispensasjonar. Dette er med på å sikre meir oppdaterte planar, og ei breiare medverknad og betre grunnlag for endringa enn gjennom dispensasjonar. Det bidreg også til at ein kan få oppdatert gamle planar slik at dei svarar betre til dei krav og forventningar som stillast i dag.

Vi er ein døgnopen digital kommune med enkle og effektive arbeidsprosessar

Vi har teke i bruk frontdesk for å bestilling av møter eller bli oppringt. Vi har og fått nytt feilmeldingsystem for veg, vatn og avløp.

Vi har etablert ei ny nettside – bjornafjordenlandbrukskontor.no. Vi ynskjer å gjere det enklast mogeleg for innbyggjarane å finne fram til informasjon dei er på leit etter.

Vi har etablert eit samarbeid mellom plan, bygg, kart/oppmåling og landbruk for å jobbe med intern prosessforbetring.

Vi har etablert fleire skjema som vert brukt i samband med dokumentasjon når vi er ute t.d. ved kontroll av skogsveganlegg, SMIL-tiltak eller ved vurdering av delingsaker.

Landbrukskontoret har eit veldig bredt ansvarsområde. Våre kundar er privatpersonar, næringsaktørar, lag og organisasjonar. For å levere treffsikre tenester og ivareta likebehandlingsprinsippet har vi laga nye søknadsskjema som ligg tilgjengeleg på nettsida.

I 2022 er det blitt jobba med eit forprosjekt inn mot budsjett for 2023 for å få meirope bibliotek også Eikelandsosen. Meirope betyr at publikum kan nytta biblioteket utan at det er tilsette til stades både på kveld og helg. Kultur har også jobba målretta for å få fleire brukarar av den digitale aktivitetskalenderen friskus. Avdeling for kultur og fritid har koordinert kr 85.000 i prosjektmidlar frå E-helse Vestland for å motverka digitalt utanforskap hjå eldre. Har gått til kurs og opplæring på begge sider av fjorden i eit samarbeid med eldreråd og Seniornett Bjørnafjorden. Det er også formidla statlege prosjektmidlar til Min memoria som er digitale verktøy i eldreomsorga.

Vi har gode, trygge og inkluderande lokalsamfunn som fremmar helse, meistring og livskvalitet

Kultureininga har fleire gode lågterskel kulturtilbod og fleire av desse tenestene har hatt redusert aktivitet og dels sett på pause under pandemien. Pandemien la ein viss dempar på aktivitetsnivået i starten på 2022, særleg inn mot dei mest sårbare gruppene. Den kulturelle spaserstokken har hatt god aktivitet med ulike program på institusjonane og Kunst og demens i samarbeid med og på Oseana. Her var det også arrangert Trygg i Bjørnafjorden i oktober. Klubbane for menneske med nedsett funksjonsevne på Os og i Fusa, kom i normal drift fram mot sommaren og hadde fleire høgdepunkt i løpet av

Målsetjing

Status måloppnåing

hausten med t.d. moteoppvisning og tradisjonelt julebord på Oseana. Frivilligsentralen hadde hovudansvaret for ein vellukka Frivilligfestival i september.

Alle planarbeid har fokus på folkehelse, trafikksikkerheit og beredskap.

Vi har trygge, friske og myndiggjorte medarbeidarar

Det er gjort eit endringsarbeid på kultureininga i 2022 med mål om å få innspel til prioriteringar og organisering for å bygga ein god kulturkommune og ei god kultureining. Dei tilsette gjennom ein digikok prosess som gjekk over to dagar i januar. Det er gjennomført 10-faktor medarbeiderundersøkelse og resultatane er arbeida med atterkant på eininga. Det er etablert ei HMS-gruppe med verneombod, vara-verneombod og einingsleiar. Det har også vore fleire arbeidsmiljøtiltak på eininga i løpet av 2022 med felles personaltur til Ryvarden og månadlege felleslunsjar.

Landbrukskontoret er framleis i ein utfordrande situasjon når det gjeld bemanninga. Me er på ein god veg til å etablere eit stabilt team. Arbeidet med interne strukturar, digitale hjelpeverktøy osv. bidra positivt i denne prosessen.

Vi har gjennomført 10 faktorundersøkinga og utarbeida handlingsplan for å ta ut forbedringspotensialet.

Vi leverer treffsikre tenester

For byggesak er vi innanfor måltalla for saker som har gått over frist i 2022. Dei sakene som har gått over frist skuldast hovudsakleg stort arbeidspress i enkeltperioder, manglande tilbakemeldingar frå andre instansar, eller at nokre saker har glippa.

Saksbehandlingssystemet har ei telling på frist i kvar enkelt sak, og fungerer i hovudsak godt i enkle saker som følgjer arbeidsflyten frå start til slutt. Systemet har likevel dårleg funksjonalitet knytt til heilskapleg oversikt over kva saker som går ut på frist både på avdelingsnivå og saksbehandlarnivå. Dette gjer at vi er avhengig av at kvar enkelt saksbehandlar har særskild god oversikt over sine saker, og gjer oss sårbare både i periodar med stor saksinnangang, og i tilfelle der vi får uventa fråvær.

Som i tidlegare år kan det også vere krevjande å rekke fristen for behandling av klage dersom ein treff dårleg med møtetidspunkta i PBU. Dette er fristbrot utan konkrete økonomiske konsekvensar for avdelinga, men som vi likevel pliktar å overhalde.

Landbrukskontoret har fleire aktive spørjeundersøkingar for å evaluere arbeidet fortløpande. Slik kan me sikra effektiv og målretta rettleiing.

Kultureininga har i 2022 hatt eit særleg fokus på å få det lokale kulturlivet i gang att etter pandemien. Dette har vore mogleg gjennom ulike eksterne tilskotsordningar. I 2022 kom Bjørnafjorden med blant kommunar som fordeler statleg tilskot til tiltak for integrering av nye landsmenn i regi av frivillige organisasjonar.

Status måltabell

Hovudmål	Mål	Indikator	Ønska resultat 2022	Oppnådd resultat	Skildring mål
Vi arbeider for å stoppa klimaendringane og fremmar berekraftig samfunnsutvikling.	Vi arbeider for å stoppa klimaendringane og fremmar berekraftig samfunnsutvikling.	Andel av planar som er utforma med utgangspunkt i FN sine berekraftsmål	100,0 %	80,0 %	!
		Antal nye LED-veglys		20	!
		Antal utlån i BUA	3 000	1 889	!
Vi driv heilskapleg planlegging for å gjere Bjørnafjorden attraktiv som bu- og arbeidskommune	Vi driv heilskapleg planlegging for å gjere Bjørnafjorden attraktiv som bu- og arbeidskommune	Andel planar/strategier som er vedtatt i planstrategien som er følgt opp	100,0 %	80,0 %	!
		Tal folkemøter knytt til overordna planlegging	4	6	✓
Vi er ein døgnopen digital kommune med enkle og effektive arbeidsprosessar	Vi er ein døgnopen digital kommune med enkle og effektive arbeidsprosessar	Andel planar der det er lagt til rette for digital medverkand	80,0 %	100,0 %	✓
		Antal nye lag som brukar Friskus		100	✓
Vi har gode, trygge og inkluderande lokalsamfunn som fremmar helse, meistring og livskvalitet	Vi har gode, trygge og inkluderande lokalsamfunn som fremmar helse, meistring og livskvalitet	Antal arrangement i biblioteket	40	29	!
		Antal barn som er med på sommarles	1 200	1 258	✓
		Antal nye nærmiljøanlegg som er bygd	5	5	✓
		Antal omkomne som følge av brann (henta frå DSB sin offisielle statistikk)	0	0	
		Antal reelle kokevarsel drikkevatt		0,0	✓
		Dekningsgrad av tildelte vedtak om støttekontakt	90,0 %	91,4 %	✓
		Tal einingar som har identifisert sine arbeidsprosessar og utarbeidd flytskjema i kvalitetssystemet	90,0 %	90,0 %	–
Vi leverer treffsikre tenester	Vi leverer treffsikre tenester	Andel prosjekt kor mynde og ansvar mellom ulike nivå er tydeleg fordelt og avklart i prosjektplanlegging og gjennomføring (td. gjennom prosjektdirektiv)	90,0 %	87,0 %	–

Årsmelding 2022

Hovudmål	Mål	Indikator	Ønska resultat 2022	Oppnådd resultat	Skildring mål
		Andel reguleringsplanar handsama 1. gong med overskriden frist	10,0 %	20,0 %	!
		Andel reguleringsplanar handsama administrativt 2. gong med overskriden frist	10,0 %	0,0 %	✓
		Andel som er nøgd eller ganske nøgd ved gjennomførte spørreundersøkingar	70,0 %		Ikkje gjennomført.
		Antal byggesaker handsama med overskriden frist. Gjeld sum saker med 3 og 12 vekers frist og dispensasjonssakar	10	8	⊖
		Antal saker etter matrikkellova som ikkje vert handsama innan lovpålagt frist	0	2	

Kostra-analyse

	Bjørnafjorden 2021	Bjørnafjorden 2022	Kostragruppe 09	Landet uten Oslo
Prioritet				
Antall utrykninger: sum utrykninger til branner og andre utrykninger pr. 1000 innbyggere	11,0	10,7		16,8
Brutto driftsutgifter til samferdsel i kr per innbygger	1 494	1 669	2 002	2 093
Byggesaksbehandling og eierseksjonering brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)	344	401	400	404
Kart og oppmåling brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)	260	264	239	254
Kommunale vei er brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)	1 403	1 459	1 592	1 615
Netto driftsutgifter per innbygger (301) plansaksbehandling (B) **)	79	311	285	304

**) Justert for utgiftsbehov

Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett		Budsjett for året	
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Rev. bud.	Rekneskap Status
Avlaupsprosjekt	-	-	25 000	16 359 Ikkje vurdert
Brannstasjon Eikelandssosen - Tilbygg	25 000	25 808	0	80 Ferdig
Ferdigstilling Os Idrettspark Kuventræ	21 000	21 933	4 081	4 398 Ferdig
Innfartsparkering Lyseparken	1 143	1 144	1 143	1 144 Ferdig
Kjøp av tomter og bygg	-	-	8 000	8 793 Ikkje vurdert
Kommunal infrastruktur	-	-	7 000	9 058 Ikkje vurdert
Kommunal Veg Revsåsen	15 500	287	244	31 Ikkje vurdert
Liv i Bjørnafjorden	-	-	3 719	203 Ikkje vurdert
Lyseparken næringsområde	23 000	22 814	20 000	20 009 Ikkje vurdert
OHARA (Sentralrenseanlegg kloakk)	442 000	449 386	990	567 Ferdig
Ombygging kommunale bygg	-	-	7 000	7 797 Ikkje vurdert
Parkering i fjell	2 200	408	1 817	24 Ikkje vurdert
Parkeringsanlegg	71 000	68 777	13 726	7 878 Ferdig
Parkeringsløsning Osøyro	2 000	0	2 000	0 Ikkje vurdert
Politistasjon Moberg	72 000	70 353	5 806	1 191 Ferdig
Prosjektering utbyggingsområder	-	-	1 000	0 Ikkje vurdert
Rullande materiell	-	-	1 000	815 Ikkje vurdert
Samnøy næringsområde	6 000	3 711	3 345	1 057 Ikkje vurdert
Stallabrotvegen - utviding	8 000	8 982	6 774	7 756 Forsinket
Tiltak i trafiksikringsplan	23 000	15 930	8 000	8 362 Ikkje vurdert
VA anlegg ny vei Åsen	24 500	654	1 930	83 Ikkje vurdert
VA E-39	72 000	28 777	11 498	4 275 Ferdig
Vassprosjekt	-	-	30 000	24 440 Ikkje vurdert
Sum	808 343	718 965	164 073	124 320

Statustekst investeringar

Avlaupsprosjekt

Prosjektet med overføring av avløp frå Halhjem RA til Kuhnlevika vart ferdigstilt i 2023. Prosjektet i Landboden kom i utførelsefase i oktober, der er VA og felles kabelgrøft ferdig mellom Osbrua og Os Aktiv, arbeidet fortsetter nedover Landboden. Prosjektering pågår for bl.a. overføring avløp Solstrand - Kuhnle, fleire pumpestasjonar, mindre renseanlegg, arbeid med fjerning av asbestrøyr og utskifting av VA-nett.

Brannstasjon Eikelandssosen - Tilbygg

Sluttarbeid pågår.

Ferdigstilling Os Idrettspark Kuventræ

Prøvedrift og sluttarbeid pågår.

Innfartsparkering Lyseparken

Miljøløftsprosjekt. Det vart laga to midlertidige innfartsparkeringar i Lyseparken, klar til bruk ved opning av ny E39.

Kjøp av tomter og bygg

Posten har vært nytta til ulike kjøp av eigedom inkl. takst/juridisk oppfølging. Det største kjøpet i 2022 var Sperrevikvegen 230.

Kommunal infrastruktur

Fleire prosjekt har vært gjennomført. Dei største er for Øvre Varåsen og veg/fortau i Landboden.

Kommunal Veg Revsåsen

Følger prosjekt 7240 Ny veg Åsen.

Liv i Bjørnafjorden

Pumptrack bane i Eikelandssosen er byggjemeldt med utvida nabovarsling, avventar svar på byggjesøknad.

Vedrørende prosjekt i Steinavikjo (tilrettelegging av friluftsområde), så vert det arbeidd med grunnavtale for tilkomst til området.

Ny veg Åsen

Finansiert med fondsmidlar, jf. Kom.styresak 96/2022. Konkurransetlysing planlagt primo 2023.

OHARA (Sentralrenseanlegg kloakk)

Prosjektet avslutta. Sluttrapport er utarbeida, kjem som eige orienteringssak.

Ombygging kommunale bygg

Årsprosjekt. Posten har vært nytta til ombyggingar på kommunale bygg. Bl.a. ombygging i rådhuset med kafé til ASVO, tilrettelegging for NAV i 1. og 3. etasje, kontorer til helseforvaltning i 3. etasje. Vidare har fleire bygg fått ARX-system, samt det er gjennomført mindre prosjekter ved Kommunetunet, Luranetunet, FBBS, Fusa ungdomsskule, Nore Neset Ungdomsskule og riving av Mobergsbakken 89.

Parkering i fjell

Det har vært oppstart av Detaljplan parkering i fjell Osøyro, formål med reguleringa vil være å hjemle etablering av parkeringsanlegg i fjell med tilhørende inn- og utkøyring. Vidare tilpasse parkeringsplanen til områdeplanen, samt framtidig kollektivterminal.

Parkeringsanlegg

Prosjektramme 71 mill.kr. Sluttarbeid pågår.

Politistasjon Moberg

Sluttarbeid med reklamasjonssaker og prøvedrift har vært utført i 2022.

Rullande materiell

Det vart kjøpt inn vaktbil til teknisk vakt, samt mindre båt til Samferdsle VA.

Stallabrotvegen - utviding

Det har vært meir komplisert og omfattande arbeid med rehabilitering av VA-anlegget, bl.a. med meir sprenging i grøfter enn beskrevet. Arbeidet med oppretting og asfaltering vart stoppa av frost og tele i desember, såleis er prosjektet forsinka.

Tiltak i trafikksikringsplan

Det har vært gjennomført fleire mindre prosjekt, bl.a. Hjertesone og trafikksikkerhetsplan. Største delprosjekt har vært busslomme på Baldersheim som er ferdigstillt.

VA anlegg ny vei Åsen

Følger prosjekt 7260 Ny veg Åsen.

VA E-39

Pumpestasjoner er overlevert og ferdig utført. Sluttarbeid.

Vassprosjekt

Prosjektet med høgdebasseng St.haugen er ferdig og planlagt overtakelse er i januar 2023.

VA-anlegg i Hegglandsdalvegen, samarbeidsprosjekt med VLFK, ferdig utført. Sluttarbeid pågår.

VA Stallabrotvegen er i byggjefase og følger vegprosjektet Stallabrotvegen.

Fleire andre prosjekt er i prosjekteringsfase, bl.a. utbedring dam Steindalsvatnet, VA Hatvikvegen, forsterka vannforsyning Skjelbreid, VA Hegglandsdalen del 2, Osdalen og VA Brugata.

Bjørnafjorden 31. mars 2023



Christian Fredrik Fotland
Kommunedirektør



Ingrid Karin Kaalaas
Økonomisjef